



Breheimen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utvalg: Breheimen nasjonalparkstyre

Møtested:

Dato: 29.02.2024

Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 5/24	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 6/24	Breheimen nasjonalparkstyre - valg og konstituering - 2024 - 2027		2024/1427
ST 7/24	Breheimen nasjonalparkstyre - delegering av myndigheit til sekretariatet - 2024 - 2027		2024/1427
ST 8/24	Breheimen NP - dispensasjon - 2023 - oppføring av utedo som tilbygg til hytte - Mysubyttvatnet - Ivar Teigen		2023/15050
ST 9/24	Breheimen nasjonalpark - Utskifting av bru ved Trulsbu turisthytte - motorferdsel - snødekt mark - DNT Oslo og Omegn		2023/15640
ST 10/24	Breheimen NP - 2024 - Transport frå Sota sæter til Nørdstedalseter - DNT Oslo og Omegn		2024/2332
ST 11/24	Breheimen NP - Mørkridsdalen LVO - Vigdalen LVO - dispensasjon - motorisert ferdsel - snødekt mark - 2024 -2027 - Luster Røde Kors Hjelpekorps		2024/2428
ST 12/24	Referatsaker		
ST 13/24	Delegerte vedtak		
DS 1/24	Delegert vedtak - dispensasjon - Breheimen NP - motorferdsel - snødekt mark - transport til hytte i Lundadalen - 2024 - 2028 - Ola Lundemo		2023/13950
DS 2/24	Delegert vedtak- Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - motorbåt - Lundadalsvatnet - Ola Lundemo		2023/13951
DS 3/24	Søknad - Breheimen NP - motorbåt - Lundadalsvatnet - Elling Rakstad		2023/15468
DS 4/24	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2027 - snødekt mark - Sottjønnbu - Grønstorbu - Glitterbu - Sauhytta - Skjåk Almenning		2023/9233
DS 5/24	Delegert vedtak - dispensasjon - Breheimen NP - motorbåt - Lundadalsvatnet - Stein Magne Lundemo		2023/14849
DS 6/24	Delegert vedtak - Høyrokampen NR - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - snødekt mark - transport av materialer og byggevarer - Bøvertjønnen - Birger Eggen		2023/2107
DS 7/24	Delegert vedtak - Mysubytta LVO og Breheimen NP - 2024 - Transport av materialar og utstyr til hytte ved Surtbyttvatnet - Morten Brekkum		2024/1323
DS 8/24	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2024-2027 - Uttak av ved - Morten Brekkum		2024/1345

DS 9/24	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2027 - snødekt mark - drift av turisthytter og kvisting av skiløyper - DNT Oslo og Omegn	2024/1162
DS 10/24	Delegert vedtak - Breheimen Nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - Motorbåt - Lundadalsvatnet - Even Lundemo	2024/1475
DS 11/24	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - snødekt mark - montere solcelleanlegg - Sprongdalshytta - DNT Oslo og Omegn	2024/1349
DS 12/24	Delegert vedtak - Breheimen Nasjonalpark - Dispensasjon - 2024 - 2027 - Motorferdsel - Motorbåt - Lundadalsvatnet - Lars Lundemo	2024/1467
DS 13/24	Breheimen nasjonalpark-dispensasjon-motorferdsel- 2024-2027-snødekt mark-Gravdalen-Fivlemyrane-Hydro Energi Sogn	2023/13613
ST 14/24	Eventuelt	

ST 5/24 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /



Arkivsaksnummer: 2024/1427-2

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 22.02.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	6/24	29.02.2024

Breheimen nasjonalparkstyre - val og konstituering - 2024 - 2027

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre blir med dette konstituert for perioden 2024-2027, og vel følgjande blant styret sine faste medlemmer til styreleiar og nestleiar i nasjonalparkstyret:

1. Styreleiar for Breheimen nasjonalparkstyre er: _____
2. Nestleiar for Breheimen nasjonalparkstyre er: _____

Valet av styreleiar og nestleiar for nasjonalparkstyret er gjort i medhald av reviderte vedtekter, gjeldande frå 19. januar 2024.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Brev datert 23.01.2024 frå Miljødirektoratet – Oppnemning av medlemmer til Breheimen nasjonalparkstyre.
- Reviderte vedtekter for Breheimen nasjonalparkstyre, gjeldande frå 19.01.2024.

Saksopplysningar

Miljødirektoratet har delegert myndigheit etter naturmangfaldlova § 62 andre ledd til å bestemme at eit særskilt oppnemnd organ er forvaltningsstyresmakt for eit område verna med heimel i naturmangfaldlova kapittel V, jf. brev frå Miljøverndepartementet av 20. okt. 2015. Myndigheita omfattar og oppnemning av styremedlemmer til eksisterande styre,

eventuelt oppnemning av nye styre, fastsette vedtekter for styra og godkjenne forvaltningsknutepunkt.

Etter forslag motteke frå Luster, Lom og Skjåk kommunar, Innlandet og Vestland fylkeskommunar, og Skjåk Almenning, har Miljødirektoratet oppnemnt følgande personar til nytt styre for Breheimen nasjonalpark i perioden 2024 - 2027:

Frå Lom kommune

Rolv Enersvold vara: Mai Bakken

Frå Skjåk kommune

Edel Kveen vara: Morten Kielland

Frå Luster kommune

Marianne Bugge vara: Geir Arve Sandvik

Frå Skjåk Almenning

Kjetil Brandsar vara: Birgit Bilstad

Frå Vestland fylkeskommune

Åsta Årøen vara: Tommy Sævareid

Frå Innlandet fylkeskommune

Per-Gunnar Sveen vara: Anne Lise Fredlund

- I oppnemningsbrevet datert 23. januar 2024 oppfordrar Miljødirektoratet forvaltarane til å kalle inn til konstituerande møte snarast mogeleg. Styret vel sjølv leiar og nestleiar.
- Vedtektene opnar for at nasjonalparkstyret kan etablere eit arbeidsutval. Nasjonalparkstyret må sjølv vurdere om det skal etablerast eit arbeidsutval i Breheimen.
- I vedtektene står det at nasjonalparkstyret bør gjennomføre minst 4 møter pr. år, og elles når styreleiar bestemmer dette. Styreleiaren må kalle inn til styremøte dersom minst ein tredjedel av medlemmane ønskjer det. Nasjonalparkstyret må sjølv sette opp ein møtekalender for 2024.

Vurdering

Leiar og nestleiar

Saka vert lagt fram utan vurdering og utan innstilling på styreleiar- og nestleiarvervet frå sekretariatet. Tidlegare har følgande personar vore styreleiar og nestleiar:

- I styreperioden 2020 – 2023 sat Marit Aakre Tennø frå Luster kommune som leiar fram til mars 2022. Edel Kveen frå Skjåk kommune overtok rolla som styreleiar resten av perioden. Jo Trygve Lyngved frå Skjåk Almenning sat som nestleiar.
- I styreperioden 2016 – 2019 sat Marit Aakre Tennø frå Luster kommune som leiar og Anne-Lise Marstein frå Lom kommune som nestleiar.
- I styreperioden 2012 – 2015 sat Rolf Kristen Øygard frå Skjåk kommune som leiar og Ivar Kvalen frå Luster kommune som nestleiar.
- I styreperioden 2011 sat Rolf Kristen Øygard frå Skjåk kommune som leiar og Torodd Urnes frå Luster kommune som nestleiar.

Arbeidsutval

Sekretariatet meiner at det ikkje er nødvendig å etablere eit arbeidsutval i Breheimen nasjonalparkstyre. Bakgrunnen for dette er at styret består av forholdsvis fåe personar i utgangspunktet, og at mange av sakene i Breheimen nasjonalpark med tilliggjande verneområde er delegert til sekretariatet. Eit arbeidsutval var ofte meir nødvendig i tida før nasjonalparkstyra hadde anledning til å delegere myndigheit til sekretariatet. Dersom nasjonalparkstyret likevel ønskjer å oppnemne eit arbeidsutval står styret fritt til å innlemme dette i vedtaket om konstituering, eventuelt kan sekretariatet forberede ei sak til neste styremøte.

Breheimen nasjonalparkstyre
Postboks 987
2626 LILLEHAMMER

Trondheim, 23.01.2024

Dykkar ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2023/7797

Sakshandsamar:
Ingrid Vaagland Stav

Oppnemning av medlemmer til Breheimen nasjonalparkstyre

Miljødirektoratet har delegert mynde etter naturmangfoldlova § 62 andre ledd tredje punktum til å bestemme at eit særskilt oppnemnd organ er forvaltningsstyresmakt for eit område verna med heimel i naturmangfoldlova kapittel V, jf. forskrift av 8. januar 2021 nr. 65 om delegering av myndighet etter naturmangfoldloven og forskrift 12. januar 2021 nr. 82 om delegering av myndighet etter naturmangfoldloven fra Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet.

Myndet omfattar også revidering av vedtektene til nasjonalpark-/verneområdestyra og instruksen til forvaltarane.

Etter forslag mottatt frå kommunar og fylkeskommunar, og i samsvar med likestillings- og diskrimineringslova § 28, oppnemner Miljødirektoratet følgende personar til Breheimen nasjonalparkstyre for perioden 2024-2027:

Frå Lom kommune:

Rolv Enersvold

Personleg vara: Mai Bakken

Frå Skjåk kommune:

Edel Kveen

Personleg vara: Morten Kielland

Frå Luster kommune:

Marianne Bugge

Personleg vara: Geir Arve Sandvik

Frå Skjåk almenning:

Kjetil Brandsar

Personleg vara: Birgit Bilstad

Frå Innlandet fylkeskommune:

Per-Gunnar Sveen

Personleg vara: Anne Lise Fredlund

Frå Vestland fylkeskommune:

Åsta Årøen

Personleg vara: Tommy Sævareid

Oppnemninga gjeld også for 2028 inntil nytt styre er utnemnt.

Forvaltar orienterer dei valde medlemmene og kallar inn til konstituerande møte så snart råd er. Styret vel sjølv leiar og nestleiar.

Vedlagt dette brevet finst også oppdaterte vedtekter for styret fastsett av Miljødirektoratet 19.01.2024 som gir føresegner om styrets mynde og oppgåvene til styret. Vedtektene er felles for alle nasjonalpark- og verneområdestyrar.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Terje Qvam
seksjonsleder

Ingrid Vaagland Stav
seniorrådgiver

Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyrer oppnevnt i medhold av naturmangfoldloven § 62

Fastsatt av Miljødirektoratet 19.01.2024 med hjemmel i lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 62 annet ledd tredje punktum, jf. delegeringsvedtak 8. januar 2021 nr. 65 og 15. januar 2021 nr. 82

1. Vedtektenes formål

Formålet med vedtektene er å gi bestemmelser om oppnevning av nasjonalpark- og verneområdestyret, og om styrets og nasjonalpark- /verneområdeforvalters myndighet og oppgaver.

Vedtektene skal videre legge til rette for en helhetlig og kunnskapsbasert forvaltning av verneområdene som forvaltes av nasjonalpark-/verneområdestyret i samsvar med verneformålet og i tråd med nasjonale mål og internasjonale forpliktelser.

2. Oppnevning og sammensetning av nasjonalpark- og verneområdestyrer

Nasjonalpark-/verneområdestyret oppnevnes av Miljødirektoratet etter innstilling fra berørte kommuner, fylkesting og Sameting.

Oppnevningsperioden for medlemmene i styret følger valgperioden for henholdsvis kommunestyrene, fylkestingene og Sametinget. Sammensetningen av nasjonalpark-/verneområdestyret skal følge kravene til kjønnsfordeling i likestillingsloven § 28.

Hver kommune skal være representert med ett medlem og innstiller en kvinne og en mann blant kommunestyrets medlemmer. Hver fylkeskommune skal være representert med ett medlem fra fylkestinget/fylkesrådet, og innstiller en kvinne og en mann blant fylkestingets/fylkesrådets medlemmer.

Medlemmene skal ha personlige varamedlemmer som møter når det faste medlemmet har forfall.

Nasjonalpark-/verneområdestyret velger selv sin leder og nestleder.

3. Nasjonalpark-/verneområdestyrets myndighet

Nasjonalpark-/verneområdestyret har følgende myndighet etter naturmangfoldloven:

- forvaltningsmyndighet etter verneforskrifter
- myndighet til å gi dispensasjon fra verneforskriftene med hjemmel i verneforskriftens dispensasjonsbestemmelser og naturmangfoldloven § 48
- myndighet til å utføre skjøtsel i verneområdene etter naturmangfoldloven § 47
- håndheving etter naturmangfoldloven §§ 69 – 72 og § 73.

Utøving av myndigheten skal skje i samsvar med naturmangfoldloven, herunder alminnelig bestemmelser om bærekraftig bruk i lovens kapittel 2.

Alle medlemmene i nasjonalpark-/verneområdestyret har et felles ansvar for en helhetlig forvaltning av verneområdene hvor ivaretagelse av verneverdiene og verneformålet er hovedoppgaven. Medlemmene av nasjonalpark-/verneområdestyret skal forvalte verneområdene i samsvar med internasjonale forpliktelser, naturmangfoldloven og verneforskriftene for det enkelte verneområde.

Nasjonalpark-/verneområdestyret er en juridisk person med myndighet til å inngå avtaler og påta seg forpliktelser innenfor de økonomiske rammene styret disponerer.

Forvaltningsknutepunkt for verneområdet(ene) fastsettes av Miljødirektoratet.

4. Nasjonalpark-/verneområdestyrets sekretariat

Nasjonalpark-/verneområdestyret skal ha et sekretariat som består av en eller flere nasjonalpark-/verneområdeforvaltere.

Nasjonalpark-/verneområdeforvalter(e) ansettes av Statsforvalteren.

Ansettelsen skjer etter egen instruks for ansettelse av nasjonalpark-/verneområdeforvalter utarbeidet av Klima- og miljødepartementet, og i dialog med styret.

Nasjonalpark-/verneområdeforvalteren er underlagt styret i forvaltningen av verneområdet.

Statsforvalteren har personal- og administrativt ansvar for nasjonalpark-/verneområdeforvalteren. Ved permisjon, langtidsfravær, eller der forvalter varsler om fratredelse fra sin stilling, skal Statsforvalteren i dialog med styret komme til enighet om hvordan forvalters arbeidsoppgaver skal løses inntil forvalter er tilbake, eller ny forvalter er ansatt.

Nasjonalpark-/verneområdestyret disponerer forvalterens arbeidstid.

5. Om møtene i nasjonalpark-/verneområdestyret

Kommuneloven kap. 11 om saksbehandlingen i folkevalgte organer kommer til anvendelse så langt de passer, med de tilpasninger som er fastsatt i disse vedtektene. Kommuneloven kap. 8 §§ 8-1 og 8-2 gjelder tilsvarende.

Nasjonalpark-/verneområdestyret bør tre sammen minst fire ganger hvert år og ellers når lederen bestemmer. Lederen plikter å kalle inn dersom minst en tredel av medlemmene ønsker det.

Innkalling til møte i nasjonalpark-/verneområdestyret skal varsles senest 2 uker før møtet. Endelig innkalling med saksdokumentene sendes senest 1 uke før møtet. Nasjonalpark-/verneområdestyret avgjør selv om det vil ta opp eventuelle saker som ettersendes senere enn dette.

Det føres protokoll fra møtene. Protokollen underskrives av styreleder og ett medlem som velges ved møtets begynnelse. Eventuelle protokolltilførsler må fremsettes i møtet.

Forvalters tilråding til vedtak skal fremgå av møteprotokollen.

For at nasjonalpark-/verneområdestyret skal være beslutningsdyktig må minimum halvparten av representantene være til stede. Vedtak fattes ved flertallsbeslutninger. Ved stemmelikhet har lederen dobbeltstemme.

6. Nasjonalpark-/verneområdestyret oppgaver

Nasjonalpark-/verneområdestyret har følgende oppgaver:

6.1. Behandle søknader

Nasjonalpark-/verneområdestyret skal behandle søknader og treffe vedtak etter verneforskriftene eller etter naturmangfoldloven § 48, jf. § 77 annet punktum, i tråd med forvaltningsloven og naturmangfoldlovens bestemmelser.

Vedtak etter verneforskrifter og naturmangfoldloven § 48 som nasjonalpark-/verneområdestyret, forvalter eller arbeidsutvalget fatter, skal registreres i Miljøvedtaksregisteret innen tre virkedager, jf. forskrift om Miljøvedtaksregisteret § 3. Vedtak som gjelder håndheving (retting, tvangsmulkt mv) etter naturmangfoldlovens kap. IX skal ikke registreres i Miljøvedtaksregisteret.

Alle vedtak fattet av nasjonalpark-/verneområdestyret, forvalter eller arbeidsutvalget skal sendes i kopi til Statsforvalteren.

6.2 Forberedende klagesaksbehandling

Nasjonalpark-/verneområdestyret skal behandle klager på sine vedtak som forberedende klageinstans etter forvaltningslovens bestemmelser. Nasjonalpark-/verneområdestyret skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Dersom

nasjonalpark-/verneområdestyret ikke finner grunn til å endre vedtaket som følge av klagen, skal saken oversendes klageinstansen.

Miljødirektoratet er klageinstans for vedtakene som fattes av styret, eller av forvalter og arbeidsutvalg på vegne av nasjonalpark-/verneområdestyret.

Når det klages på vedtak truffet av nasjonalpark-/verneområdestyret, må forberedende klagebehandling skje i nasjonalpark-/verneområdestyret før saken eventuelt endes over til Miljødirektoratet som klageinstans. Også for vedtak truffet av arbeidsutvalget eller forvalter etter delegert myndighet, skal forberedende klagebehandling skje i nasjonalpark-/verneområdestyret.

Ved oversendelse av klagen til Miljødirektoratet skal nasjonalpark-/verneområdestyret fremstille saken på en oversiktlig måte og tilrettelegge grunnlaget for klageinstansens behandling. Kopi av alle sakens dokumenter skal vedlegges (kronologisk). Dersom forvalters innstilling fraviker nasjonalpark-/verneområdestyrets vedtak, skal dette fremgå av saksfremstillingen og møteprotokollen.

6.3 Delegere myndighet til forvalter

Nasjonalpark-/verneområdestyret kan gi forvalteren myndighet til å treffe vedtak og beslutninger i følgende sakstyper på vegne av styret:

1. Behandle søknader om ferdsel og om motorferdsel etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser.
2. Behandle søknader etter verneforskriftenes øvrige spesifiserte dispensasjonsbestemmelser og etter naturmangfoldloven § 48:
 - a) når vedtaket innebærer fornying av tidligere dispensasjon som er gitt av nasjonalpark-/verneområdestyret eller arbeidsutvalget dersom forutsetningene for tillatelsen er tilnærmet uendret,
 - b) når det foreligger en etablert forvaltningspraksis fra saker behandlet av nasjonalpark-/verneområdestyret eller arbeidsutvalget i tilsvarende saker og
 - c) når forvaltningsplan gir entydige føringer for utfallet av søknadsbehandlingen.
3. Treffe vedtak i samråd med styreleder når en sak haster fordi det er fare for skade eller annen negativ påvirkning på verneverdiene, for eksempel stans av ulovlig forhold, pålegg om retting eller direkte gjennomføring.
4. Behandle søknader om, eller på eget tiltak, endre frister som er fastsatt av nasjonalpark-/verneområdestyret.
5. Gi utsettelse av klagefrist etter forvaltningsloven § 29 fjerde ledd.
6. Treffe beslutning om utsatt iverksettelse etter forvaltningsloven § 42.

7. Beslutte oversendelse av saker til Miljødirektoratet med anbefaling om å ilegge overtredelsesgebyr.

Beslutningen om å delegere myndighet til forvalter må gjøres skriftlig og det må fremgå hvilken delegert myndighet forvalter har. Beslutning om delegert myndighet skal publiseres på nasjonalpark-/verneområdestyrets nettsider.

6.4 Følge opp brudd på verneforskriftene, naturmangfoldloven og enkeltvedtak

Nasjonalpark-/verneområdestyret har et selvstendig ansvar for å følge opp alle ulovlige forhold i verneområdene i medhold av reglene i naturmangfoldloven kap. IX om Håndheving og sanksjoner, som styret får kjennskap til. Dette kan f.eks. være brudd på naturmangfoldlovens bestemmelser, overtredelser av bestemmelser i verneforskriftene, eller brudd på enkeltvedtak eller vilkår i gitte tillatelser.

Nasjonalpark-/verneområdestyret skal vurdere hvorvidt overtredelsen skal anmeldes til politiet etter naturmangfoldloven § 75, eller sendes Miljødirektoratet for vurdering av overtredelsesgebyr etter naturmangfoldloven § 74. I vurderingen skal nasjonalpark-/verneområdestyret sikre at hensynet til både allmennpreventive og individualpreventive hensyn ivaretas for best mulig å kunne forebygge miljøkriminalitet. Dersom forholdet anmeldes, skal kopi av anmeldelse, samt avgjørelsesbeslutningen fra politiet, sendes Miljødirektoratet.

Nasjonalpark-/verneområdestyret skal i tillegg vurdere og følge opp ulovlige forhold i verneområdene etter bestemmelsene i naturmangfoldloven § 69 første ledd (stans og retting), § 70 andre ledd (tiltak ved uforutsette miljøkonsekvenser av lovlig virksomhet), § 71 første ledd (direkte gjennomføring) og § 73 første ledd (tvangsmulkt).

6.5 Utarbeide og revidere forvaltningsplaner

Nasjonalpark-/verneområdestyret skal utarbeide og revidere forvaltningsplan for verneområdet. Oppstart av planarbeidet skal skje i dialog med Miljødirektoratet. Forvaltningsplaner skal utarbeides innenfor rammene av naturmangfoldloven og verneforskriftene.

Forvaltningsplanen skal konkretisere hvordan formålet med vernet skal nås, og skal inneholde en flerårig tiltaksplan og en besøksstrategi. Før forvaltningsplanen sendes på høring skal endelig utkast sendes Miljødirektoratet for faglig gjennomgang. Forvaltningsplanen skal godkjennes av Miljødirektoratet.

6.6 Skjøtsel og besøksforvaltning

Nasjonalpark-/verneområdestyret skal ut fra en vurdering av om verneformålet i de enkelte verneforskrifter oppnås, vurdere behov for og nødvendig gjennomføring av skjøtsel og tilrettelegging.

Plan for skjøtsel og eventuell tilrettelegging i nasjonalparker og landskapsvernområder skal inngå i forvaltningsplanen, jf. naturmangfoldloven §§ 35 og 36 siste ledd.

Forvaltningstiltak iverksettes på et kunnskapsbasert grunnlag i samsvar med vedtatte forvaltnings- og skjøtelsesplaner.

Nasjonalpark-/verneområdestyret kan legge til rette for at verneområdenes potensial for verdiskapning utnyttes innenfor rammen av verneforskriftene og naturmangfoldloven i samsvar med besøksstrategi og forvaltningsplan. Nasjonalpark-/verneområdestyret bør innlede et samarbeid med lokalt reiseliv, øvrig reiseliv og aktuelle besøkssteder i dette arbeidet for å sikre at hensynet til verneområdet ivaretas. Nasjonalpark-/verneområdestyret er forvaltningsmyndighet og skal ikke opptre som kommersiell aktør.

Nasjonalpark-/verneområdestyret skal utarbeide årlige prioriteringer av skjøtelses- og forvaltningstiltak i verneområdene i tråd med den flerårige tiltaksplanen.

Som forvaltningsmyndighet skal nasjonalpark-/verneområdestyret i besøksstrategien vurdere behovet for særskilte informasjonstiltak. Nasjonalpark-/verneområdestyret er hovedansvarlig for informasjonstiltak og skal gjennomføre dette i henhold til Miljødirektoratets merkestrategi.

Nasjonalpark-/verneområdestyret tildeles etter søknad til Miljødirektoratet årlig midler til skjøtsel og forvaltning til prioriterte tiltak i henhold til vedtatte forvaltnings- og skjøtelsesplaner. Tildelingene skjer ut ifra de budsjettmessige rammer det enkelte året. Nasjonalpark-/verneområdestyret prioriterer bruken av de tildelte midlene. Alle tiltak skal være i tråd med godkjent forvaltnings- og tiltaksplan for verneområdene og andre relevante styringsdokumenter.

6.7 Grensemerking

Nasjonalpark-/verneområdestyret har ansvar for at det gjennomføres nødvendig grensemerking og vedlikehold av merkingen i verneområdene. Merkingen skal gjennomføres etter retningslinjer gitt av Miljødirektoratet i veileder om Opprettelse av verneområder (M-481).

6.8 Oppnevne rådgivende utvalg

Nasjonalpark-/verneområdestyret skal oppnevne et rådgivende utvalg. Utvalget skal bestå av representanter for de ulike interessene i området. Formålet er å legge til rette for et godt samarbeid mellom forvaltningsmyndigheten, offentlige organ, grunneiere, næringsliv, frivillige organisasjoner og samiske interesser der det er relevant.

Rådgivende utvalg kan bl.a. bestå av representanter for grunneiere og rettighetshavere, friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjoner (f.eks. natur- og miljøorganisasjoner) og særlig berørte offentlige organer.

Nasjonalpark- og verneområdestyret bør ha minst ett årlig dialogmøte med rådgivende utvalg.

6.9 Opprettelse av et arbeidsutvalg

Nasjonalpark-/verneområdestyret kan nedsette et arbeidsutvalg bestående av medlemmer fra nasjonalpark-/verneområdestyret.

Nasjonalpark-/verneområdestyret kan gi arbeidsutvalget myndighet til å treffe vedtak etter naturmangfoldloven og verneforskriftene i enkeltsaker som ikke er av stor betydning for verneverdiene. Arbeidsutvalgets vedtak skal treffes innenfor rammen av prinsipper fastsatt av styret for de ulike saksområdene i forvaltningsplan eller andre retningslinjer og i samsvar med naturmangfoldloven og verneforskriften.

6.10 Opprettelse av et administrativt kontaktutvalg

For å sikre at god samordning mellom forvaltning av verneområdene og annen kommunal forvaltning, bør nasjonalpark-/verneområdestyret oppnevne et administrativt kontaktutvalg bestående av representanter fra administrativt nivå i de ulike kommunene.

Formålet er å formalisere forvalteren sin administrative kontakt mot kommunene og samordning med kommunal forvaltning ellers, å etablere kunnskap om forvaltningen av verneområdene i kommuneadministrasjonen og bidra til lokalkunnskap i forvalterens innstilling til styret.

6.11 Naturbase og rapportering

Nasjonalpark-/verneområdestyret har ansvar for at opplysninger i Naturbase om verneområdet er oppdatert.

Rapporter og anmeldelser for brudd på naturmangfoldloven og verneforskriften skal sendes til Miljødirektoratet.

7. Nasjonalpark-/verneområdeforvalters oppgaver

Nasjonalpark-/verneområdeforvalter har følgende oppgaver:

7.1 Sekretariat

Nasjonalpark-/verneområdeforvalters hovedoppgave er å være sekretariat for nasjonalpark-/verneområdestyret og faglig forberede alle styresaker.

Forvalteren skal bidra til at verneområdene forvaltes i samsvar med naturmangfoldloven og verneforskriften og at saksbehandlingen følger forvaltningslovens bestemmelser.

Forvalteren skal i samråd med nasjonalpark-/verneområdestyret sørge for enhetlig og helhetlig forvaltning av verneområdene uavhengig av administrative grenser.

7.2 Fatte vedtak etter delegert myndighet

Nasjonalpark-/verneområdeforvalter kan fatte vedtak etter delegert myndighet. Dette

forutsetter at nasjonalpark-/verneområdestyret i skriftlig beslutning har delegert aktuell myndighet til forvalter etter pkt. 6.3.

Det skal komme frem av saksutredningen hvis forvalter fatter vedtak etter delegert myndighet. Alle vedtak som fattes etter delegert myndighet, skal refereres for styret.

Vedtak forvalteren fatter etter delegert myndighet etter pkt. 6.3 skal være i tråd med naturmangfoldloven, verneforskriften og forvaltningsplan. Nasjonalpark-/verneområdestyret kan gi særskilte retningslinjer for behandlingen av denne typen saker.

8. Statsforvalterens klagerett

Statsforvalterne har klagerett på vedtak fattet av nasjonalpark- og verneområdestyret jf. naturmangfoldloven § 62 tredje ledd siste setning.

9. Samarbeid med SNO lokalt

Statens naturoppsyn har tilsynsmyndighet i verneområdet, jf. lov om statlig naturoppsyn.

Nasjonalpark-/verneområdestyret skal etablere et samarbeid med SNO lokalt.

10. Endring av vedtektene

Miljødirektoratet kan endre disse vedtektene.



Arkivsaksnummer: 2024/1427-3

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 22.02.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	7/24	29.02.2024

Breheimen nasjonalparkstyre - delegering av myndighet til sekretariatet - 2024 - 2027

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i punkt 6.3 i vedtektene for Breheimen nasjonalparkstyre, har nasjonalparkstyret i styremøte den 29. februar 2024 delegert følgande myndighet til nasjonalparkforvaltar/sekretariat:

Nasjonalparkforvaltar/sekretariat for Breheimen nasjonalparkstyre kan:

1. Behandle søknader om ferdsel og om motorferdsel etter verneforskriftenes spesifiserte føresegner for dispensasjon.
2. Behandle søknader etter verneforskriftenes andre spesifiserte og etter naturmangfaldlova § 48:
 - a) når vedtaket inneberer fornying av tidlegare dispensasjon som er gjeve av nasjonalpark-/verneområdestyret eller arbeidsutvalet dersom forutsetningane for løyvet er tilnærma uendra,
 - b) når det finns ein etablert forvaltningspraksis frå saker behandla av nasjonalpark-/verneområdestyret eller arbeidsutvalet i tilsvarande saker og
 - c) når forvaltningsplan gjev eintydige føringar for utfallet av behandlinga av søknaden.
3. Treffe vedtak i samråd med styreleiar når ein sak hastar fordi det er fare for skade eller anna negativ påverknad på verneverdiane, for eksempel stans av ulovleg forhold, pålegg om retting eller direkte gjennomføring.
4. Behandle søknader om, eller på eget tiltak, endre fristar som er fastsett av nasjonalpark-/verneområdestyret.
5. Gje utsett klagefrist etter forvaltningslova § 29 fjerde ledd.
6. Treffe avgjerd om utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42.

7. Avgjere, i samråd med styreleiar, at ein sak skal bli oversendt til Miljødirektoratet med anbefaling om å ileggje overtredelsesgebyr.

Konfliktfylte/prinsipielle saker skal drøftast med styreleiar, og styreleiar avgjer om saka skal opp for nasjonalparkstyret. Dersom saka ikkje skal opp for nasjonalparkstyret, men forvaltar treffer delegert vedtak, skal det gå fram av saksutgreiinga at saka er drøfta med styreleiar. Vedtak fatta av nasjonalparkforvaltarane skal være i tråd med naturmangfaldlova, verneforskriftene og gjeldande forvaltningsplan.

Alle delegerte vedtak skal refererast på fyrste styremøte etter at vedtaket er fatta. Myndigheita nasjonalparkforvaltarane har til å fatte vedtak etter ordlyden ovanfor gjeld for alle verneforskrifter som ligg i Breheimen nasjonalparkstyre sitt verkeområde.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Brev datert 23.01.2024 frå Miljødirektoratet – Oppnemning av medlemmer til Breheimen nasjonalparkstyre (sjå vedlegg i sak om konstituering).
- Reviderte vedtekter for Breheimen nasjonalparkstyre, gjeldande frå 19.01.2024 (sjå vedlegg i sak om konstituering).

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret behandlar ulike styresaker i dei ordinære styremøta. I tillegg har nasjonalparkstyret anledning til å delegerer myndigheit til nasjonalparkforvaltar/sekretariat slik at ulike saker også kan avgjerast av nasjonalparkforvaltar/sekretariat. Dette blir vanlegvis gjort for at saksbehandlinga gjennom året skal gå raskare, og at saksbehandlinga skal bli meir effektivt.

I styremøte den 18. mars 2020 (styresak 2/2020) gjorde nasjonalparkstyret følgjande vedtak angående delegering av myndigheit til sekretariatet/nasjonalparkforvaltar:

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek med heimel i vedtekter for Breheimen nasjonalparkstyre punkt 6.2, jf. naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum, å gje nasjonalparkforvaltarane mynde til å treffe vedtak i saker av kurant karakter. Med kurant karakter meiner ein følgjande:

- *Saker etter verneforskriftene sine spesifiserte dispensasjonsbestemmelser om ferdsel og motorferdsel.*
- *Saker etter verneforskriftene sine spesifiserte dispensasjonsbestemmelser, og etter naturmangfaldlova § 48, der:*
 - a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret, og føresetnadane er omtrent som før.*
 - b) Det ligg føre etablert forvaltningspraksis frå saker behandla av styret i tilsvarende sak.*
 - c) Når forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.*

Konfliktfylte/prinsipielle saker skal drøftast med styreleiar, og styreleiar avgjer om saka skal opp for nasjonalparkstyret. Dersom saka ikkje skal opp for

nasjonalparkstyret, men forvaltar treffer delegert vedtak, skal det gå fram av saksutgreiinga at saka er drøfta med styreleiar. Vedtak fatta av nasjonalparkforvaltarane skal være i tråd med naturmangfaldlova, verneforskriftene og gjeldande forvaltningsplan.

Alle delegerte vedtak skal refererast på fyrste styremøte etter at vedtaket er fatta. Myndet nasjonalparkforvaltarane har til å fatte vedtak etter ordlyden ovanfor gjeld for alle verneforskrifter som ligg i Breheimen nasjonalparkstyre sitt verkeområde.

Vurdering

Sekretariatet meiner at ordninga med delegering av myndigheit til forvaltar har fungert godt. Ordninga bør vidareførast med dei nye endringane i vedtektene i perioden 2024-2027. Dei siste 10 åra har nasjonalparkstyret/forvaltar behandla mellom 32 og 82 saker etter verneforskrift/naturmangfaldlov årleg. I figuren nedanfor er det ei oversikt over fordelinga av saker som vart behandla i 2021. Den viser kor stor del av sakene som er behandla av styret og av forvaltar med delegert myndigheit.



I dei nye vedtektene for nasjonalparkstyret er det gjort ein del endringar i kva som kan delegerast til nasjonalparkforvaltar/sekretariat. Endringane frå dei førre vedtektene er merka ut med grøn farge i oversikta nedanfor. I tillegg meiner sekretariatet at ein bør leggje til nokre setningar på slutten av reglementet som gjer delegeringa tydelegare. Desse tilleggga er merka med gul farge i oversikta nedanfor:

Nasjonalpark-/verneområdestyret kan gje forvaltaren myndigheit til å treffe vedtak og avgjersler i følgande sakstyper på vegne av styret:

8. Behandle søknader om ferdsel og om motorferdsel etter verneforskriftenes spesifiserte føresegner for dispensasjon.
9. Behandle søknader etter verneforskriftenes andre spesifiserte og etter naturmangfaldlova § 48:
 - d) når vedtaket inneberer fornying av tidlegare dispensasjon som er gjeve av nasjonalpark-/verneområdestyret eller arbeidsutvalet dersom forutsetningane for løyvet er tilnærma uendra,
 - e) når det finns ein etablert forvaltningspraksis frå saker behandla av nasjonalpark-/verneområdestyret eller arbeidsutvalet i tilsvarande saker og
 - f) når forvaltningsplan gjev eintydige føringar for utfallet av behandlinga av søknaden.

10. Treffe vedtak i samråd med styreleiar når ein sak hastar fordi det er fare for skade eller anna negativ påverknad på verneverdiane, for eksempel stans av ulovleg forhold, pålegg om retting eller direkte gjennomføring.

11. Behandle søknader om, eller på eget tiltak, endre fristar som er fastsett av nasjonalpark-/verneområdestyret.

12. Gje utsett klagefrist etter forvaltningslova § 29 fjerde ledd.

13. Treffe avgjerd om utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42.

14. Avgjere, i samråd med styreleiar, at ein sak skal bli oversendt til Miljødirektoratet med anbefaling om å ileggje overtredelsesgebyr.

Konfliktfylte/prinsipielle saker skal drøftast med styreleiar, og styreleiar avgjer om saka skal opp for nasjonalparkstyret. Dersom saka ikkje skal opp for nasjonalparkstyret, men forvaltar treffer delegert vedtak, skal det gå fram av saksutgreiinga at saka er drøfta med styreleiar. Vedtak fatta av nasjonalparkforvaltarane skal vera i tråd med naturmangfaldlova, verneforskriftene og gjeldande forvaltningsplan.

Alle delegerte vedtak skal refererast på fyrste styremøte etter at vedtaket er fatta. Myndigheita nasjonalparkforvaltarane har til å fatte vedtak etter ordlyden ovanfor gjeld for alle verneforskrifter som ligg i Breheimen nasjonalparkstyre sitt verkeområde.



Arkivsaksnummer: 2023/15050-3

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 22.02.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	8/24	29.02.2024

Breheimen NP - dispensasjon - 2024 - oppføring av utedo som tilbygg til hytte - Mysubyttvatnet - Ivar Teigen

Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 29. februar 2024 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å gje Ivar Teigen løyve til å setje opp ny utedo inntil bu ved Mysubyttvatnet i Breheimen nasjonalpark. Løyvet er fatta med heimel i § 3 pkt. 1,3 bokstav a i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark.

Følgjande vilkår gjeld:

- Utedoen skal plasserast inntil bua slik som vist på teikninga.
- Utedoen skal byggjast etter mål (1,2 x 1,5 m utvendig mål) slik det er skissert i teikningane i søknaden.
- Det skal setjast inn eit lite vindaug i staden for «ku-auga». Vindauget skal være lite og ha same form som de andre vindauga i bua.
- På taket skal det brukast takpapp som på bua.
- Kledning og takvinkel på utedoen skal vere lik som på bua.
- Utedoen og vindauget skal ha same farge som på bua og dei andre vindauga.
- Etter byggearbeidet er avslutta skal restar av materialar og utstyr transporterast ut av området.
- Løyve til oppstart av byggetiltaket gjeld i 3 år frå vedtaksdato. Det skal sendast rapport med bilete frå byggetiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført.

Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuelt løyve etter anna lovverk frå Skjåk kommune og/eller grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad om motorferdsel frå Ivar Teigen, datert 20.02.2024
- Tilleggsopplysningar til søknad frå Ivar Teigen, datert 14.02.2024
- Søknad om oppføring av utedo frå Ivar Teigen, datert 19.09.2023

Saksopplysningar

Søknaden er limt inn nedanfor:

Underteikna Ivar Teigen er eigar av ei fiskebu ved Mysubyttvatnet, «Mysubu», 246/1/312. Bua har eit opphaldsrom på 2,9 x 3,4 m, altså snautt 10 m², og på vestsida av bua er ein vedskåle på 2,9 x 1,5 m, altså ca. 4 m², **så totalt er fiskebua såleis 14,5 m².**



I vedskålen blir det lagra ved, gass, reidskap, etc. etc. , garna heng der, så det er overfylt og trongt, men vi må og ha plass til ei dobøtte.

Vi har ofte prata om at det kunne vore fint med eit lite tilbygg til ein utedo, og eg søker hermed om løyve til å byggje på ein do på 1,3 x 1,5 m midt på vestveggen.

Veggane må, som på bua ellers, vera ståande over- og underliggjær, brunbeisa, og taket skrånande ut frå veggen.

Her er skisse til eit tilbygg på 1,2 x 1,5 m. midt på vestveggen. Veggane må, som på bua ellers, vera ståande over- og underliggjær, brunbeisa, og skrå-tak med same mønevinkel som på hyttetaket. (Forandra frå det som står i søknaden av 19.9.2023). Reisverk i 50x70 mm, panelborda 170x15 mm, som eg meiner var det eg brukte da bua vart ombygd i 1992-1996. For utsikt nordover vatnet (vestover), eit rundt «ku-auga».






Som kjent søkte eg 19.9.2023 om løyve til å bygge ein utedo på ei bu ved Mysubyttvatnet. Med e-post av 13.2.2024 vart eg spurt om tilleggsinformasjon, som eg sendte 14.2, vidare vart eg informert om at søknaden var planlagt behandla i styremøte 29. februar.

Eg vonar at søknaden blir innvilga, og forutsatt at den blir det, treng eg og løyve til å frakte innover det som trengst. Hermed søker eg såleis om inntil 5 turar nå i vår med snøskuter Sota - Mysubyttvatnet og retur, vidare 1 tur kvart år i 4 år. 5 turar nå i vår høyrer kanskje mykje ut, men eg veit ikkje tyngda på det som trengst, og det skal og fraktast ein del sekkjer ved.

Det blir sjølvsgagt brukt godkjent leigekjøyar, og ansvarleg oppdragsgjevar vil vera enten undertekna eller dottersonen min, Aksel Teigen Breistrand.



Kart over området. Hytta er markert med raud prikk.

Kommentar frå forvaltar: Med bakgrunn i at det er søkt om fleirårig løyve til motorferdsel vil dette bli gjeve i eit delegert vedtak i ettertid.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Verneformål – forskrift

Formålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep.

Etter verneforskrift for Breheimen nasjonalpark, er all oppføring av varige og mellombelse bygningar i nasjonalparken forbode (§ 3 pkt. 1.1). Forvaltningsmyndigheita kan gje løyve til bl.a.:

- *ombygging og mindre utviding av bygningar i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan, jf. § 5. (§ 3 pkt. 1,3 bokstav a i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark).*

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen står følgande om ombygging og mindre utviding av bygningar:

Etter søknad kan det gjevast løyve til ombygging og mindre utviding av bygningar i nasjonalparken og innanfor landskapsvernområda.

Det skal førast ein streng praksis ved handsaming av søknader om ombygging og utviding av bygningar både i nasjonalparken og i landskapsvernområda. Endring av bygningen sin karakter skal vurderast som ombygging. Dette gjeld tiltak som inneber andre materialar og/ eller dimensjonar og utsjånad for ytterpanel, dører og vindauge, pipeløp og taktekking. Likeins vert det rekna som ombygging dersom det blir gjort synlege konstruksjonsendringar, som til dømes endra takvinkel. Slike tiltak krev løyve.

Naturmangfaldlova

I tillegg til behandling etter verneforskrift/naturmangfaldlov må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlovenes miljørettslege prinsipp som er nedfelt i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar, samt miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder), jamfør § 7.

Vurdering

Ivar Teigen har ei bu ved Mysubyttvatnet i Breheimen nasjonalpark. Han ønskjer å byggje ein ny utedo inntil bua. Det er ikkje utedo i tilknytning til bua i dag.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg med kunnskap om området og konsekvensane av tiltaket. Med bakgrunn i databasar (Naturbasen og Artsdatabanken),

forvaltningsplanen for Breheimen, ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. For å ivareta naturmiljøet kan forvaltningsmyndigheita bl.a. stille villkår som har som formål å avgrense ein eventuell skadeverknad av eit løyve. Det er ikkje registrert kulturminne i området der utedoen skal stå, og det er heller ikkje registrert trua artar på staden i Naturbasen (§ 8).

Slik utedoen er beskrive ser det ut til at den passar greitt inn saman med bua elles. Det er viktig at eit slik tilbygg framstår som eit «enkelt» tilbygg og at tilbygget er tilpassa omgjevnadene med tanke på farge- og materialbruk. Det er ønskjeleg at det som er omtala som «ku-auga» i søknaden blir erstatta av eit lite vindaug på rundt 25 x 25 cm. Dette for at utforming skal harmonere betre med dei andre vindauga i bua.

Utedoen blir vurdert som naudsynt for å dekke ein nødvendig funksjon for ei bu som er i bruk. Forvaltar kan ikkje sjå at ein utedo på 1,2 x 1,5 meter (utvendig mål) vil vera i strid med verneformålet i dette tilfellet. Det er heller ikkje sannsynleg at det blir skapt ein uheldig presedens i denne samanhengen. Det har i dei fleste tilfella vorte gjeve løyve til oppføring av utedo der det har vore behov for dette tidlegare.

Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget meiner nasjonalparkforvaltar at det ikkje er nødvendig å ta i bruk *føre-var-prinsippet* (§ 9) i saka. Forvaltar kan ikkje sjå at verneverdiane eller verneformålet blir nemneverdig påverka i denne samanhengen. I forhold til økosystem-tilnærming og samla belastning, vurderer nasjonalparkforvaltar at det er forsvarleg å tillate oppføring av ny utedo som omsøkt. Den samla belastninga vil ikkje bli større enn den er i dag dersom villkåra i saken blir følgt (§10). Tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er naudsynt for at naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort kan tiltakshavar bli pålagt å setja i verk tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar sikrast dette gjennom villkåra som er stilt i saken (§§ 11-12).



Arkivsaksnummer: 2023/15640-2

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 22.02.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	9/24	29.02.2024

Breheimen nasjonalpark - Utskifting av bru ved Trulsbu turisthytte - motorferdsel - snødekt mark - DNT Oslo og Omegn

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 29. februar 2024 vedteke å gje DNT Oslo og Omegn:

1. Løyve til oppføring av ny bru over elva ved Trulsbu i Breheimen nasjonalpark. Løyvet blir gjeven med heimel i § 3 pkt.1.3 bokstav c i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark.

Følgjande vilkår gjeld:

- Brua skal plasserast der den førre brua stod. Brua skal være inntil 5,5 meter lang og 0,7 m brei (innvendig). Brukara (opptil dekket) kan vera inntil 113 cm og rekkverkshøgde 1 meter.
- Materialar og fargeval skal tilpassast på ein slik måte at det går godt til landskapet rundt.
- Området skal pyntast til og ryddast opp etter at bygginga er avslutta. All overflødig material og utstyr skal fraktast ut av verneområdet etter ferdigstilling av brua.
- Dersom det viser seg at brua medfører negativ påverknad på verneverdiane i Breheimen kan forvaltningsstyresmakta krevje at brua blir fjerna.
- Etter at heile prosjektet er gjennomført skal Statens naturoppsyn Breheimen gå over og kontrollere at tiltaket er gjennomført i tråd med nasjonalparkstyret sitt vedtak.

2. Løyve til transport av materiell med snøskuter til elva ved Trulsbu i Breheimen nasjonalpark. Løyvet er gjeven med heimel i § 3 pkt. 6.3 bokstav f i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Følgjande vilkår gjeld:

- Transport med snøskuter:
 - Til transportane med snøskuter skal det fortrinnsvis brukast leigekøyrar som er godkjent av Skjåk kommune.
 - Det blir gjeve løyve for inntil 4 turar med snøskuter (1 tur = bruk av 1 snøskuter) frå Sota seter til Trulsbu.
 - Løyvet gjeld fram til og med 20. april 2024, men løyvet gjeld ikkje i helger og på heilag dagar.
 - Transportane skal avgrensast til det som er strengt nødvendig.
 - Transportane skal gå føre seg med aktsemd for å unngå skade og ulempe for naturmiljøet og dei som utøver friluftsliv i området.
 - Løyvet til motorferdsel og køyrebok skal vere med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur og liggje i køyretøyet under turen saman med løyvet. Nasjonalparkstyret skal ha tilsendt køyrebok innan 1. juni 2024.
 - Statens naturoppsyn Breheimen v/Jo Trygve Lyngved tlf, 99240416 skal ha beskjed om når transportane skal gjennomførast.

Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuell løyve etter anna lovverk frå Skjåk kommune og grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---


Dokument i saka

- Vedlegg:
 - 1 - Søknad - Breheimen NP - snødekt mark - utskifting av bru ved Trulsbu turisthytte - DNT Oslo og Omegn
 - 2 - Meir informasjon om- utskifting av bru ved Trulsbu- Revheim bjelke-bru frå DNT OO
 - 3 - Skjåk allmenning : Vedtak utskifting av bru ved Trulsbu


Saksopplysninger

Søknaden er attgjeven under:

Ved Trulsbu har DNT OO en sommerbru som ligger ca 100m vest for Trulsbu turisthytte, hele brua legges ut og tas inn hver sommer. Meget stri elv! Ligger lavt og utsatt til. Er nå trebjelker med løse lemmer. Har ikke rekkverk. Brua er forholdsvis tung å ta av og på for en person, tilsynet klarer å dra den av og på, men det må gjøres til riktig tid.. Brua blir lagret under hytta for vinteren. Blir den ikke tatt inn til riktig tid blir den skadet av enten flom eller snø. Brua ble ødelagt av snø i 2017 og tatt av flom i 2019.




DNT OO ønsker nå å skifte ut denne sommerbrua med en mer solid helårbru. Eksisterende sommerbru er krevende og vanskelig å montere. Det er tilsynet på Trulsbu som har ansvar for inn og ut setting av denne brua.



Dette brostedet er velegnet for en solid, enkel og pen 5,5 meter Revheim bjelke-bru av denne typen som vi har bygget flere av, og som kan fraktes inn med snøskuter på vinteren. Brua løftes 1 meter på plassbygde fundamenter av trebukker med trapper. Brua vil bli bygget i vanlig impregnert trelast og forankres i berg på begge landkar. Brua tilpasses terrenget og ferdig bygget kan den avvike noe fra skisse.





DNT OO søker om transport inn av brua med skuter fra Sota og inn til Trulsbu, trase følger stikka løype fra Sota. Det vil være Marius Åboen som også stikker traseen og Rolf Rakstad som er tilsyn på Trulsbu, som vil stå for transporten. Det søkes om 2 turer med 2 skutere med slede. Transporten vil så langt det lar seg gjøre kombineres med stikking og tilsyn på Trulsbu. Og vil utføres når vær å føre er godt nok til transporten.

Olav Berland i DNT Oslo og Omegn opplyste i e-post 21 februar:

«bredden blir ca 70 cm innvendig + knekter og avstivninger.

Høyden på brua og trapper blir tilpasset på stedet, største høyde er anslått til ca 113 cm til dekke + rekkverkshøgda på 100cm.

Grunnen til at vi ønsker å heve brua er pga flom og snølast, da dette nå er tenkt å være en helårsbru.

Brua ligger nede i ett søkk i terrenget, så den blir lite synlig i terrenget.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Verneformål – forskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken m.a. å ta vare på eit høgjfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vegetasjon og landskap, og å ta

vare på kulturminne. Ålmenta skal ha høve til uforstyrta oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Etter verneforskrift for Breheimen nasjonalpark er all bygging og oppføring av installasjonar forbode i nasjonalparken (jf. § 3 pkt. 1.1). Forvaltningsmyndigheita kan etter søknad gje løyve til bl.a.:

- *bygging av bruer og legging av klopper* (§ 3 pkt. 1,3 bokstav c i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark).

Etter verneforskrift for Breheimen nasjonalpark, er all motorferdsel til lands, på vatn og i lufta under 300 meter frå bakken forbode, jf. §3 pkt. 6.1. Forvaltningsmyndigheita kan etter søknad gje løyve til bl.a.:

- *bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på hytter, klopper o.l.* (§ 3 pkt. 6,3 bokstav f i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark).

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen står det blant anna at hovudregelen ved flytting, ombygging eller oppsetting av nye bruer og klopper er det krav om løyve etter søknad, medan eksisterande bruer kan haldast ved like utan å søkje om løyve. Oppattbygging (t.d. etter naturskade) krev løyve.

Løyve til oppsetting av nye bruer og klopper vil bli gjeve etter søknad når det ligg føre eit dokumentert behov som ikkje på rimeleg måte kan dekkast av andre eksisterande anlegg, og når tiltaket ikkje kjem i strid med verneføremålet. Det blir lagt vekt på om brua er til nytte for stig- og skiløypenettet eller om den kan føre til ferdsel på stader der det ikkje er ønskjeleg.

Opphavleg storleik og utforming på bruer og klopper skal til vanleg vere som før og det skal nyttast naturvenlege materialar. Elles gjeld dei generelle retningslinene som er gjevne innleiingsvis i kap. 3.2 i forvaltningsplanen. Ved handsaming av søknader kan det setjast vilkår om plassering, storleik, utforming, farge, opprydding, eigar og ansvarleg for vedlikehald osv. Det må også føreligge godkjenning frå grunneigar.

I forvaltningsplanen for Breheimen nasjonalpark står det m.a. følgande for motorferdsel i forbindelse med transport av utstyr og materialar for vedlikehald av bruer og liknande.:

Det kan gjevast løyve til naudsynt transport til dei føremåla som er nemnde i § 3 pkt. 6.3 i forskriftene for nasjonalparken og landskapsvernområda, og § 7 i forskrifta for Høyrokampen naturreservat dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet. Det inneber at det m.a. kan gjevast løyve til naudsynt bruk av luftfartøy eller snøskuter for transport av materialar og utstyr som skal nyttast til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer og klopper.

Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Presedens

DNT Oslo og Omegn er ein aktør som bygger oppunder det enkle friluftslivet i verneområde med vedlikehald av stiar, bruer og hytter, og det er ikkje andre aktørar i området som utfører denne aktivitet. Saka er vurdert som så spesiell at den ikkje vil ha nokon presedens for andre saker. Tiltaket gjeld oppføring av ny bru på same plassen etter fleire tilfelle kor eksisterande bru har blitt øydelagd.

Vurdering

Eksisterande bru ved Trulsbu har blitt øydelagd av snø i 2017 og av flom i 2019, den er også utan rekkverk. Føremålet med bruka har vore ferdsel av besøkande til Trulsbu, og er viktig at er funksjonell då elva er stri, og vanskeleg å krysse. Dagens bru har vore ei sommarbru som har vore tatt inn om hausten og lagt ut om våren. DNT Oslo og Omegn arbeidar med å heve standard på slike bruer i deira virke for å minimere arbeidsmengd og halda seg innan lovverk. Skjåk Allmenning har godkjent søknaden.

Det var mange bruer i Breheimen som ha vorte øydelagde i ulike samanhengar og det er eit mål at desse skal byggjast oppatt. Det er viktig for brukarar av områda i Breheimen at ein har bruløysingar som er varige og stabile for framtida.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området og konsekvensane av tiltaket. Med bakgrunn i databasar (Naturbasen og Artsdatabanken), forvaltningsplanen for Breheimen, ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt.

Det blir vurdert at oppføring av ei ny bru i dette området ikkje vil påverke verneverdiane i Breheimen nasjonalpark nemneverdig. Her har det stått ei bru før og i så måte vil ikkje dette medføre meir belastning på området enn tidlegare. Samstundes er det viktig å redusere bruken av motorisert ferdsel til det mest nødvendige. Det må takast omsyn til både dyreliv og andre brukarar av området.

Sjølv om den enkelte transporten isolert sett vil påverke naturgrunlaget i liten grad, må søknaden vurderast etter prinsippet om samla belastning. Prinsippet skal sikre ei heilskapleg vurdering av tiltaket, og kva belastning økosystemet vert utsett for. Dette inneber at tiltaket ikkje skal sjåast isolert, men vurderast saman med den totale miljøbelastninga av andre aktivitetar og tiltak i verneområdet. Bruk av snøskuter har vore akseptert som transportmetode gjennom fleire år, og påverknaden av transporten DNT Oslo og Omegn gjennomfører, i tillegg til anna motorferdsel og ferdsel i området, er vanskeleg å måle. I verneområda er det ei målsetting i forvaltningsplan om å halde motorisert ferdsel på eit minimum. Av den grunn er det viktig at DNT effektiviserer transporten på ein slik måte at det ikkje blir køyrt fleire turar enn det som er strengt naudsynt. Det er også viktig å få gjennomført transportane med snøskuter til tider med lite påverknad på verneverdiane generelt.

I *kvalitetsnormen for villrein* vart Sota sæter definert som eit nytt fokusområde. Tidlegare har aktiviteten ved Sota sæter vore sesongbasert, men i dag er det tilnærma heilårsdrift på DNT-hytta, med bl.a. organiserte turar både sommar og vinter. I kvalitetsnormen står det at aktiviteten ved Sota sæter kan påverke trekkpassasjen frå Sekken og over dalen til Sotflyi, men i tillegg også trekket forbi Illvatnet og arealbruken sørover inn i Luster kommune. Trafikken av folk er i følgje kvalitetsnormen for det meste konsentrert mot Tverrådalen og

Tverrådalskyrkja, i samband med toppturar hele året. Det er viktig at en trekkpassasje blir opprettheldt frå Sota sæter og vestover for at villreinen skal få utnytte dei sørvestre områdene i Breheimen. Ruta frå Sota til Trulsbu om Lundadalen er spesielt sårbar dess seinare på vinteren transporten skjer, p.g.a. fostringsflokkane trekker inn i området for å kalve.

I samband med registrering av områdebruken til villreinen er det registrert at villreinen i Ottadalen sør brukar området mellom Tundradalen og Lundadalen som vinterbeite. I eit møte med Ottadalen villreinnemnd og Ottadalen villreinutval i 2013 vart det bestemt at ein skulle gå over til ein ny trase for å unngå vinterområdet til villreinen. Denne traseen startar på Sota og går inn på Sotflya, vidare ned Herbergsbakkane lengst inne i Tundradalen. Så vidare opp på Steinflya og ned på Holåbreen til Lundadalsvatnet og vidare til Trulsbu. Traseen vart fyrste gong brukt for all køyring til Lundadalen i 2015.

Tilviste transportruter er lagt med tanke på minst mogleg forstyrring av villreinen, men det kan dukke opp villrein i alle område. Førar må derfor ta kontakt med Statens naturoppsyn Breheimen (SNO) før køyringa startar. Dersom det er kjennskap til om det er villrein langs den planlagde køyreruta, kan SNO gje informasjon om dette. Dersom villrein skulle dukke opp er det viktig å vike frå tilvist rute slik at reinen ikkje blir skremt (§§ 8-10). Dersom transporten skjer i samsvar med vilkåra i saken, vil ikkje transporten påverke verneverneverdiane og verneformålet nemneverdig.

Ut frå nåverande vurdering meiner nasjonalparkforvaltar at det ikkje er aktuelt å ta i bruk føre-var-prinsippet i denne saka, dersom vilkåra i saka blir følgt. For å ivareta naturmiljøet kan forvaltningsmyndigheita bl.a. stille vilkår som har som formål å avgrense ein eventuell skadeverknad av eit løyve. Ved bruk av tidsavgrensing på løyve og andre vilkår, gjev dette godt grunnlag for at naturmangfaldet ikkje skal bli nemneverdig belasta. Det er vurdert at tiltaket ikkje vil medføre miljøforringing, men tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er nødvendig for å sikre at naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort, kan tiltakshavar bli pålagt å iverksette tiltak for å rette skaden i ettertid. Det blir lagt vekt på å setja vilkår som regulerer transporten for å unngå eventuell skade på natur og miljø (§§ 9-12).

Ut ifrå ei samla vurdering tilrår nasjonalparkforvaltaren at ny bru kan setjast opp som søkt om. I tillegg kan det brukast snøskuter i tråd med vilkåra i løyvet.


19.12.2023

SØKNAD OM UTSKIFTING AV BRUA VED TRULSBU


Ved Trulsbu har DNT OO en sommerbru som ligger ca 100m vest for Trulsbu turisthytte, hele brua legges ut og tas inn hver sommer. Meget stri elv! Ligger lavt og utsatt til. Er nå trebjelker med løse lemmer. Har ikke rekkverk. Brua er forholdsvis tung å ta av og på for en person, tilsynet klarer å dra den av og på, men det må gjøres til riktig tid.. Brua blir lagret under hytta for vinteren. Blir den ikke tatt inn til riktig tid blir den skadet av enten flom eller snø. Brua ble ødelagt av snø i 2017 og tatt av flom i 2019.




Kartutsnitt:



DNT OO ønsker nå å skifte ut denne sommerbrua med en mer solid helårbru. Eksisterende sommerbru er krevende og vanskelig å montere. Det er tilsynet på Trulsbu som har ansvar for inn og ut setting av denne brua.



Dette brostedet er velegnet for en solid, enkel og pen 5,5 meter Revheim bjelke-bru av denne typen som vi har bygget flere av, og som kan fraktes inn med snøskuter på vinteren. Brua løftes 1meter på plassbygde fundament av trebukker med trapper. Brua vil bli bygget i vanlig impregnert trelast og forankres i berg på begge landkar. Brua tilpasses terrenget og ferdig bygget kan den avvike noe fra skisse.





Transport:

DNT OO søker om transport inn av brua med skuter fra Sota og inn til Trulsbu, trase følger stikka løype fra Sota. Det vil være Marius Åboen som også stikker traseen og Rolf Rakstad som er tilsyn på Trulsbu, som vil stå for transporten. Det søkes om 2 turer med 2 skutere med slede.

Transporten vil så langt det lar seg gjøre kombineres med stikking og tilsyn på Trulsbu. Og vil utføres når vær å føre er godt nok til transporten.

Ta gjerne kontakt hvis noe er uklart, bør utdypes osv.

Med vennlig hilsen

Olav Bergland

Bygningsansvarlig bruer

Mobil: (+47) 91140431

Sentralbord: 22.82.28.00

- ***Naturopplevelser for livet!***

DNT Oslo og Omegn

Pb 7 Sentrum, 0101 Oslo

Fra: Olav Bergland[olav.bergland@dnt.no]

Sendt: 21.02.2024 11:04:08

Til: Stokkenes, Aina-Elise Bolstad[aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no]


Tittel: SV: Breheimen nasjonalpark - utskifting av bru ved Trulsbu- Revheim bjelke-bru

Hei.

Ja, bredden blir ca 70 cm innvendig + knekter og avstivninger.

Høyden på brua og trapper blir tilpasset på stedet, største høyde er anslått til ca 113 cm til dekke + rekkverkshøgda på 100cm.

Grunnen til at vi ønsker å heve brua er pga flom og snølast, da dette nå er tenkt å være en helårsbru. Brua ligger nede i ett søkk i terrenget, så den blir lite synlig i terrenget.



Med vennlig hilsen

Olav Bergland
Bygningsansvarlig bruer

Mobil: (+47) 91140431
Sentralbord: 22.82.28.00

• **Naturopplevelser for livet!**

DNT Oslo og Omegn
Pb 7 Sentrum, 0101 Oslo



Fra: Stokkenes, Aina-Elise Bolstad <aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no>

Sendt: onsdag 21. februar 2024 10:24

Til: Olav Bergland <olav.bergland@dnt.no>

Emne: Breheimen nasjonalpark - utskifting av bru ved Trulsbu- Revheim bjelke-bru

Det er ikke ofte du mottar e-post fra aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no. [Finn ut hvorfor dette er viktig.](#)

Hei Olav,

Det ligg ann til at saka om utskifting av brua ved Trulsbu skal behandlast i nasjonalparkstyret 29 februar. Eg sit å arbeidar med saksframlegget, og håpar du har moglegheit til å sende informasjon om høgd (ser at trappehøgda er med, men ikkje høgda på sjølve brua) og breidde på brua (er det 60 cm gangbane + avstivarane/knektane?)

Med venleg helsing
Aina-Elise Bolstad Stokkenes
nasjonalparkforvaltar



Breheimen
nasjonalpark

Telefon: 57 64 30 13
E-post: aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no
Web: www.nasjonalparkstyre/Breheimen.no

*DNT Oslo og omegn
v/Olav Bergland*

Søknad om utskifting av bru ved Trulsbu


DNT Oslo og omegn søker Skjåk om å skifte ut sommarbrua over Skjøle ca 100m vest for Trulsbu turisthytte. Med eksisterande løysing blir brua lagt på og av vår og haust. Løysinga er ikkje optimal da den blir liggande utsett til i tillegg til at det er utfordrande for ein person å handtere. Brua har også ved fleire høve vore råka av flaum og øydelagt av snø.

DNT ynskjer i staden å få på plass ei permanent løysing som ikkje ligg så utsett til. Dette i form av ei solid, enkel og pen 5,5 meter Revheim bjelke-bru. Brua blir lyfta 1 meter på plassbygde fundament av trebukkar med trapper. Brua vil bli bygd i vanleg impregnert trelast og forankra i berg på begge landkar. Brua må tilpassast terrenget som medfører at den kan avvike noko frå skisse. Det blir også søkt om løyve for transport vinteren 2024. Inntil 2 turar med 2 scooterar.



Kartutsnitt:





Vurdering

Skjåk Almenning ser behovet for utbetringa og ei betre løysing. For omgjevnadane vil det også vere positivt at ein får på plass ei meir varig løysing som ikkje fører til forsøpling av vassdraget slik den eksisterande brua har gjort enkelte år. Skjåk Almenning har ingen innvendingar rundt tiltaket slik søknaden er skissert. Det blir sett som krav at den gamle brukonstruksjonen og alt overflødig materiell skal fjernast. Vidare må DNT Oslo og omegn skjøtte brua slik at den i framtida ikkje står fram som sjenerande for området.

Vedtak:

1. Skjåk Almenning gjev med dette DNT Oslo og omegn tillatels til å byte ut gangbrua ved Trulsbue i Lundadalen på Skjåk Almenning sin grunn.
2. Tiltaket må utførast som skissert i søknaden og avklarast med vernemynde (Breheimen Nasjonalpark).
3. Den gamle brukonstruksjonen og alt overflødig materiell skal fraktast ut att frå området. Vidare må DNT Oslo og omegn skjøtte installasjonen slik at den i framtida ikkje står fram som sjenerande for området.
4. Skjåk Almenning gjev løyve til motorferdsel for transport av material vinteren 2024. Dette omfattar 2 turar med 2 scooterar.
5. Før køyring skal Skjåk Almenning v/Kjell Olstad (sms til tlf. 48031414) varslast.
6. All køyring må vise omsyn til naturen og særskilt villreinen.
7. Ved brot på desse vilkåra vil løyvet kunne bli trekt attende.



Arkivsaksnummer: 2024/2332-4

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 22.02.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	10/24	29.02.2024

Breheimen NP - 2024 - Transport frå Sota sæter til Nørdestedalseter - DNT Oslo og Omegn

Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 29. februar 2024 gjev Breheimen nasjonalparkstyre avslag på DNT Oslo og Omegn sin søknad om motorisert transport frå Sota sæter til Nørdestedalseter. Endring av transportopplegget i samband med drift av Nørdestedalseter vil kunne påverke verneformålet og verneverdiane i Breheimen nasjonalpark på ein negativ måte.

Det blir vist til at DNT Oslo og Omegn har eit gyldig løyve til transport til Nørdestedalseter frå Turtagrø som tidlegare år.

Vedtaket er fatta med heimel i § 3 pkt. 6.1 i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendes til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- E-post med søknad frå DNT Oslo og Omegn, datert 24.01.2024.
- E-post med spørsmål frå forvaltar til DNT Oslo og Omegn, datert 25.01.2024.
- E-post med svar frå DNT Oslo og Omegn til forvaltar, datert 07.02.2024.

Saksopplysninger

Søknaden

Søknad datert 24.01.2024 er attgjeven nedanfor:

Søknad om tillatelse til transport til Nørdestedalseter

Vi viser til møte om DNT Oslo og Omegns søknad om motorisert ferdsel i Breheimen, der vi bla orienterte om at våre bestyrere på Sota Sæter, Ove og Silje Lilleengen, er engasjert til å drive Nørdestedalseter.

Nørdestedalseter ligger langt inne i fjellet både sommerstid og vinterstid. Om sommeren er det en krevende bilveg opp lia fra Fortun og i de siste årene er vegen og et par bruer også blitt ødelagt av flom. Vinterstid er det ikke bilveg og en er avhengig av skutertransport fra Turtagrø. Noen av de lokale grunneierne kjører opp langs vegen, men dette er en veldig rasutsatt strekning slik at det ikke kan betraktes som fast trase.

Kombinert med perioden med covid, har dette ført til utfordringer med å få til stabil drift på Nørdestedalseter. Sommeren 2023 engasjerte vi derfor bestyrerne på Sota Sæter for å drifte Nørdestedalseter. Utgangspunktet var å drive som en vanlig betjent hytte, men matserveringen var noe redusert i forhold de andre betjente hyttene. I fjor sommer kjørte bestyrerne rundt og over Sognefjellet med prefabrikkert mat og personell som skulle drive hytta. Løsningen i fjor sommer fungerte relativt bra, og vi ønsker å videreføre denne løsningen med at Ove og Silje Lilleengen driver Nørdestedalseter selv om dette er litt krevende logistikk.

Når vi har valgt å videreføre Nørdestedalseter som betjent hytte og ikke nedjustere til selvbetjent hytte, har det flere årsaker. Av de viktigste er sikkerheten til de som går i fjellet. Dette er erfaringsmessig et krevende område med lange turer og mye vær, og selv om alle må ta ansvar for sin egen sikkerhet, er det vår vurdering at det er viktig at det er personell på Nørdestedalseter. Det er også viktig for helheten i tilbudet i Breheimen at både Sota Sæter og Nørdestedalseter er betjente hytter.

Vi søker derfor om tillatelse til nødvendig transport med skuter til Nørdestedalseter innenfor følgende rammer / betingelser:

- Åpningstiden på Nørdestedalseter blir som tidligere år, og er for 2024 planlagt fra 22.3 til 1.4 (dvs 1. påskedag)*
- Transporten samordnes så langt som praktisk mulig med kvistinga som skjer på vanlig måte og på omsøkte tidspunkt. Kvistinga fra Sota Sæter legges normalt opp slik at det kvistes i etapper, der siste etappe er fra Fivlemyrene til Nørdestedalseter. I forbindelse med kvistinga av siste etappe samkjører vår bestyrer med ansvarlige for kvistinga slik at det kjører tre skutere ekstra i samme følget med varer til Nørdestedalseter. Dette planlegges utført ca. 10. mars og tilpasses været.*
- I løpet av påska søker vi om tillatelse til en tur retur transport for supplering med personell mm. Kvistinga har en viktig sikkerhetsfunksjon og vil bli ettersett en gang ifbm påska, og dette tilpasses også værforholdene. Hvis disse to behovene kan samordnes, vil det bli gjort.*

- *Det vil være en skuter på Nørdestedalseter, og etter påske vil de som driver hytta returnere til Sota Sæter.*
- *Vi engasjerer folk fra bygda i Fortun for å måke fram hytta om nødvendig, og det trengs ingen ekstra transport før det skal kvistes.*

Dette er et forsøk fra vår side og vi søker om tillatelse til motorferdsel ifbm påskedriften i en testperiode på to år, dvs 2024 og 2025, for å erfare hvordan dette fungerer. Vi foreslår også at vi tar en evaluering av hvordan dette fungerte rett over påske.

Spørsmål til søknaden fra forvaltar til DNT Oslo og Omegn datert 25.01.2024 er attgjeven nedanfor:

Har fått sett gjennom søknaden nå og har noen spørsmål. Når skal personellet som skal drive hytta transporteres inn? Skal disse være med stikkingen/varetransporten som skal gå to uker før påske? Eller mangler det noe i søknaden angående dette med transport av personell som skal starte opp hytta? Det som står om transport av personell i søknaden ser jo ut til å dreie seg om transport i selve påska.

Jeg kan også nevne at Aina behandler fellessøknaden om transport og stikking som vi fikk fra DNT før jul nå. Der vil turene fra Turtagrø til Nørdestedalseter bli tatt med slik at dere har tillatelse til transport fra den kanten.

Svar frå DNT Oslo og Omegn til forvaltar datert 07.02.2024 er attgjeven nedanfor:

Fint at du passer på detaljene her, og dette hang ikke helt sammen. Vi må over med personellet som driver hytta, og det trengs en tur til i forhold til det som er skissert og søkt om.

Nedenfor er en linje vist med gult, og hvis kvistesjekken skjer før påske kan personellet kjøre over samtidig. Hvis det ikke er nødvendig å sjekke kvisten før påske må de kjøre over selv. Målsettingen om å samordne transport av varer / personell og kjøring ifbm kvistingen mest mulig står uansett ved lag.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Verneformål – verneforskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særigne, representative økosystem og landskap som er utan tyngre inngrep.

Vidare er føremålet med nasjonalparken å:

- ta vare på eit høgjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på leveområde til villreinstammen i Ottadalen villreinområde
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- ta vare på ein variasjonsrikdom i geologi med særprega geologiske førekomstar, vegetasjon og landskap
- ta vare på grottene i området
- ta vare på kulturminne

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Etter verneforskrift for Breheimen nasjonalpark er motorferdsel på land, på vann og i lufta under 300 m frå bakken forbode (§ 3 pkt. 6.1 i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark), med unntak gjeve i pkt. 6.2 og 6.3.

Forvaltningsmyndigheita kan gje løyve til m.a.:

- *bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av ved, varer og utstyr til hytter og setrer, og for transport av båt og garnkassar (§ 3 pkt. 6.3 bokstav e i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark).*

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for Breheimen nasjonalpark med tilgrensande verneområde står m.a. følgjande retningslinjer for transport av ved, varer, utstyr og materialar til stolar (setrer) og hytter:

Etter søknad kan det gjevast inntil fireårige løyve for transport av ved, varer, utstyr og materialar til stolar (setrer) og hytter. Det er eit mål å samordne tidsperiode med kommunale løyve etter motorferdsellova.

Det vert berre gjeve løyve til nyttetransport. Det er ikkje høve til å gje løyve til rein persontransport, men personar kan sitje på så lenge dette ikkje medfører ekstra behov for køyring ved transport av bagasje, materialar, utstyr eller ved til hytter og stolar (setrer) i verneområda.

Når nasjonalparkstyret gjev løyve til transportoppdrag i verneområda, vil det bli sett følgjande vilkår:

- *køyringa må følgje trasear mellom bilveg og stols-/hytteområde som er etablerte på førehand.*

Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Vurdering


DNT Oslo og Omegn driv bl.a. turisthytta Sota sæter i Skjåk kommune og Nørdstedalseter i Luster kommune i Breheimen nasjonalpark. Sota sæter har vinterbrøyta veg, men Nørdstedalseter er veglaus på vinterstid.

Turistforeininga har over lengre tid fått fleirårige løyve til å bruke snøskuter og helikopter i samband med stikking og varetransport til hyttene i Breheimen. Før jul fekk forvaltninga søknad frå DNT Oslo og Omegn om fornying av tidlegare løyve. I søknaden var det, som tidlegare, også søkt om løyve til transport frå Turtagrø til Nørdstedalseter i samband med drift av Nørdstedalseter i påskene framover. I søknaden var det skissert følgande transportbehov frå Turtagrø til Nørdstedalseter:

- *«behov for to ettersyn med hytta før påske»*
- *«betjeningen kjøres inn og ut med snøskuter og det er behov for å kjøre tre snøskutere inn fredag før palmehelga, samt tre snøskutere ut både på 1. og 2. påskedag»*
- I tillegg er det beskrevet at *«I forbindelse med påsken brukes av og til helikopter til å frakte inn bestyrere og 2 – 3 hiv med varer»*. Flygeruta ligg utanfor verneområda og kan gjennomførast utan løyve etter verneforskrift.
- *«I dette området med relativt hardt vær, bør kjøretillatelsen ta høyde for at det trengs flere turer pga vanskelig forhold»*

Nytt løyve til DNT Oslo og Omegn vart behandla delegert og gjeve løyve i tråd med tidlegare vedtak. Vedtaket som gjeld frå 2024 – 2027 vart sendt ut i midten av februar 2024.

Før denne søknaden vart behandla gjennomførte sekretariatet eit møte med DNT Oslo og Omegn den 22. januar 2024. Møtet omhandla alt frå bruer, stikking av løyper, merking av stiar osv. i Breheimen. Her vart det frå DNT Oslo og Omegn sin side også teke opp at i perioden etter pandemien har det vore utfordringar knytt til drift av Nørdstedalseter (sjå detaljane i søknaden). Det var nå eit ønskje om at dei som driv Sota sæter også skal drive Nørdstedalseter framover. Ny søknad vart sendt frå DNT Oslo og Omegn, og i denne søknaden er det derfor ønskje om at vintertransporten til Nørdstedalseter skal gå frå Sota sæter, og ikkje frå Turtagrø som tidlegare. Dersom det blir behov for å moke fram hytta skal transporten eventuelt skje frå Fortun. DNT Oslo og Omegn ønskjer ei prøveordning på 2 år for å sjå om dette kan fungere godt.



Grøn strek viser dagens rute frå Turtagrø til Nørdestedalseter. Raud strek viser rute frå Sota sæter til Nørdestedalseter som DNT Oslo og Omegn søker om nå.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det generelt sett er god kunnskap om verneverdiane i Breheimen nasjonalpark. Med bakgrunn i databasar (Naturbasen og Artsdatabanken), forvaltningsplanen for Breheimen, ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. I denne samanhengen er det derimot meir usikkert kva som kan vere konsekvensane dersom det blir lagt opp til eit endra transportopplegg i samband med den ordinære drifta av Nørdestedalseter turishytte.

I forvaltningsplanen for Breheimen står det at forvaltninga av området skal skje etter ein hovudregel om at brukarinteressene skal tilpassast verneverdiane, og ikkje omvendt. Dette for at verneverdiane ikkje skal bli forringa på sikt. Det er bl.a. eit mål å skjerme dei mest sårbare delane av villreinen sitt leveområde. Villreinen leveområde er eit av dei viktigaste formåla med vernet av Breheimen nasjonalpark, og villrein er ein art som er sårbar for forstyrringar. Den har også krav til store beiteareal sommar og vinter, uforstyrra kalvingsområde, frie trekkveggar og tilgang på «reserveområder».

I *kvalitetsnormen for villrein* vart Sota sæter definert som eit nytt fokusområde. I kvalitetsnormen står det at aktiviteten ved Sota sæter kan påverke trekkpassasjen frå Sekken og over dalen til Sotflyi, men i tillegg også trekket forbi Illvatnet og arealbruken sørover inn i Luster kommune. Trafikken av folk er i følge kvalitetsnormen for det meste konsentrert mot Tverrådalen og Tverrådalsskyrkja, i samband med topturar hele året. Det er viktig at en trekkpassasje blir opprettheldt frå Sota sæter og vestover for at villreinen skal få utnytte dei sørvestre områdene i Breheimen.

På Sognefjellet er det også eit fokusområde i kvalitetsnormen for villrein. Sjølv om delar av tidlegare trekkpassasje har gått ut av bruk, er det i følge kvalitetsnormen likevel ein

funksjonell korridor som blir nytta innimellom. Det er viktig at denne passasjen blir oppretthalde sidan det er eit ønskje om utveksling mellom villreinområda i Breheimen og Vest-Jotunheimen. I kvalitetsnormen er følgjande lista opp som konfliktpotensialet på Sognefjellet: merka turstiar, oppkøyring av løyper knytt til Sognefjellshytta, anleggsveggar, kraftmagasin og tamreindrift. I dette fokusområdet er det ikkje berre transporten frå Turtagrø til Nørdestedalseter som går. Her er det også ein god del anna transport om vinteren som eksempelvis gjeld leiekøyring til hytter, snømåling, kjentmannsturar, ulike redningsøvingar og liknande, både på Sognefjellet og i Jotunheimen. Dette er transport som ikkje Breheimen nasjonalparkstyre har kontroll over da dette skjer i område utanfor vernegrensa, eller i Jotunheimen nasjonalpark. Det vil vera naturleg at ein samlar mest mogleg transport i dette området sjølv om dette også er definert som eit fokusområde. I dette tilfellet kan ein da skjerme andre viktige trekkveggar som ligg meir sentralt i Breheimen.

I [vedlegg 16](#) i forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen er det også definert trasear for bruk av snøskuter i samband med snømåling, tilsyn og vedlikehald av infrastruktur i fjellet. Dette arbeidet skjer vanlegvis i regi av kraftselskapa. Frå området Turtagrø/Sognefjellet er det definert rute inn til bl.a. Nørdestedalseter turishytte. Dette er ein trase som har vore brukt av både kraftselskap og DNT Oslo og Omegn i samband med drift av Nørdestedalseter turishytte sidan vernet vart oppretta.

I Breheimen oppheld villreinen seg vanlegvis nord for Lundadalen i Skjåk om vinteren. På seinvinteren/våren trekker bukkane sør-vestover, og det er ønskjeleg at villreinen skal bruke areala vest- og sørvestover i retning Luster kommune meir. Dette er eit område som villreinen har brukt tidlegare, og det er derfor viktig å ikkje forstyrre villrein som er på trekk i den retninga på seinvinter/vår. I denne samanhengen kan det nemnast at påska kjem i siste halvdel av april med jamne mellomrom, eksempelvis i 2025. Motorisert ferdsel i eit slik område kan påverke villreinen sin moglegheit for trekk vestover på denne tida av året.

I forvaltningsplanen for Breheimen er det også eit mål å halde omfanget av motorferdsel så lågt som mogleg, og å avgrense dette til berre det som er strengt nødvendig. Det er derfor viktig å ikkje gjere inngripande endringar på strukturen som er i dag som kan føre til auka motorferdsel. Pr. i dag det lite motorisert ferdsel langs aksen Sota sæter – Nørdestedalseter (Tverrådalen-Steindalen-Fortundalsbreen). Den motoriserte ferdselen som går der er knytt opp mot stikking av skiløypetraseen mellom dei to hyttene ved påsketider. Langs ruta frå Sota sæter til Nørdestedalseter er det ca. 13 km av traseen som ligg innanfor vernegrensene til Breheimen nasjonalpark. Langs ruta frå Turtagrø til Nørdestedalseter, som har vore brukt i mange år, er det berre ca. 4 km av traseen som ligg innanfor vernegrensene til Breheimen nasjonalpark.

Ut frå Sota sæter er det ein del motorferdsel med leiekøyrar til hyttene i Lundadalen med varer, ved og liknande i løpet av mars og april månad. Denne transporten går via Sottjønnin og Tundradalen. Traseen frå Sota sæter til Nørdestedalseter, og traseen frå Sota sæter til Lundadalen, er ikkje den same. Dei har same utgangspunkt i Sota og dei 2-3 fyrste kilometerane av traseen frå Sota går traseane opp den same lia, men på to forskjellige plassar. I lia ovanfor Sota sæter er det definert ei sårbarheitssone for rovfugl. Lokaliteten er i 2018 vurdert som sårbar i perioden 1. februar - 1. juli, og lokaliteten skal undersøkast meir i tida framover. Med bakgrunn i omfanget av motorisert ferdsel ut frå dette området, er det eit mål å få redusere denne aktiviteten og ikkje leggje opp til at dette aukar på sikt (§ 8).

Med bakgrunn i føre-var-prinsippet og den samla belastninga er det vurdert at det er sannsynleg at endring av trase for drift av Nørdestedalseter vil kunne medføre vesentleg ulempe for verneverdiane og verneformålet i Breheimen nasjonalpark. Oppsummert meiner nasjonalparkforvaltar at transport frå Turtagrø til Nørdestedalseter vil påverke verneområdet mindre enn transport frå Sota sæter i dette tilfellet. I dette blir det lagt vekt på at:

- transport frå Turtagrø vil ikkje krysse villreinen sin trekkveg nord og sør for Illvatnet i Breheimen nasjonalpark. Det er viktig at ein prioriterer å oppretthalde dette trekket innanfor villreinområdet, mellom den austre delen av Breheimen i Skjåk og den vestre delen i Luster. I denne saka bør derfor transporten gå mellom Turtagrø og Nørdestedalseter som tidlegare, sjølv om delar av denne ruta går gjennom fokusområdet på Sognefjellet.
- transport frå Turtagrø vil ikkje gå gjennom sårbarheitssone for rovfugl, i motsetning til transport frå Sota sæter.
- transport frå Turtagrø vil følgje ein etablert trase for motorferdsel som er registrert i forvaltningsplanen. Denne traseen blir også nytta av kraftselskapa.
- transport frå Turtagrø vil føre til ca. 18 km mindre køyring innanfor vernegrensene til Breheimen nasjonalpark pr. tur/retur, enn ved køyring frå Sota sæter.
- transport frå Turtagrø fører til at ein unngår auka motorisert ferdsel ut frå Sota sæter, der det i utgangspunktet er ønskeleg å redusere transporten som allereie går til bl.a. Lundadalen.
- transport frå Sota sæter vil føre til auka motorisert ferdsel i eit område som i dag har minimalt med motorisert transport frå før (Tverrådalen-Steindalen-Fortundalsbreen).

Nasjonalparkforvaltar har forståing for at transportopplegget som er søkt om er lettvinnt og praktisk for DNT Oslo og Omegn og drivar av turisthytta. Men nasjonalparkforvaltar meiner at DNT Oslo og Omegn må tilpasse driftsopplegget av hyttene sine etter verneverdiane og utfordringar i nasjonalparken. Det kan ikkje vere slik at verneverdiane må tilpasse seg det som til ei kvar tid er mest gunstig næringsmessig. DNT Oslo og Omegn har også klaga på eit vedtak som gjeld avslag om organisert ferdsel i det same området. I denne saka er ikkje klaga behandla enda, men ein ser at dette området er under press i ulike samanhengar.

Med bakgrunn i vurderingane ovanfor meiner nasjonalparkforvaltar at den samla belastninga på området blir større med DNT Oslo og Omegn sitt forslag til nytt transportopplegg for drift av Nørdestedalseter, enn det som allereie eksisterer i dag. Det er grunn til å tru at det i søknaden er teke utgangspunkt i eit minimum tal turar som er nødvendig for drifta av Nørdestedalseter i prøveperioden på 2 år. På sikt kan det vise seg at behovet for turar kan auke noko. I tillegg er det eit forholdsvis omfattande transportbehov til Lundadalen, og når Luster Røde Kors har ønske om ei betydeleg mengde med kjentmannstarar og beredskapsturar i området rund Nørdestedalseter, gjer dette til at ein må samla sett vera restriktiv for å unngå at dette ikkje skal få store negative følgjer for verneområdet på sikt (§ 9-10).

Etter ei samla vurdering tilrår nasjonalparkforvaltar at søknaden om transport mellom Sota sæter og Nørdestedalseter, i samband med drift av sistnemnte turisthytte, blir avsege med heimel i § 3 pkt. 6.1 i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. I og med at det ikkje er ønskeleg med ein permanent trase for transport frå Sota sæter til Nørdestedalseter i framtida, er det heller ikkje nødvendig å gjennomføre ei prøveordning slik det er søkt om. Det blir lagt til grunn at tiltaket vil kunne påverke verneverdiane og verneformålet nemneverdig i

Breheimen nasjonalpark. I nasjonalparkar skal det ikkje skje varig påverknad av naturmiljø, med mindre dette er ein forutsetning for å ivareta verneformålet.

Med bakgrunn i dette vil ikkje dei andre miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova bli vurdert i saka.



Arkivsaksnummer: 2024/2428-4

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 22.02.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyret	11/24	29.02.2024

Breheimen NP - Mørkridsdalen LVO - Vigdalen LVO - dispensasjon - motorisert ferdsel - snødekt mark - 2024 - 2027

Innstilling frå forvaltar

1. Breheimen nasjonalparkstyret har i styremøte 29 februar 2024 gjeve Luster Røde Kors Hjelpekorps avslag på søknad om gjennomføring av ID 29 (Oppsetjing av GW på Spørteggbu) og ID 30 (kjentmannskøyring i forbindelse med leigekøyring). Vedtaket er fatta med heimel i verneforskriftene for Breheimen nasjonalpark og Mørkridsdalen landskapsvernområde § 6, pkt 6.1, 6.2 og 6.3.
2. Breheimen nasjonalparkstyret har med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, jf. Verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark § 6 pkt. 6.1, 6.2 og 6.3 innvilga søknaden om gjennomføring av ID 23 med fylgjande vilkår:
 - a. 4 snøskutrar 8 dagar i perioden
3. Breheimen nasjonalparkstyret gjev Luster Røde Kors Hjelpekorps løyve til kjentmannskøyring i perioden 2024-2027 med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd samt i henhold av § 3, pkt. 6.1, 6.2a og 6.3a i verneforskriftene for Breheimen nasjonalpark, Mørkridsdalen landskapsvernområde og Vigdalen landskapsvernområde. Løyvet gjeld aktivitet i tråd med godkjent øvingsplan slik det går fram av tabellen under:

Vi viser til vilkår sett i naturmangfaldlova § 48 første ledd, om at dispensasjon berre kan gjevast for tiltak som «*ikkje strider mot verneformålet og ikkje påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må være oppfylt.

Prinsippet om samla belastning i naturmangfaldlova § 10 er vektlagt i vurderinga. Eit eventuelt løyve til aktivitetar som strengt tatt ikkje må gjennomførast innanfor nasjonalparken vil også kunne skape uheldig presedens for seinare saker og medføre fare for stor samla belastning over tid.

ID	Tidsrom	Innhold/formål	Sted	Antall scootere/inkl. nabokorps	Antall dager i perioden	Merknad/egenvurdering	Politiets godkjenning/vurdering
1	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Bjønningstegane - Viva - Styggevatnet - Sprongdalseggi - Austdalsbreen - Viva	8	4	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent
2	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Fåberg - Holmevatnet - Arentzbu	8	2	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent
3	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Myri - Geisdalshalsane - Kvitekoven - Holmevatnet, Myri - Vetlegeisdalen - Kvitekoven	8	4	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent
4	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Myri - Vanndalen - Spørteggbu - Vangsen - Grånosi - Buskrednosi	8	2	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent
5	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Vigdalen - Buskrednosi - Kattøyra	8	2	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent
11	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrø område	Turtagrø - Nørdstedalsseter - Hardbardsbeen - Arentzbu	8	2	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent. Gjennomføres før 1.april
12	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrø område	Turtagrø - Nørdstedalsseter - Sota Sæter - Trulsbu - Medalsbu	8	4	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent. Gjennomføres før 1.april
19	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrø område	Turtagrø - Nørdstedalen - Stølsdalen via Kjerringhetta/Storevatnet - Turtagrø	8	2	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent. Gjennomføres før 1.april

Følgjande vilkår for løyva:

- Bruk av snøskuter skal avgrensast til ruta som er godkjent av Vest politidistrikt, køyring skal vere i samsvar med øvingsplanen. Kjentmannsturane skal følgje traseane som er oppgitt i kartløyisinga [Luster RKH - øvingsplan kjentmannsturar 2024-2027 - SARTopo](#)
- ID 11, ID 12 og ID 19 skal gjennomførast **før 1. april** av omsyn til villrein.
- Køyringa, tal dagar og tal snøskuterar skal avgrensast til det som er strengt naudsynt innanfor løyveramma.
- Kjentmannsturane skal samordnast med nabokorps og skredgruppa, slik at turane vert køyrt samla, i tråd med godkjend øvingsplan.
- Tal snøskuterar bør reduserast til 4 om ikkje turen blir samkøyr med andre korps.
- SNO skal varslast seinast dagen før transport, og vil kunne gi melding om det må takast spesielle omsyn til villrein, og om nødvendig skal turen utsettast til tidspunkt der dyra ikkje blir forstyrta. Inn til vidare skal slik transport meldast til SNO v/ Jo Trygve Lyngved

(Skjåk) ved e-post til jo.trygved.lyngved@miljodir.no eller melding til mobilnummer 99240416, eller til Liv Byrkjeland (Luster) ved e-post liv.byrkjeland@miljodir.no eller melding til mobilnummer 99267670, Dersom fleire turar skal gjennomførast i ein avgrensa periode, kan dette varslast samla.

- Under køyring skal det takast særleg omsyn naturverdiar og evt. folk på tur i området. Dersom det blir observert villrein under køyringa, skal køyringa stoppast på god avstand til dyra har passert, evt. at ruta blir lagt om for å unngå unødig forstyrring av dyra. Det skal haldast ein avstand på minst 500 meter frå villrein.
- Snøskuterar tilhøyrande Luster Røde Kors Hjelpekorps skal vere merka med organisasjonen sin logo. Dersom det vert brukt andre snøskuterar som hjelpekorpsset disponerer, skal desse merkast slik at det går fram at dei er i hjelpekorpsset si teneste.
- Utskrift av dispensasjon skal vera med på turane, slik at øvingsleiar kan vise denne ved eventuell kontroll.
- Politiet varslar gjennom utsending av køyreordre før kvar kjentmannstur, jf. Retningsliner for kjentmannskøyning i verneområde.
- Dato, tal på snøskuterar, tal turar og køyrouter skal rapporterast til nasjonalparkforvaltar snarast råd etter øvinga, og seinast innan 1. juni kvart år.
- Forvaltinga ber om at evt. observasjonar av villrein vert teke med i rapporten.

Politiet varslar gjennom utsending av køyreordre før kvar kjentmannstur, jf. retningsliner for kjentmannskøyning i verneområde.

Vi gjer merksam på at dette løyvet er handsama i medhald av verneforskriftene, og at det i tillegg må innhentast samtykke frå grunneigarar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. Forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Vedlegg:

- 1 Vest Politidistrikt Vedtak Luster Røde Kors Hjelpekorps
- 2 Lom fjellstyre: Sak til orientering - godkjenning av øvingsplan
- 3 Luster kommune - Plan- og forvaltningstyre - dispensasjon- Luster Røde Kors Hjelpekorps
- 4 Luster Røde Kors Hjelpekorps- Oversikt over kjentmannsturar, øvingar og andre søknadspliktige turar
- 5 Uttale frå Villreinnemnda i Reinheimen-Breheimen
- 6 Breheimen NP - Mørkridsdalen LVO - Vigdalen LVO - dispensasjon - motorisert ferdseil - snødekt mark - 2024 -2027

Saksopplysningar

Luster Røde Kors Hjelpekorps (LRKH) har lagt fram øvingsplan med behov for kjentmannskøyning kvart av åra 2024-2027. Sju av kjentmannsturane omfattar areal innan

nasjonalparken/landskapsvernområda. Tre av turane knytt til sikker drift av hjelpekorpsset omfattar areal innan nasjonalparken/landskapsvernområda. LRKH har lagt opp til samarbeid med nabokorps på turane.

LRKH søker om kjentmannskøyring etter følgjande ruter i verneområda:

Øvingsplan (Kjentmannstur)

ID	Tidsrom	Innhold/formål	Sted	Antall scootere/ATV, inkl. nabokorps	Antall dager i perioden	Merknad/egen vurdering	Politiets godkjenning/vurdering
1	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Bjønningstegane - Viva - Styggevatnet - Sprongdalseggi - Ausdalsbreen - Viva	8	4	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent
2	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Fåberg - Holmevatnet - Arentzbu	8	2	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent
3	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Myri - Geisdalshalsane - Kvitekoven - Holmevatnet, Myri - Vetlegeisdalen - Kvitekoven	8	4	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent
4	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Myri - Vanndalen - Spørteggbu - Vangsen - Grånosi - Buskrednosi	8	2	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent
5	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Vigdalen - Buskrednosi - Kattøyra	8	2	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent
11	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrø område	Turtagrø - Nørdestedalsseter - Hardbardsbeen - Arentzbu	8	2	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent. Gjennomføres før 1.april
12	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrø område	Turtagrø - Nørdestedalsseter - Sota Sæter - Trulsbu - Medalsbu	8	4	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent. Gjennomføres før 1.april
19	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrø område	Turtagrø - Nørdestedalen-Stølsdalen via Kjerringhetta/Store vatnet - Turtagrø	8	2	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent. Gjennomføres før 1.april

Nyttekøyning i forbindelse med sikker drift av hjelpekorpsset

ID	Tidsrom	Innhold/formål	Sted	Antall scootere/ATV, inkl. nabokorps	Antall dager i perioden	Merknad/egen vurdering	Politiets godkjenning/vurdering
----	---------	----------------	------	--------------------------------------	-------------------------	------------------------	---------------------------------

23	Palme helga, fredag til mandag	Påskeberedskap	Huldehaugen - Nørdestedalsseter - Turtagrø	4	16	Nødvendig å holde beredskap i Nørdestedalen som har den lengste ruta i Breheimen, kritisk viktig ved uvær.
29	Januar/Februar/Mars/April/Mai	GW kartlegging	Spørteggbu	3	1	Nødvendig i forhold til samvirke
30	uke 4 til uke 17	GW kartlegging	Turtagrø - Nørdestedalsseter - Tussen	4	1	Service Nødnett - bistå DSBs entreprenør med transport til reflektorpunkt

Nasjonalparkforvaltar sende spørsmål og etterspurde dette i e-post 15 januar 2024:

«...»

Kan de skriva litt om grunnlaget for turane som gjeld GW kartlegginga på Spørteggbu og ved Tussen? ...»


Bjørn Hesjevoll Winge (Operativ leiar) i Luster Røde Kors Hjelpekorps svara 15 januar 2024:

«Tussen ser eg vi har forklart feil i øvingsplanen. Her er ikkje konkrete planar om å teste gateway, derimot er turen nyttig for å kunne transportere Nødnett sin entreprenør for service på reflektorpunktet som står der (leigekøyring). Vi har ikkje køyrt ruta frå Fivlemyrane til Tussen før, og kan ikkje ta på oss denne som leigekøyring før vi er trygge på eit fornuftig traséval.

Spørteggbu er tenkt som eit fornuftig punkt for å kunne betre nødnettdekning i området Vann dalen, Geisdalen, Geisdalshalsane og over mot Holmevatnet. Spesielt området Geisdalen-Geisdalshalsane-Holmevatnet, som vi har planlagt kjentmannstur (ID3) er det behov for å lage mellombels dekning ved aksjon og området ved Spørteggbu er truleg godt egna då ein kjem høgt og fritt i terrenget og tilkomsten bør vere overkommeleg (tilkomst får vi testa på kjentmannstur ID4).»

I samtale 20 februar fortalde Bjørn Hesjevoll Winge om behovet for ID 23. Behovet var knytt til førebygging og han viste til at det var behov for å ha løyve til fleire turar enn dei tidvis hadde brukt, då det kunne vera eit behov som ikkje vart dekt opp ved ei avkorting på tal turar.

Kartoversikt for øvingsplanen er tilgjengeleg her: [Luster RKH - øvingsplan kjentmannsturar 2024-2027 - SARTopo](#)



Figur 1 De raude markeringane er kjentmannskøyring, medan ruter merka med blå er nyttekøyring i forbindelse med sikker drift av hjelpekorpsset. Symbol som ser ut som ein Å er repeterstasjon/midlertidig sentral for samband – nødnett.

Vurdering – Vest politidistrikt

Vest politidistrikt har vurdert søknaden og vedteke godkjent øvingsplan. Nedanfor er det som gjeld generelle retningslinjer og Breheimen spesielt, gjengitt frå politiet si vurdering:

Før øvingsplanen kan godkjennes må det også gjøres en vurdering opp i mot Naturmangfoldloven §§ 8 - 12. I den forbindelse er øvingsplan og kart over øvingsområder/ traséer oversendt følgende for uttalelse:

- Villreinnemnda for Reinheimen og Breheimen
- Villreinnemnda for Sogn og Fjordane
- Verneområdeforvalter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde
- Verneområdeforvalter for Breheimen nasjonalpark
- Verneområdeforvalter for Jotunheimen nasjonalpark
- Luster kommune

Uttalelsene derifra er tatt med i vurderingen av øvingsplanen.

Øvingsaktivitet i verneområde

All øvingskjøring som kan legges utenfor et verneområde, **skal** legges utenfor et verneområde jfr. Miljøverndep. rundskriv 13/120. For å være i stand til å redde liv og ivareta egen sikkerhet vil det være behov for Røde Kors å legge noe øvingsaktivitet inn i

verneområder, og i praksis vil det bety kjentmannsturer i populære turområder hvor en må kunne forvente at det kan skje hendelser/aksjoner, herunder traséer mellom turisthytter. Dvs. at øving av ferdigheter/RK disipliner, skredøvelser, leiteaksjonøvelser m.m. skal skje utenfor verneområder.

Øvingsaktivitet i villreinområde

I villreinområder skal kjentmannsturene gjennomføres tidlig på vinteren. Vinteren er en sårbar tid for villrein hvor energisparing er viktig for dyrene. Forstyrrelser av dyrene som utløser fluktadferd om vinteren har derfor større følger enn tilsvarende flukt om sommeren.

I grenseområdene Skjåk-Luster skal det ikke gjennomføres kjentmannsturer etter **1 april**. Dette gjelder ID 11, 12 og 19 i øvingsplanen. For den øvrige delen av Breheimen skal kjentmannsturene gjennomføres før **20 april**.

Politiet har vurdert innholdet i øvingsplanen og kommet frem til at planen godkjennes med unntak av 3 aktiviteter (1 av disse gjeld Breheimen):

- **ID 16. Kjentmannstur Turtagrø – Sognefjellshytta – Nørstedalsseter**

I øvingsplanen har Luster RK satt opp en rekke kjentmannsturer i dette området. I tillegg til denne kjentmannsturen vil ID 11, 12 og 19 gå innom Nørstedalsseter. Politiet mener derfor denne traséen er godt dekket inn av de andre kjentmannsturene i øvingsplanen. Eventuelle § 6-turer til Nørstedalsseter vil komme i tillegg.

Politiet har i sin vurdering opplyst om ei uheldig sak som hende i Breheimen nasjonalpark i 2023:

«Politiet er gjort oppmerksom på at det vinteren 2023 var et tilfelle hvor medlem fra nabokorps lenger øst kjørte gjennom Breheimen til Nørstedalsseter for å delta på kjentmannstur til Trulsbu og Sota sammen med Luster RKH. Denne snøscooteren stod oppført på kjøreordren som ble gitt til Luster RKH. Politiet gjør oppmerksom på at mannskapene som skal delta på øvelser/kjentmannsturer må forholde seg til den godkjente øvingsplanen og den godkjente kjøreruten.»

Vest politidistrikt har godkjent planen slik:

ID	Tidsrom	Innhold/formål	Sted	Antall scootere/ATV, inkl. nabokorps	Antall dager i perioden	Merknad/egenvurdering	Politiets godkjenning/vurdering
1	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Bjønnstegane - Viva - Styggevatnet - Sprongdalseggi - Austdalsbreen - Viva	8	4	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent
2	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Fåberg - Holmevatnet - Arentzbu	8	2	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent
3	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Myri - Geisdalshalsane - Kvitekoven - Holmevatnet, Myri - Vetlegeisdalen - Kvitekoven	8	4	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent
4	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Myri - Vanndalen - Spørteggbu - Vangsen - Grånosi - Buskrednosi	8	2	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent
5	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Vigdalen - Buskrednosi - Kattøyra	8	2	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent
11	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrø område	Turtagrø - Nørdstedalsseter - Hardbardsbeen - Arentzbu	8	2	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent. Gjennomføres før 1.april
12	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrø område	Turtagrø - Nørdstedalsseter - Sota Sæter - Trulsbu - Medalsbu	8	4	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent. Gjennomføres før 1.april
16	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrø område	Turtagrø - Sognefjellshytta - Nørdstedalsseter-Turtagrø	8	4	Invitere med nabokorps og skredgruppa. Før kvista løype.	Ikke godkjent.
19	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrø område	Turtagrø - Nørdstedalen-Stølsdalen via Kjerringhetta/Storevatnet - Turtagrø	8	2	Invitere med nabokorps og skredgruppa	Godkjent. Gjennomføres før 1.april

ID 23, ID 29 og ID 30 er ikkje vurdert av politiet, då desse turane gjeld nyttekøyring i samband med sikker drift av hjelpekorpsset. Søknad om gjennomføring av desse turane vurderast av Luster kommune og Nasjonalparkstyret for Breheimen.

Luster kommune

Luster kommune har behandla saka i plan- og forvaltningsstyret 6 februar 2024 og har innvilga ID23 og ID 30 som det står i søknaden til Luster RK (Kunn tatt med dei som er relevante for Breheimen).

Lom fjellstyre

Lom fjellstyre har innvilga ID 11 og ID 12, og avventar behandlinga av ID 23 og ID 30 til det føreligg løyve frå kommune og verneområdeforvaltning.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Verneformål – forskrift

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1 (Formål), 4 og 5 (forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar) samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Formålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Omsynet til villrein er ein viktig del av verneformålet i Breheimen nasjonalpark.

Formålet med Mørkridsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande.

Formålet med Vigdal landskapsvernområde er å ta vare på eit natur og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande

Etter verneforskriftene for Breheimen nasjonalpark, Mørkridsdalen landskapsvernområde og Vigdalen landskapsvernområde §§ 3 pkt. 6.1, er motorferdsel på land, på vatn og i lufta under 300 m frå bakken forbode. Med heimel i verneforskriftene § 3 pkt. 6.3 a) kan forvaltningsmyndigheita likevel gi løyve til «*øvingskøyring for føremål nemnde i pkt. 6.2 a)*». Dette gjeld m.a. rednings- og oppsynsverksemd.

Miljøverndepartementet utarbeidde i samarbeid med Justisdepartementet i 2013 eigne retningslinjer for handsaming av søknader om bruk av snøskuter i utmark og i verneområde, datert 15.05.2020. Her står det mellom anna:

- Øvingane skal vera ein del av eit øvingsprogram.
- Det skal vera reelle øvingar.
- Øvingane skal innskrenkast til så avgrensa område og så kort tidsrom som mogleg for å unngå skader og ulemper for friluftsliv, naturoppleving og naturmiljø.
- Løyve vil gjelde for nødvendig køyring under organiserte redningsøvingar og omfattar ikkje grunnopplæring i bruk av snøscooter.
- Alle øvingar som kan leggjast utanfor eit verneområde, skal skje utanfor verneområde.
- Øvingsplanen skal godkjennast av lokal redningssentral. Lokal redningssentral skal også informere forvaltningsmyndigheita for verneområda og SNO.

I utgangspunktet er det forbod mot all motorferdsel i nasjonalparken og landskapsvernområdet, jf. verneforskriftene §§ 3, pkt. 6.1. Etter verneforskriftene pkt. 6.2 a) er reglane i pkt. 6.1 ikkje til hinder for «*Motorferdsel i samband med militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta. Regelen gjeld ikkje øvingskøyning.*» Forskriftene opnar likevel for at forvaltningsstyresmakta kan gi dispensasjon **til øvingskøyning** i medhald av § 3 pkt. 6.3.a): «**Øvingskøyning for formåla som er nemnde i pkt. 6.2 a).**»

Aktivitetane under ID 23, ID 29 og ID 30 i søknaden er ikkje ledd i øvingsplanen som er godkjent av politiet. «Forvaltningsmyndigheten skal som hovedregel bare kunne gi dispensasjon til øvingskøyning og kjentmannskøyning som ledd i en øvingsplan.» Desse turane blir derfor behandla etter naturmangfaldlova § 48.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for Breheimen nasjonalpark står følgande retningslinjer for redningstenesta sin øvingsverksemd i verneområda:

- Øvingsverksemd i verneområda er i utgangspunktet forbode.
- All øvingsverksemd som kan leggjast utanfor verneområdet, skal skje utanfor verneområdet.
- Øving i verneområda skal skje etter øvingsplan vurdert av politimeistrane. Etter vurderinga skal den sendast til nasjonalparkstyret og danne grunnlaget for søknad om dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48, jf. punkt 4, jf. brev frå Miljøverndepartementet dagsett 31.01.2013 (revidert 15.05.2020).
- Dersom øvingsplanen er forankra sentralt (på nasjonalt nivå) hjå Røde Kors Hjelpkorps, Norsk Folkehjelp, Norske redningshundar eller andre liknande større redningsorganisasjonar, og planen er i samsvar med vurderingar frå lokal redningssentral, skal nasjonalparkstyret normalt gje løyve til køyning som det er søkt om i planen, og også gje løyve for fleire år om gongen, såframt dette ikkje vil stride mot føremålet med vernet og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig. Det er fastsett krav til innhald i ein slik øvingsplan i Rundskriv frå Miljøverndepartementet og Justisdepartementet om redningstenestas bruk av snøscooter i utmark og i verneområde, datert 31.01.2013 (revidert 15.05.2020).

Naturmangfaldlova

Søknad om dispensasjon for bruk av snøskuter i samband med snøskredvurdering for eigne mannskap sin tryggleik og for å rigge gateway krev løyve etter § 48 første alternativ (Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder, 2020), og kan vurderast for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt før ein kan vurdere om ein kan gje dispensasjon. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Presedens

Det er fleire hjelpekorps som soknar til Breheimen og dei har i prinsippet kvar sin «primærteig» med utgangspunkt i dei mest nytta utfartsområda som soknar til verneområda. Fjellområdet er utsett for ver og vind, og særleg dei indre delane har behov for fleire «inngangar» slik at redningstenesta kan koma seg inn frå ulike kantar. Under større redningsaksjonar kan hjelpekorpsa ha behov for assistanse frå nabokorps. Det er store område som skal dekkast, og det er viktig at kompetansen lokalt vert bygd opp i fellesskap mellom dei ulike hjelpekorpsa som naturleg soknar til Breheimen. Med bakgrunn i retningslinjene om redningstenesta sin bruk av snøskuter i utmark og i verneområde, dannar ikkje kjentmannskøyringa presedens i andre saker.

Vurdering

Luster Røde Kors hjelpekorps søker om fleirårig løyve til motorisert transport i samband med kjentmannskøyring, påskeberedskap og testing av samband i verneområda i Breheimen nasjonalpark, Mørkridsdalen og Vigdalen landskapsvernområde. Dette gjeld kunn bruk av snøskuter. Det har tidlegare vore gjeve løyve til liknande motorisert transport tidlegare. Rapportering av bruken av tidlegare løyver har vore god, og det viser at den reelle motoriserte ferdselen ikkje er så stor som dispensasjonane har vore. Tradisjonelt har påska vore den viktigaste utfartsperioden vinterstid, men vi ser tendens til auka turaktivitet i større delar av året. Den frivillige redningstenesta er viktig for sikkerheita til folk på tur. Det er derfor viktig at korpsa får gjennomført nødvendig kjentmannskøyring slik at rednings- og leiteaksjonar kan gjennomførast effektivt og med høg sikkerheit for eigne mannskap. Mange aksjonar skjer med deltaking frå ulike korps og etatar. Dette krev god koordinering og det er derfor viktig at redningstenesta også får høve til å gjennomføre kjentmannskøyring der fleire korps/etatar er involvert.

Samtidig er det viktig at øvingsaktiviteten tek omsyn til verneformål og verneverdiar, t.d. dyreliv innanfor verneområda. Kjentmannskøyringa må avgrensast til det som er strengt naudsynt både i tid og rom. All øvingskøyring som kan leggast utanfor eit verneområde, **skal** leggast utanfor eit verneområde, jf. Retningslinjer om redningstenestenes bruk av snøscooter i utmark og i verneområder, Klima- og Miljødepartementet 2020. Dette er også understreka i Vest politidistrikt si godkjenning/vurdering av søknaden. Dvs. at øving av ferdigheiter/RK-disiplinar, skred- og søksøvingar m.m. skal skje utanfor verneområde.

Forvaltingsstyremakta skal etter retningslinjene vurdere om søknadane kan vere i strid med formålet med vernevedtaket eller om det kan påverke verneverdiane negativt.

Verneverdiane i Breheimen og tilgrensande landskapsvernområde er i stor grad knytt til ulike naturverdiar. Motorferdsel kan virke negativt på fauna i ein sårbar periode som kalving/hekking, rovfugl og villrein er spesielt utsett. Villreinens leveområde er eit av dei viktigaste formåla med vernet av Breheimen nasjonalpark, og villrein er ein art som er sårbar for ferdsel. Den har også krav til store beiteareal sommar og vinter, uforstyrta kalvingsområde, frie trekkveggar og tilgang på «reserveområder». Det er derfor viktig å ikkje gjere endringar på strukturen som er i dag med tanke på folks ferdselsmønster og ferdselsintensitet. I tillegg er støy frå motorisert ferdsel sjenerande for dei som driv med friluftsliv i området.

Sjølv om den enkelte transporten isolert sett vil påverke naturgrunlaget i liten grad, må søknaden vurderast etter prinsippet om samla belastning. Prinsippet skal sikre ei heilskapleg vurdering av tiltaket, og kva belastning økosystemet vert utsett for. Dette inneber at tiltaket ikkje skal sjåast isolert, men vurderast saman med den totale miljøbelastninga av andre

aktivitetar og tiltak i verneområdet. Bruk av snøskuter har vore akseptert som transportmetode gjennom fleire år, og påverknaden av transporten Luster Røde Kors hjelpekorps gjennomfører, i tillegg til anna motorferdsel og ferdslar i området, er vanskeleg å måle. I verneområda er det ei målsetting i forvaltningsplan om å halde motorisert ferdslar på eit minimum, og ikkje tillate meir motorferdsel enn ved vernetidspunktet. Av den grunn er det viktig at Luster Røde kors hjelpekorps effektiviserer transporten på ein slik måte at det ikkje blir køyrt fleire turar enn det som er strengt naudsynt. Det er også viktig å få gjennomført transporten til tider med lite påverknad på verneverdiane generelt. Normalt vil dette vera tidlegast mogleg på etterjulsvinteren. Villreinen er normalt fråverande i dei vestre områda der transportårene går.

I *kvalitetsnormen for villrein* vart Sota sæter definert som eit nytt fokusområde. Tidlegare har aktiviteten ved Sota sæter vore sesongbasert, men i dag er det tilnærma heilårsdrift på DNT-hytta, med bl.a. organiserte turar både sommar og vinter. I kvalitetsnormen står det at aktiviteten ved Sota sæter kan påverke trekkpassasjen frå Sekken og over dalen til Sotflyi, men i tillegg også trekket forbi Illvatnet og arealbruken sørover inn i Luster kommune. Trafikken av folk er i følgje kvalitetsnormen for det meste konsentrert mot Tverrådalen og Tverrådalsskyrkja, i samband med toppturar hele året. Det er viktig at ein trekkpassasje blir opprettheldt frå Sota sæter og vestover for at villreinen skal få utnytte dei sørvestre områdene i Breheimen. Ruta frå Sota til Trulsbu om Lundadalen er spesielt sårbar dess seinare på vinteren transporten skjer, p.g.a. fostringsflokkane trekker inn i området for å kalve.

I kvalitetsnormen for villrein er Sognefjellet definert som eit fokusområde. Dette området er eit utvekslingsområde mellom to villreinområda; Reinheimen-Breheimen og Vest-Jotunheimen. Det er utfordringar knytt til Sognefjellsvegen, og innfallsportar i terrenget. Det er fleire eldre trekkpassasjar som ikkje har blitt brukt i seinare tid.

Enkelt friluftsliv er ein del av verneformålet i Breheimen nasjonalpark, og Luster Røde Kors hjelpekorps byggjer oppunder dette ved å halda beredskap i fjellområda våre på eit høgt fagleg nivå. Dette skapar tryggleik for dei som ferdast, samstundes så er det eit krevjande terreng og eit fjellområde kor ein som ferdast ikkje kan forventa å verta redda innan kortare tidsperiode. Hjelpekorpsset og politiet har vurdert eit særleg behov for å drive kjentmannskøyring i Breheimen og langs kvista løyper i sentrale delar av Breheimen og landskapsvernområda, mellom turisthyttene utanfor nasjonalparken (Turtagrø, Sognefjellshytta, Nørstedalssæter og Sota sæter) og Arentzbu, Sprongdalshytta, Trulsbu (innanfor nasjonalparken og landskapsvernområda).

Vest politidistrikt har godkjent kjentmannsturar sju ruter som rører ved Breheimen NP, Mørkrisdalen LVO og Vigdalen LVO:

- ID 1 Bjønnstegane- Viva-Styggevatnet-Sprongdalseggi-Austerdalsbreen-Viva er **godkjent** av politiet.
- ID 2 Fåberg-Holmevatnet-Arentzbu er **godkjent** av politiet
- ID 3 Myri-Geisdalshalsane-Kvitekoven -Holmevatnet-Myri-Vetlegeisdalen -Kvitekoven er **godkjent** av politiet.
- ID 4 Myri-Vanndalen-Spørteggbu -Vangsen-Grånosi-Buskrednosi er **godkjent** av politiet
- ID 11 Turtagrø – Nørstedalssæter – Hardbardsbreen – Arentzbu er **godkjent** av politiet med vilkår om gjennomføring før 1 april.

- ID 12 Turtagrø -Nørstedalsseter -Sota Sæter – Trulsbu – Medalsbu -er **godkjent** av politiet med vilkår om gjennomføring før 1 april.
- ID16 Turtagrø – Sognefjellshytta - Nørstedalsseter – Turtagrø er **ikkje godkjent** av politiet. Denne kjentmannsturen er dekkja inn av ID 11, ID 12 og ID 19.
- ID 19 Turtagrø – Nørstedalen – Stølsdalen via Kjerringhetta/Storavatnet – Turtagrø er **godkjent** av politiet, med vilkår om gjennomføring før 1 april.

ID 23, ID 29 og ID 30 er ikkje vurdert av politiet, då desse turane gjeld *nyttekøyning* i samband med sikker drift av hjelpekorpsset. I følge Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder, brev frå Klima- og Miljødepartementet av 15. mai 2020, «skal øvingskjøringen ivareta behovene som den enkelte organisasjon har, slik at de kan gjennomføre en effektiv redningsaksjon med høy sikkerhet for egne mannskaper. Samtidig skal øving skje på en måte som ivaretar hensynet til naturmangfold, friluftsliv og naturopplevelser. Dette er særlig viktig innenfor verneområder, der områdets verneverdier skal beskyttes. All øvingsvirksomhet som kan legges utenfor et verneområde, **skal** derfor foregå utenfor verneområdet».

ID 23 Huldehaugen - Nørstedalsseter-Turtagrø. Luster RK har påskeberedskap i palmehelga ved Nørstedalsseter og det er søkt om moglegheit til å køyre strekning med 4 snøskutera/ATV 16 dagar i perioden, dvs. ein har moglegheit til å køyre med 4 snøskutera/ATV kvar dag i denne firedagars perioden i palmehelga kvart år i perioden. Luster RK har i telefonsamtale 20 februar opplyst om at behovet er knytt til beredskap og førebygging, og at det er kritisk viktig ved uvær sidan dette er den lengste ruta i Breheimen. I køyrebok for 2023 og 2022 er det gjennomført 1 tur t/r kvart år. Påske er ei tid då mange ferdast i fjellet og det er auka sannsyn for at redningsaksjonar oppstår. I Breheimen ser ein ei stor nedgang i vinterovernattningar frå 2017 og fram til i 2022 (2017:108 stk, 2022-53 stk) ved Nørstedalsseter turisthytte. Luster RK har vurdert behovet for kjentgjering i andre delar av breheimen enn tidlegare, dette er i tråd med forvaltar sitt inntrykk om bruken av dei vesteleg delane av fjellområda har auke. Ein ser derimot ikkje at behovet for motorisert ferdsel minkar i dei områda med minkande ferdsel. Motorisert ferdsel knytt til påskeberedskap kan også gjennomførast samtidig med ID 12 og ID 19.

Det er fleire grunneigarar på strekinga og Lom fjellstyre har i møte 19.02.24 kome med ei oppmoding til nasjonalparkstyret om å « *grundig vurdering kring kor hyppig dei ulike kjentmannsturane i verneområde treng gjennomførast, og kor mange snøscooterar som trengst på kvar tur. Kanskje er det tilstrekkeleg med annakvart år, og 4-5 snøscooterar. Dette er likevel ei vurdering som verneområdeforvaltninga i saman med politiet og det lokale hjelpekorpsset må stå for*». Forvaltar tilrår at ID 23 vert innvilga med vilkår.

ID 29 er oppgitt til å vera naudsynt for samvirke. ID 29 er **ikkje** innvilga av Luster kommune, då det er samanfallande trase som kjentmannstur ID 4, og Luster kommune har vurdert behovet som dekkja av ID 4. Luster RK har sjølv beskrive at Spørteggbu er eit fornuftig punkt for å kunne betra naudnettdekinga i området Vanddalen, Geisdalen, Geisdalshalsane og over mot Holmevatnet (ID 3), og tilkomsten til Spørteggbu får Luster RK gjennom ID 4. Forvaltar tilrår at ID 29 vert gjennomført i samband med ID 4, eller at Luster RK nyttar andre ferdselsmåtar.

ID 30 gjeld ruta Turtagrø – Nørstedalsseter – Tussen, og behovet knytt til å bistå DSB sine entreprenør med transport til reflektorpunkt. Luster RK opplyser i e-post 15 januar at dei ikkje har køyrt ruta frå Fivlemyrane til Tussen før, og at dei ikkje kan ta på seg denne som leigekøyning før dei er trygge på eit fornuftig traseval. Dette punktet på søknaden gjeld Luster RK som leigekøyrrar i området, og ikkje som redningsteneste. Luster RK har leigekøyning for Luster kommune i området aust for Mørkridsdalen og Lustrafjorden.

I forvaltningsplan under pkt. 3.9 *Motorferdsel* står det at det er eit mål å halde omfanget av motorferdsla så lågt som mogleg. Bruk av helikopter vil vera meir føremålsteneleg og meir miljøvenleg enn snøskuter i ein del tilfelle. For å koma til DSB sitt reflektorpunkt på Tussen vil ein måtte køyre snøskuter over eit stort fjellområde. Dersom det er værforhald som gjer til at ein ikkje kan bruka helikopter til reflektorpunktet, så er det stor sannsyn for at dei same værforhald gjer det uframkomleg med snøskuter i desse fjellområda. Tidlegare praksis i høve motorferdsel knytt til reflektorpunktet har vore bruk av helikopter. I det enkelte tilfellet med reflektorpunktet på Tussen tilrår forvaltar å avslå ruta, då det er meir formålsteneleg med helikoptertransport til reflektorpunktet i høve påverknad på verneverdiane i Breheimen nasjonalpark og Mørkridsdalen landskapsvernområde.

Øvingsplanen for Luster Røde Kors Hjelpekorps er godkjent av Vest Politidistrikt for bruk av både snøskuter og ATV på alle kjentmannsturar. Nasjonalparkforvaltar har i e-post med miljødirektoratet 23. 02. 2023 fått opplysningar om at «*KLD har gitt retningslinjer for redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder (...) Disse retningslinjene omtaler bare bruk av snøskuter og ikke bruk av annet fremkomstmidler. En snøskuter er etter veitrafikkloven å anse som en beltemotorsykkkel, mens en ATV enten registreres som traktor, motorsykkkel eller moped. Selv om det blir montert belter på en ATV, vil ikke kjøretøyet automatisk bli en beltemotorsykkkel i veitrafikklovens forstand.*

Vi legger til grunn at ordlyden i retningslinjene har vært bevisst fra departementet og at det derfor er snøskuter som skal benyttes til denne typen kjøring.»

Forvaltar tilrår at Luster Røde Kors Hjelpekorps får avslag i bruk av ATV knytt til kjentmannsturar, øvingar og liknande innanfor verneområda til Breheimen nasjonalpark.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området og konsekvensane av transportane. Med bakgrunn i forvaltningsplanen for Breheimen, databasar (Naturbase og Artsdatabanken), ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. For å ivareta naturmiljøet kan forvaltningsmyndigheita bl.a. stille villkår som har som formål å avgrense ein eventuell skadeverknad av eit eventuelt løyve.

Den samla belastninga som økosystemet blir utsett for blir vurdert som liten til middels dersom villkåra i denne saka blir følgt. Lom fjellstyre har i sitt vedtak 19 februar oppmoda om ei grundig vurdering kring kor hyppig kjentmannsturane i verneområda treng gjennomførast.

I 2023 har nasjonalparkforvaltar vore i dialog med nabokorps som grensa til Luster RK , og vore i dialog om at blant anna ei bevisstgjerig for behovet for kjentmannsturar på allereie kjende ruter i nasjonalparken. Denne dialogen har gjort til at nabokorpset imøtekom forvaltninga på blant anna at kjentmannsturar på allereie kjende ruter fortrinnsvis vert søkt som ein tur pr periode med inntil fire til fem snøskutrar. I verneområda er det ei målsetting i forvaltningsplan om å halde motorisert ferdsel på eit minimum, og ikkje tillate meir motorferdsel enn ved vernetidspunktet. Prinsippet skal sikre ei heilskapleg vurdering av tiltaket, og kva belastning økosystemet vert utsett for. Dette inneber at tiltaket ikkje skal sjåast isolert, men vurderast saman med den totale miljøbelastninga av andre aktivitetar og tiltak i verneområdet. Bruk av snøskuter har vore akseptert som transportmetode gjennom fleire år, og påverknaden av transporten Luster Røde Kors hjelpekorps gjennomfører, i tillegg til anna motorferdsel og ferdsel i området, er vanskeleg å måle. Utfordringa av å måle effekt av eit tiltak skal ikkje påverke verneverdiane negativt. Då både Reinheimen-Breheimen og

Vest-Jotunheimen villreinområde er kategorisert som middel gjennom kvalitetsnorma, som er utarbeida i førre søknadsperiode, tilrå forvaltar å bruke føre- var prinsippet for ID 23, samt avgrense tal snøskutrar generelt til å vera fire knytt til kjentmannsturane, med unntak av når Luster RK samarbeida med nabokorps.

Ut over det kan ein ikkje sjå at bruken av snøskuter i dette tilfellet vil påverke verneføremålet eller verneverdiane nemneverdig, og det er derfor ikkje naudsynt å ta i bruk føre-var-prinsippet elles i saka, men det er ei oppmoding til Luster RK om å ta i bruk same framgangsmåte som nabokorps med tanke på behovsvurdering av motorisert ferdsl knytt til kjentmannsturane. Det er viktig at all transport blir gjennomført på ein skånsam måte for å redusere påverknaden på bl.a. villreinen. Tilviste transportruter er lagt med tanke på minst mogleg forstyrring av villreinen, men det kan dukke opp villrein i alle område. Førar må derfor ta kontakt med Statens naturoppsyn Breheimen (SNO) før køyringa startar. Dersom det er kjennskap til om det er villrein langs den planlagde køyreruta, kan SNO gje informasjon om dette. Dersom villrein skulle dukke opp er det viktig å vike frå tilvist rute slik at reinen ikkje blir skremt (§§ 8-10).

Det er vurdert at tiltaket ikkje vil medføre miljøforringing, men tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er naudsynte for å sikre at naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort, kan tiltakshavar bli pålagt å iverksette tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder blir det vurdert at transport på vinterføre med snøskuter er det mest skånsame transportmidalet i denne samanhengen. For å effektivisere rapportering av køyrelogg/skjema er det ynskjeleg med elektronisk rapportering (t.d. Ferdast/GPX filer eller liknande), dersom Luster Røde Kors Hjelpekorps kan bidra i dette arbeidet, så er det positivt. Det blir lagt vekt på å setja vilkår som regulerer verksemda for å unngå eventuell skade på natur og miljø (§§ 11-12).



Bjørn Hesjevoll Winge
Luster RKH

VEST POLITIDISTRIKT

Deres referanse:

Vår referanse:

Sted, Dato:

Bergen, 30.11.2023

ØVINGSPLAN VINTER 2024-2027 FOR LUSTER RØDE KORS HJELPEKORPS

Viser til din epost 26.10.23 med vedlagt 4-årig øvingsplan for Luster Røde Kors Hjelpekorps.

I følge Motorferdselloven §4a er motorferdsel tillatt i forbindelse med redningstjeneste. I Rundskriv T1-96 slås det fast at bestemmelsen også hjemler motorferdsel i forbindelse med øvelses- og utdanningsvirksomhet for bl.a. Røde Kors og andre frivillige redningsorganisasjoner. Øvelsene må være ledd i et øvelsesprogram, altså reelle øvelser som er et ledd i redningstjenesten.

Før øvingsplanen kan godkjennes må det også gjøres en vurdering opp i mot Naturmangfoldloven §§ 8 - 12. I den forbindelse er øvingsplan og kart over øvingsområder/traséer oversendt følgende for uttalelse:

- Villreinnemnda for Reinheimen og Breheimen
- Villreinnemnda for Sogn og Fjordane
- Verneområdeforvalter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde
- Verneområdeforvalter for Breheimen nasjonalpark
- Verneområdeforvalter for Jotunheimen nasjonalpark
- Luster kommune

Uttalelsene derifra er tatt med i vurderingen av øvingsplanen.

Øvingsaktivitet i verneområde

All øvingskjøring som kan legges utenfor et verneområde, **skal** legges utenfor et verneområde jfr. Miljøverndep. rundskriv 13/120. For å være i stand til å redde liv og ivareta egen sikkerhet vil det være behov for Røde Kors å legge noe øvingsaktivitet inn i verneområder, og i praksis vil det bety kjentmannsturer i populære turområder hvor en må kunne forvente at det kan skje hendelser/aksjoner, herunder traséer mellom turisthytter. Dvs. at øving av ferdigheter/RK-disipliner, skredøvelser, leiteaksjonøvelser m.m. skal skje utenfor verneområder.

Øvingsaktivitet i villreinområde

I villreinområder skal kjentmannsturene gjennomføres tidlig på vinteren. Vinteren er en sårbar tid for villrein hvor energisparing er viktig for dyrene. Forstyrrelser av dyrene som utløser fluktadferd om vinteren har derfor større følger enn tilsvarende flukt om sommeren.

Vest politidistrikt

Miljøavsnittet
Post: Postboks 85, 6901 Florø
Besøk: Allehelgens gate 6, Bergen


Tlf: 55 55 63 00
Faks: 55 55 65 50
E-post: miljo.vest@politiet.no

Org. nr.: 983 998 461
Giro:
www.politi.no

I grenseområdene Skjåk-Luster skal det ikke gjennomføres kjentmannsturer etter **1.april**. Dette gjelder ID 11, 12 og 19 i øvingsplanen. For den øvrige delen av Breheimen skal kjentmannsturene gjennomføres før **20.april**.

Verneområdeforvalter for Jotunheimen NP uttaler at "*Villreinen i Vest-Jotunheimen byrjar normalt å trekke mot kalvingsområda rundt 10.april, medan sjølve kalvinga føregår litt ut i mai månad. Den tida dyra trekker til kalvingsområdet er ein særlig kritisk periode for dyra. Områda i Hurrungane – Turtagrø – Fanaråki er elles viktige vårbeiteområde for reinsbukkane*".

I Miljødirektoratets Naturbase er følgende område i Vest-Jotunheimen markert som villreinens vinterbeite (blå prikker) og kalvingsområde (sort skravering):



www.geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase


Øvingsaktivitet i dette området skal i all hovedsak gjennomføres før **1.april**.

SNO skal kontaktes i forkant av øvelsen/kjentmannsturen for å avklare om det er dyr i området. Om nødvendig skal turen utsettes til tidspunkt hvor dyrene ikke forstyrres. Observeres det villrein underveis skal kjøringen stanses på god avstand til dyrene har passert, evt. at ruten legges om for å unngå unødig forstyrrelser av dyrene. Det skal holdes en avstand på minst 500 meter fra villrein.

Andre aktiviteter enn kjentmannskjøring som øving av ferdigheter/RK-disipliner, skredøvelser, leiteaksjonøvelser m.m. skal, så langt det lar seg gjøre, gjennomføres utenfor villreinområde.

Politiet har vurdert innholdet i øvingsplanen og kommet frem til at planen godkjennes med unntak av 3 aktiviteter:

- **ID 15. Kjentmannstur Turtagrø – Skogadalsbøen – Olavsbu - Turtagrø**
Motorferdsel i verneområde og villreinområde skal begrenses til et minimum. Politiet mener denne kjentmannsturen dekkes inn av ID 14 (kjentmannstur *Turtagrø - Simlenosi - Olavsbu - Leirvassbu - Turtagrø*) og at Luster RK kan legge inn avstikker til Skogadalsbøen under denne kjentmannsturen. Deler av denne traséen dekkes også inn av ID17 i øvingsplanen (*Turtagrø - Sognefjellshytta - Vetle Utladalen - Guridalen - Turtagrø*).
- **ID 16. Kjentmannstur Turtagrø – Sognefjellshytta - Nørdestedsseter**
I øvingsplanen har Luster RK satt opp en rekke kjentmannsturer i dette området. I tillegg til denne kjentmannsturen vil ID 11, 12 og 19 gå innom Nørdestedsseter. Politiet mener derfor denne traséen er godt dekket inn av de andre kjentmannsturene i øvingsplanen. Eventuelle §6-turer til Nørdestedsseter vil komme i tillegg.
- **ID 21. Øvelse leteaksjon m/snøscooter i område Turtagrø - Storavatnet**
Luster RK har søkt om bruk av inntil 16 snøscootere/ATV i inntil 4 dager i forbindelse med leteaksjon-øvelse på Sognefjellet i tidsrommet uke 4-10. Øvingsområdet er markert i kart og strekker seg fra Turtagrø til Storevatnet og Sognefjellshytta (grønn skravering):



Øvingsområdet ligger i villreinområde og innenfor det som er registrert som vinterbeite.

Turtagrø er et populært utfartssted for skiturister, både toppturer og til turisthytter, og derfor et aktuelt område for leteaksjoner. Et moment i øvelsen er i tillegg samhandling med andre nabokorps. Det er viktig at korpene får gjennomført nødvendig trening og øvelser slik at rednings- og leteaksjoner kan gjennomføres effektivt og med høy sikkerhet for egne mannskap. Mange aksjoner skjer med deltakelse fra ulike korps og etater. Dette krever god koordinering og det er derfor viktig at redningstjenesten også får anledning til å gjennomføre større øvelser hvor flere korps/etater er involvert.

Samtidig er det viktig at øvingsaktiviteten tar hensyn til dyreliv, og i dette området er det spesielt villrein en må ta hensyn til. Naturforvalter i Luster Kommune uttaler at *"ID21 (leiteaksjon) er planlagt i eit viktig trekkområde for utveksling mellom villreinstammene i Vest-Jotunheimen og Breheimen"*.

Nasjonalparkforvalter for Breheimen skriver følgende om ID21: *"Dette er lagt til eit funksjonsområde for villrein mellom Vest-Jotunheimen og Reinheimen-Breheimen. Ein bør unngå å leggja øving til viktige funksjonsområder som er forankra i regional plan for Reinheimen-Breheimen"*.

Politiet ber om at Luster RK avgrensar øvingsområdet til det som er nødvendig for å gjennomføre øvelsen og i størst mulig grad holder seg i randsonen av villreinområdet. Videre at Luster RK vurderer om denne øvelsen kan gjennomføres et annet sted som ligger utenfor villreinområde. Luster RK bes også vurderer om det er nødvendig med bruk av snøscooter/ATV i inntil 4 dager ifm gjennomføring av øvelsen.

Politiet godkjenner foreløpig ikke denne øvelsen, men ber om at Luster RK sender inn egen søknad for denne øvelsen med mer detaljert plan for gjennomføring hvor også øvingsområde er vurdert på nytt.

Politiet har videre følgende merknader til øvingsplanen:

- **ID 8. Kjentmannstur Turtagrø – Berdalen – Middagshaug**
For å begrense antall dager med motorferdsel i dette området mener politiet at denne kjentmannsturen kan kombineres med ID 10, eventuelt med ID13.
- **ID 9. Kjentmannstur Turtagrø – Dyrhaugsryggen - Skagastølsbu**
Av hensyn til villrein er ønskelig å begrense motorferdsel i dette området til et minimum. Politiet mener at denne turen kan gjennomføres i forbindelse med ID 13 (kjentmannstur *Turtagrø - Ringsdalen - Lauvnostind - Berdalsbreen – Turtagrø*).
- **ID 20. KSOR Vinter i område Vortefjell/Engjadalen**
Luster RK søker om bruk av snøscooter/ATV i forbindelse med årlig KSOR-vinterkurs i Engjadalen/Vorfjellet i tidsrommet uke 3-10.

Røde Kors Hjelpekorps er viktige ressurser ved søk og redningsaksjoner i fjellet. For å kunne gjennomføre aksjoner effektivt og med høy sikkerhet for egne mannskap er det viktig at mannskapene innehar nødvendig kompetanse. KSOR-kurset (Kvalifisert søk og redning) gir mannskaper i Røde Kors Hjelpekorps kompetanse innen ulike aksjonstyper vinterstid. For å kunne gjennomføre KSOR-kurset på en god måte er det nødvendig å ta i bruk snøscooter/ATV til transport av mannskap/instruktører og øvingsmateriell, samt at bruk av snøscooter/ATV også vil være et moment under kurset.

Luster RKH har planlagt å gjennomføre KSOR-kurset i et avgrenset område i Engjadalen/Vorfjellet i Gaupne (se rød markering i kart):



Øvingsområdet vil ikke berøre verneområde men det ligger innenfor Reinheimen-Breheimen villreinområde. I forbindelse med saksbehandling av øvingsplan for Luster RKH 2020-2023 ga Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen villreinområde uttalelse til øvingsplanen. Uttalelsene fra Villreinnemnda er tatt med i vurderingen av denne søknaden.

Sekretær for Villreinnemnda uttalte følgende den 20.12.19:


"Spesielt for grenseområda mellom Skjåk og Luster: Normalt oppheld villrein seg nord for Lundadalen i Skjåk på vinterbeite. På våren trekker bukkane sør-vestover. Det er ynskjeleg med auka arealbruk sørvestover mot og inn i Luster i dei områda villrein har brukt aktiv i tidlegare tider. Det er derfor viktig å unngå å forstyrre villrein på trekk sørvestover på våren".

Øvingsområdet beskrevet i planen ligger helt i utkanten av villreinområdet og i tillegg er dette kurset planlagt tidlig på vinteren. Politiet vurderer det derfor slik at denne øvingsaktiviteten ikke vil komme i konflikt med villrein. Dersom det likevel blir observert villrein i området skal aktiviteten stanses til dyrene har trukket unna, eller aktiviteten flyttes til annet område hvor dyrene ikke forstyrres.

Ved tidligere KSOR-kurs (2020 og 2023) har Luster RK søkt om bruk av inntil 3 snøscootere i 1 dag. For denne perioden har korpset, slik politiet leser øvingsplanen, søkt om bruk av inntil 4 snøscootere/ATV i totalt 4 dager pr kurs. Politiet kan ikke se at behovet for antall dager med motorferdsel skal ha økt fra 1 til 4 dager fra i fjor og godkjenner derfor bruk av 4 snøscooter/ATV inntil 1 dag pr KSOR-kurs.

- **ID 22. Vinterøvelse skred i Turtagrø-området**

Luster RK søker om bruk av inntil 6 snøscootere/ATV i inntil 3 dager pr øvelse i forbindelse med vinterøvelse skred i Turtagrø-området i tidsrommet uke 1-12. Øvingsområdet er beskrevet i kart (grønn skravering):



Som beskrevet over er dette et svært populært turområde hvor en må forvente at det skjer fremtidige hendelser. Også dette øvingsområdet ligger innenfor villreinområde, og i følge naturforvalter for Luster kommune er dette et fokusområde for villrein (vinterbeite) hvor motorferdsel bør begrenses til et minimum. I tillegg ligger en liten del av øvingsområdet innenfor verneområde.

All øvingskjøring som kan legges utenfor et verneområde, **skal** legges utenfor et verneområde jfr. Miljøverndep. rundskriv 13/120. Slik politiet vurderer er det ikke behov for at skredøvelsen legges inn i verneområde.

Av hensyn til villreinen ber politiet om at øvingsområdet for ID22 begrenses ytterligere og at bruk av snøscooter/ATV i størst mulig grad foregår helt i randsonen av villreinområde, og da først og fremst området rundt Turtagrø. Videre ber politiet Luster RK vurdere om det er nødvendig med totalt 3 dager med motorferdsel ifm øvelsen og at bruken av snøscooter/ATV begrenses til et minimum.

- Politiet er gjort oppmerksom på at det vinteren 2023 var et tilfelle hvor medlem fra nabokorps lenger øst kjørte gjennom Breheimen til Nørdestedalsseter for å delta på kjentmannstur til Trulsbu og Sota sammen med Luster RKH. Denne snøscooteren stod oppført på kjøreordren som ble gitt til Luster RKH. Politiet gjør oppmerksom på at mannskapene som skal delta på øvelser/kjentmannsturer må forholde seg til den godkjente øvingsplanen og den godkjente kjøreruten.

Legger ved øvingsplan for Luster RKH med politiets godkjenning/vurdering, samt mal for kjøreordre som skal fylles ut og sendes Miljøavsnittet i Vest pd: miljo.vest@politiet.no så vidt mulig innen 48 timer før øvelsen starter.

For øvelsene som berører verneområder må det også innhentes dispensasjon fra verneområdeforvalter.

Klagerett

Vedtaket kan påklages innen 3 uker jf. forvaltningsloven §§ 28-29.

Med hilsen



Bjørn Helge Skurtveit

Politioverbetjent / Miljøkrimkoordinator

Vest politidistrikt

Kopi til:

- Villreinnemnda for Sogn og Fjordane
- Villreinnemnda for Reinheimen og Breheimen
- Villreinnemnda for Vest-Jotunheimen
- Nasjonalparkforvalter for Breheimen
- Nasjonalparkforvalter for Jotunheimen og Utladalen
landskapsvernområde
- Luster kommune

Fra: Åsmund Galde[asmund.galde@fjellstyrene.no]

Sendt: 20.02.2024 19:27:22

Til: Sveen, Kari;Nedrelo, Eldrid;Stokkenes, Aina-Elise Bolstad;Grevrusten, Stein Magne[kari.sveen@statsforvalteren.no;eldrid.nedrelo@statsforvalteren.no;aina-elise.bolstad.stokkenes@statsforvalteren.no;stein.grevrusten@statsforvalteren.no]

Tittel: Sak til orientering - godkjenning av øvingsplan

Vedlagt til orientering ligg sak 9/2024 i Lom fjellstyre, om godkjenning av øvingsplan for Luster røde kors hjelpekorps, der det vart gjort slik vedtak:”

«Fjellstyret vil peike på at den samla aktiviteten knytt til kjentmannskjøring i verneområda våre er stor, og vil oppmode til grundig vurdering kring kor hyppig dei ulike kjentmannsturane i verneområde treng gjennomførast, og kor mange snøscooterar som trengst på kvar tur. Kanskje er det tilstrekkeleg med annakvart år, og 4-5 snøscooterar. Dette er likevel ei vurdering som verneområdeforvaltinga i saman med politiet og det lokale hjelpekorpsset må stå for.

Med heimel i fjellova §12 gjev Lom fjellstyre rettighetshavers løyve til bruk av snøskuter for ID. 11, 12 og 14 slik som skissert i øvingsplanen.

Fjellstyret vil vente behandling av ID. 23 og 30 fram til det ligg føre løyve frå kommunen og verneområdeforvaltinga.»

Med helsing

Åsmund Galde
dagleg leiar/fjelloppsyn
Tlf: +47 92893226

Lom Fjellstyre
Adr: Brubakken 2
N-2686 Lom
E-post: lom@fjellstyrene.no
WEB: www.lom-fjellstyre.no

LOM FJELLSTYRE





Luster Røde Kors

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.c/o Linda Goldmann Røslébkane 50B
6868 GAUPNE

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

Dykkars ref.

Vår ref.

Dato

Klikk eller trykk her

24/157 - 4

08.02.2024

for å skrive inn tekst.

Øvingsplan for Luster Røde Kors Hjelpekorps 2024-2027

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

Plan- og forvaltningsutvalet - 03/24, har i møte 06.02.2024 fatta følgjande vedtak:

Med heimel i «Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag» § 6 og kommunale retningslinjer for handsaming av motorferdselsaker i Luster kommune, gjev Luster kommune søkjar Røde Kors Luster Hjelpekorps løyve til motorferdsel i tidsrommet 10.2.2024 til 1.5.2027 etter øvingsplan vist nedanfor, på vilkår.

ID	Tidsrom	Føremål	Stad	Tal køyretøy	Tal dagar	Villrein/verneområde
23	Palmehelg, fredag til mandag	Påskeberedskap Nørstedalen, lengste ruta i Breheimen, kritisk viktig ved uvær.	Huldehaugen - Nørstedalsseter - Turtagrø	4	8	Ja / Breheimen
24	Palmehelg, fredag til mandag	Påskeberedskap passasjen ved tappetunnellen Bualøyfti-Midtdalsvatnet	Nørstedalsseter - Medalsbu - Nørstedalseter	4	8	Ja
25	Hele påske.	Påskeberedskap, klarere scootertrase for pasienttransport lukehus ved Fivlemyranedammen	Nørstedalsseter - Fivlemyrane - Nørstedalseter	4	16	Ja
27	Januar-1. april	Ettersyn og vedlikehold av	Turtagrø - Steinanosi via Galgeberg	3	16	Ja

Postadresse

Luster kommune

Postboks 77

6866 Gaupne

Telefon

+ 47 57 68 55 00

Kontonr.

3785 07 00142

Org.nr.

964 968 241

E-post

postmottak@luster.kommune.no

Heimeside

http://www.luster.kommune.no

		RKH4 VHF samband.				
30	Uke 4 til uke 17	GW kartlegging. Service Nødnett - bistå DSBs entreprenør med transport til reflektorpunkt.	Turtagrø - Nørdstedalsseter - Tussen	4	1	Ja / Breheimen

Endring:

ID 26 vert delvis innvilga med 3 turar pr. år som gjennomførast innan pinsehelga, eller innan 1.juni dersom pinsa er i mai.

ID 23 vert innvilga med 4 turar pr. år.

ID 24 vert innvilga med 4 turar pr. år.

ID 27 kan gjennomførast i perioden som omsøkt, innan 1. juni.

Plan og forvaltningsutvalet legg og til at om Røde Kors klarar å redusere tal turar i forhold til kva som er innvilga, så skal ikkje talet gjennomførte turar føregåande år leggest til grunn når ny søknad handsamast.

Vilkår:

- **All aktivitet som kan planleggast utanom søndagar og helgedagar skal gjennomførast på kvardagar og laurdagar.**
- **Alle skuterane skal vere merkte med organisasjonen sin logo eller namn, dette gjeld også om dei er private. Alternativt kan føraren bere vest med godt synleg logo.**
- **Utskrift av dispensasjon skal vera med på turane, for framvising ved eventuell kontroll.**
- **Før turen gjennomførast skal SNO kontaktast for å avklare om det er villrein i området. Om naudsynt skal turen utsettast for å ikkje forstyrre dyra. Om det vert observert villrein skal del takast omsyn og vente til dyra er trekt unna og la dei passere, eller køyre om dyra i le vindretning på minst 500 m avstand. Meld frå til SNO om villreinobservasjon.**
- **Det skal ikkje køyrast meir enn naudsynt, og køyringa skal gå føre seg på ein måte som er skånsom og minst mogleg sjenerande for vilt og menneske i fjellet.**
- **Dersom det er mogleg ved å slå saman ulike ærend eller på annan måte, skal Røde Kors redusere talet på turar med snøskuter.**
- **Rapport/ køyrebok skal sendast til kommunen etter kvar sesong.**

Vi gjer merksam på at det også er naudsynt med grunneigar sitt samtykke, samt løyve frå aktuelle vernemyndigheiter.

Klage på vedtak:

Vedtaket kan påklagast innan 3 veker frå du mottok dette brevet. Ein eventuell klage sender du til kommunen.

Forvaltningslova kapittel VI § 28-32 klargjer rettar og plikter i samband med klage på einskildvedtak.

Med helsing

Marte Meland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje underskrift.

Vedlegg
Politiets vedtak - øvingsplan for Luster RKH 2024-2027
Øvingsplan_2024-2027_Luster RK-vurdert

Klikk eller trykk her for å
skrive inn tekst.

Klikk eller trykk her for
å skrive inn tekst.

Klikk eller
trykk her
for å skrive
inn tekst.

Klikk eller trykk her for
å skrive inn tekst.

Kopi til
Runar Hatlevoll
SNO Luster
SNO rovviltseksjonen
SNO
Statsforvaltaren I
Vestland
Verneområdeforvaltar
Breheimen nasjonalpark
Verneområdeforvaltar
Jotunheimen NP
Vest Politidistrikt,
miljøavsnittet
Villreinnemda for
Reinheimen- Breheimen
Villreinnemda Sogn og
Fjordane

Njøsavegen 2

6863

Leikanger



Saksframlegg

Saknr. 03/24 Utval Plan- og forvaltningsutvalet Møtedato 06.02.2024

Øvingsplan for Luster Røde Kors Hjelpekorps 2024-2027

Rådmannen si tilråding:

Med heimel i «Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag» § 6 og kommunale retningslinjer for handsaming av motorferdselsaker i Luster kommune, gjev Luster kommune søkjar Røde Kors Luster Hjelpekorps løyve til motorferdsel i tidsrommet 10.2.2024 til 1.5.2027 etter øvingsplan vist nedanfor, på vilkår.

ID	Tidsrom	Føremål	Stad	Tal kjøretøy	Tal dagar	Villrein/verneområde
2 3	Palmehelg, fredag til mandag	Påskeberedskap Nørstedalen, lengste ruta i Breheimen, kritisk viktig ved uvær.	Huldehaugen - Nørstedalsseter - Turtagrø	4	8	Ja / Breheimen
2 4	Palmehelg, fredag til mandag	Påskeberedskap passasjen ved tappetunnellen Bualøyfti-Midtdalsvatnet	Nørstedalsseter - Medalsbu - Nørstedalseter	4	8	Ja
2 5	Hele påske.	Påskeberedskap, klarere scootertrase for pasienttransport lukehus ved	Nørstedalsseter - Fivlemyrane - Nørstedalseter	4	16	Ja

		Fivlemyranedammen				
27	Januar-1. april	Ettersyn og vedlikehold av RKH4 VHF samband.	Turtagrø - Steinanosi via Galgeberg	3	16	Ja
30	Uke 4 til uke 17	GW kartlegging. Service Nødnett - bistå DSBs entreprenør med transport til reflektorpunkt.	Turtagrø - Nørdstedalsseter - Tussen	4	1	Ja / Breheimen

Vilkår:

- All aktivitet som kan planleggast utanom søndagar og helgedagar skal gjennomførast på kvardagar og laurdagar.
- Alle skuterane skal vere merkte med organisasjonen sin logo eller namn, dette gjeld også om dei er private. Alternativt kan føraren bere vest med godt synleg logo.
- Utskrift av dispensasjon skal vera med på turane, for framvising ved eventuell kontroll.
- Før turen gjennomførast skal SNO kontaktast for å avklare om det er villrein i området. Om naudsynt skal turen utsettast for å ikkje forstyrre dyra. Om det vert observert villrein skal del takast omsyn og vente til dyra er trekt unna og la dei passere, eller køyre om dyra i le vindretning på minst 500 m avstand. Meld frå til SNO om villreinobservasjon.
- Det skal ikkje køyrast meir enn naudsynt, og køyringa skal gå føre seg på ein måte som er skånsom og minst mogleg sjenerande for vilt og menneske i fjellet.
- Dersom det er mogleg ved å slå saman ulike ærend eller på annan måte, skal Røde Kors redusere talet på turar med snøskuter.
- Rapport/ køyrebok skal sendast til kommunen etter kvar sesong.

Vi gjer merksam på at det også er naudsynt med grunneigar sitt samtykke, samt løyve frå aktuelle vernemyndigheiter.

Plan- og forvaltningsutvalet 06.02.2024

Handsaming:

PFU er opptekne av den viktige jobben som Røde Kors gjer, og har tillit til dei forvaltar sine løyve godt for å minimere ferdsel til behovet.

PFU sette fram framlegg om følgjande endringar i rådmannen si tilråding i sak 3/24:

ID 26 vert delvis innvilga med 3 turar pr. år som gjennomførast innan pinsehøga, eller innan 1.juni dersom pinsa er i mai.

ID 23 vert innvilga med 4 turar pr. år.

ID 24 vert innvilga med 4 turar pr. år.

ID 27 kan gjennomførast i perioden som omsøkt, innan 1. juni.

Plan og forvaltningsutvalet legg og til at om Røde Kors klarar å redusere tal turar i forhold til kva som er innvilga, så skal ikkje talet gjennomførte turar føregåande år leggest til grunn når ny søknad handsamast.

Rådmannen si tilråding, med PFU sitt framlegg til endringar vart samrøystes vedteken

PFU - 03/24 vedtak

Med heimel i «Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag» § 6 og kommunale retningslinjer for handsaming av motorferdselsaker i Luster kommune, gjev Luster kommune søkjar Røde Kors Luster Hjelpekorps løyve til motorferdsel i tidsrommet 10.2.2024 til 1.5.2027 etter øvingsplan vist nedanfor, på vilkår.

ID	Tidsrom	Føremål	Stad	Tal køyretøy	Tal dagar	Villrein/verneområde
2 3	Palmehelg, fredag til mandag	Påskeberedskap Nørstedalen, lengste ruta i Breheimen, kritisk viktig ved uvær.	Huldehaugen - Nørstedalsseter - Turtagrø	4	8	Ja / Breheimen
2 4	Palmehelg, fredag til mandag	Påskeberedskap passasjen ved tappetunnellen Bualøyfti-Midtdalsvatnet	Nørstedalsseter - Medalsbu - Nørstedalseter	4	8	Ja
2 5	Hele påske.	Påskeberedskap, klarere scootertrase for pasienttransport lukehus ved Fivlemyranedammen	Nørstedalsseter - Fivlemyrane - Nørstedalseter	4	16	Ja
2 7	Januar-1. april	Ettersyn og vedlikehold av RKH4 VHF samband.	Turtagrø - Steinanosi via Galgeberg	3	16	Ja
3 0	Uke 4 til uke 17	GW kartlegging. Service Nødnett - bistå DSBs entreprenør med transport til reflektorpunkt.	Turtagrø - Nørstedalsseter - Tussen	4	1	Ja / Breheimen

Endring:

ID 26 vert delvis innvilga med 3 turar pr. år som gjennomførast innan pinsehelga, eller innan 1.juni dersom pinsa er i mai.

ID 23 vert innvilga med 4 turar pr. år.

ID 24 vert innvilga med 4 turar pr. år.

ID 27 kan gjennomførast i perioden som omsøkt, innan 1. juni.

Plan og forvaltningsutvalet legg og til at om Røde Kors klarar å redusere tal turar i forhold til kva som er innvilga, så skal ikkje talet gjennomførte turar føregåande år leggest til grunn når ny søknad handsamast.

Vilkår:

- **All aktivitet som kan planleggast utanom søndagar og helgedagar skal gjennomførast på kvardagar og laurdagar.**
- **Alle skuterane skal vere merkte med organisasjonen sin logo eller namn, dette gjeld også om dei er private. Alternativt kan føraren bere vest med godt synleg logo.**
- **Utskrift av dispensasjon skal vera med på turane, for framvising ved eventuell kontroll.**
- **Før turen gjennomførast skal SNO kontaktast for å avklare om det er villrein i området. Om naudsynt skal turen utsettast for å ikkje forstyrre dyra. Om det vert observert villrein skal del takast omsyn og vente til dyra er trekt unna og la dei passere, eller køyre om dyra i le vindretning på minst 500 m avstand. Meld frå til SNO om villreinobservasjon.**
- **Det skal ikkje køyrast meir enn naudsynt, og køyringa skal gå føre seg på ein måte som er skånsom og minst mogleg sjenerande for vilt og menneske i fjellet.**
- **Dersom det er mogleg ved å slå saman ulike ærend eller på annan måte, skal Røde Kors redusere talet på turar med snøskuter.**
- **Rapport/ køyrebok skal sendast til kommunen etter kvar sesong.**

Vi gjer merksam på at det også er naudsynt med grunneigar sitt samtykke, samt løyve frå aktuelle vernemyndigheiter.

Samandrag:

Luster Røde Kors hjelpekorps søker om løyve til motorferdsel i samband med øvingsplan i perioden 2024-2027. Øvingsplan er vurdert av politiet, og kjentmannsturar og øvingar er delvis godkjend av Vest politidistrikt (sjå vedlagt øvingsplan med politiet sine vurderingar og ruter for øvingsplan <https://sartopo.com/m/U018F>).

Føremålet med « Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag» (motorferdsellova) er å regulere motorferdsel for å verne naturmangfaldet og fremme trivselen. Motorferdsel i utmark er i utgangspunktet forbode, men lova sin § 4 listar opp unntak som har direkte heimel til motorferdsel, pkt. a omfattar motorferdsel i samband med politi-, ambulanse- og redningstjeneste og oppsyns- og tilsynstjeneste etablert med heimel i lov.

Miljøverndepartementet har i rundskriv 13/120 lagt føringar for kommunen si handsaming av redningstenesta sine øvingsplanar når dei er godkjende av politiet. Den delen av planen som omfattar kjentmannsturar og øvingar og som er vurdert og godkjend av politiet har direkte heimel i motorferdsellova §4 a, og er ikkje vurdert av kommunen.

Det er søkt om dispensasjon etter § 6 i motorferdselsforskrifta om løyve til å gjennomføre turar med andre føremål enn kjentmannstur eller øving (Tabell 1). Rådmann tilrår at

dispensasjonar etter § 6 vert delvis innvilga etter vurdering opp mot gjeldande forskrifter og retningslinjer.

Utval som har vedtaksmynde: Plan- og forvaltningsutvalet

Mynde til utvalet er gjeve i fylgjande lov, forskrift eller delegeringsmynde: Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vann, FOR-1988-05-15-356, Kommunale retningslinjer for handsaming av motorferdselsaker i Luster kommune (vedteke PFU 07.04.2022), delegeringsreglement for Luster kommune k-sak 49/21

Fakta:

«Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vann» FOR-1988-05-15-356 (forskrifta) regulerar motorferdsel med motorkjøretøy som snøskuter. Kommunen kan gje dispensasjon til motorferdsel med motorkjøretøy etter §6 i forskrifta. Kommunale retningslinjer for handsaming av motorferdselsaker i Luster kommune gjev føringar for korleis dispensasjonssaker skal handsamast.

For at kommunen skal gje dispensasjon må følgjande vere tilstades:

- søkar må påvise eit særleg behov
- behovet må ikkje vere knytt til turkøyting.
- behovet kan ikkje dekkast inn på anna måte.
- behovet skal vurderast mot moglege skadar og ulemper ut frå målet om å redusere motorferdsel til eit minimum.

Det er søkt om 4 årlege turar i 5 ulike trasear (ID 23-27) samt tre andre turar, lista opp i tabell 1 under.

Tabell 1: Luster Røde Kors Hjelpekorps- dispensasjonssøknad etter motorferdselforskrifta §6

ID	Tidsrom	Føremål	Stad	Tal kjøretøyer	Tal dagar	Villrein/verneområde
2 3	Palmehelg fredag til mandag	Påskeberedskap Nørstedalen, lengste ruta i Breheimen, kritisk viktig ved uvær.	Huldehaugen - Nørdstedalsseter - Turtagrø	4	16	Ja/ Breheimen
2 4	Palmehelg fredag til mandag	Påskeberedskap, passasje ved tappetunnell Bualøyfti-Midtdalsvatnet	Nørdstedalsseter - Medalsbu - Nørdstedalsseter	4	16	Ja
2 5	Heile påske	Påskeberedskap, klarere scootertrase for	Nørstedalsseter - Fivlemyrane -	4	16	Ja

		pasienttransport, lukehus ved Fivlemyranedammen	Nørstedalsseter			
26	Før utfartshelger mars-mai	Snøskredvurdering for egenmannskaps sikkerhet. Resultat legges inn i regObs. I samarbeid med skredgruppe.	Turtagrø-Dyrhaugsryggen- Ringsdalen-Lauvnostind-Bukkanosi-Turtagrø	4	16	Ja/Jotunheimen
27	Januar-mai	Ettersyn og vedlikehold av RKH4 VHF samband	Turtagrø - Steinanosi via Galgeberg	3	16	Ja
28	Januar-mai	Rigge Gateway - Lage dekning i Storutladalen og Rauddalen	Kongsdalsnosi	3	1	Ja/Jotunheimen
29	Januar-mai	GW kartlegging	Spørteggbu	3	1	Ja/Breheimen
30	uke 4 til uke 17	GW kartlegging. Service Nødnett - bistå DSBs entreprenør med transport til reflektorpunkt.	Turtagrø - Nørstedalsseter - Tussen	4	1	Ja/Breheimen

ID 23, 24 og 25 er direkte knytt til beredskap rundt Nørstedalsseter, ei DNT hytte som er betjent i påske, elles sjølvbetjent. Hytta ligg mellom Sota Sæter og Sognefjellshytta, og det er såleis langt til veg ved ein evt. redningsaksjon. ID 25 har eit punkt som er utsett for fare for velt med scooter og pasient, medan ID 24 har ein krevjande passasje ved tappetunnell. Røde Kors har hatt beredskap ved hytta siste 10 år, og opplyser at det har vore mellom 10- 12 aksjonar derifrå. ID 26 er knytt til skredfarevurdering i eit mykje brukt turområde i Hurringane. ID 27, 28, 29 og 30 er knytt til samband og kommunikasjon, både å finne eigna plasser for midlertidige samband (gateway) under redningsoppdrag, men og til vedlikehald av VHF nett og nødnett. Alle trasear ligg i villreinområde Vest- Jotunheimen eller Breheimen/Reinheimen.

Luster kommune har vurdert kvar ID opp mot desse kriteria. Luster Røde Kors har tidlegare år vore flinke å kombinere ulike oppdrag som leigekøyring, kjentmannskøyring, og dispensasjonskøyring og såleis redusert talet på faktisk gjennomførte turar sett opp mot kva som er omsøkt, noko som er positivt. Tal turar er vurdert utifrå gjennomførte turar i 2022 og 2023, då det er eit mål at tal dispensasjonar så godt som mogleg stemmer overeins med talet på gjennomførte turar.

Vurdering:

Ingen av dei omsøkte turane er knytt til turkøyring. Den frivillige redningstenesta er viktig for tryggleiken til folk på tur, og Luster Røde Kors Hjelpekorps ein viktig del av redningstenesta i Noreg. Det er derfor viktig at korpsa får gjennomført rednings- og leiteaksjonar effektivt og med fokus på tryggleik for eigne mannskap. Behovet for motorferdsel er direkte knytt til deira verksemd som redningsteneste og kan slik karakteriserast som eit særleg behov. Køyring av beredskapstrase er vurdert som naudsynt for å sikre at trasear for eventuelle redningsoppdrag er farbare, og skal sikre tryggleik for både pasient og mannskap i ein eventuell redningsaksjon. Behovet eksisterer kvart år, og er såleis ikkje eit unntakstilfelle, men er her avgrensa til påsketida. Då er turisthytta Nørstedalsseter bemanna og ein reknar med at det er særleg mykje trafikk i fjellet. Behovet kan i nokon tilfeller kombinerast med andre kjentmannsturar for å avgrense tal på dagar med motorferdsel, noko som er ønskeleg i den grad det er mogleg. Kva type beredskap som er naudsynt og omfanget av beredskap kan diskuteras, då auka motorferdsel i samband med beredskap og kan auke forventninga om kva ein kan få hjelp til/kor raskt ein kan få hjelp. I denne vurderinga er det lagt til grunn omfang av køyring knytt til beredskap tidlegare år, og at avstanda frå veg til Nørstedalsseter er relativt lang.

Luster kommune har vurdert kvar ID opp mot desse kriteria. Luster Røde Kors har tidlegare år vore flinke å kombinere ulike oppdrag som leigekøyring, kjentmannskøyring, og dispensasjonskøyring og såleis redusert talet på faktisk gjennomførte turar sett opp mot kva som er omsøkt, noko som er positivt. Tal turar er vurdert utifrå gjennomførte turar i 2022 og 2023, då det er eit mål at tal dispensasjonar så godt som mogleg stemmer overeins med talet på gjennomførte turar.

ID 23- Delvis innvilga. Det er naudsynt å halde beredskap på Nørstedalsseter i påska, og ein slik beredskap er av stor betydning for Røde Kors sin kapasitet til å gjennomføre redningsoppdrag, då det er langt å køyre inn hit frå Turtagrø. Påske er ei tid då mange ferdes i fjellet og det vert større sannsyn for at ein redningsaksjon oppstår. Køyringa knytter seg til transport inn til Nørstedalsseter og ut att. Det er søkt om 4 turar i løpet av palmehelga kvart år. I køyrebok for 2023 og 2022 er det gjennomført 1 tur t/r kvart år, og det vert vurdert at 2 turar/år er tilstrekkeleg for å halde beredskap i palmehelga. Turen kan gjennomførast samtidig med ID 12 og 19 (godkjende kjentmannsturar).

ID 24- Delvis innvilga. Kartlegging av passasje ved tappetunnell Bualøyfti- Middalsvatnet er naudsynt for å vite om det går an å passere på aktuelt tidspunkt i palmehelg. Det er søkt om 4 turar i løpet av palmehelga. Av køyrebok for 2022 og 2023 kan vi ikkje sjå at denne turen er gjennomført, anna enn i kombinasjon med kjentmannstur. Vår vurdering er såleis at det er tilstrekkeleg med 2 turar med dette føremålet. Turen kan gjennomførast samtidig med ID 12 og ID 19.

ID 25- Innvilga. Ved lukehus Fivledammen er det ein vanskeleg passasje som ved nokon tilfelle må måkast for å kunne passere trygt med snøskuter og pasient på slede. For å halde denne traseen open i påska er det søkt om 4 turar i løpet av heile påska. Tal turar skal

avgrensast så mykje som mogleg, men om vær og vind gjer det naudsynt å måke traseen fleire dagar er det høve til å gjere 4 turar/år. Turen kan gjennomførast samtidig med ID 12.

ID 26- Ikkje innvilga. For å kartlegge skredfare og framkommelegheit er det søkt om 4 turar årleg i perioden mars-mai i forkant av store utfartshelger, då det av erfaring er mykje folk i området og større sannsyn for redningsaksjon. Trase for denne kartlegginga dekker eit stort område og er samanfallande med ID 13 og 19, som kan dekke delar av dette behovet før 1. april. Snøskredvarslinga lagar daglege skredvarsel for området mellom 1. desember og 1. juni i dette området (www.varsom.no). Den nasjonale varslingsstenesta er koordinert av NVE og målgruppene er mellom anna beredskapstenesta. Skredvarselet skildrar faregrad, skredproblem og utsett terreng i dei ulike varslingsområda, basert på ei rekke observasjonar og vurderingar av observatørar. Skredvarselet er eit viktig hjelpemiddel for å vurdere skredfare, med det er ingen fasit. Det er naudsynt med eigne observasjonar og vurderingar, då snøforhold og terreng varierer svært mykje lokalt. Observatørane som bidreg med målingar/opplysningar til snøskredvarslinga gjennomfører, så vidt vi kjenner til, oppdraget utan motoriserte hjelpemiddel. Sjølv om Røde Kors nyttar skøskuter på redningsoppdrag, er vår vurdering er at eigne skredfarevurderingar kan gjerast utan bruk av motorkøyretøy. Traseen ligg i sin heilheit innanfor Vest- Jotunheimen villreinområde og området nyttast både som vinterbeite og trekkpassasje. Kvalitetsnorm for villrein peiker på at det skjer arealunnvikelse både i bruken av vinterbeite og som trekkpassasje. Fostringsdyr trekk mot kalvingsområdet i vest i første halvdel av april, og bukkane noko seinare utover april og mai månad. April er såleis ein særleg sårbar periode for villreinen, og motorferdsel i villreinområdet bør unngåast denne månaden. Difor vert det ikkje tilrådd å gje løyve til motorferdsel for å vurdere skredfare og framkommelegheit i den mest sårbare tida for villrein.

ID 27- Innvilga. Det er søkt om fire turar årleg for å vedlikehalde VHF antenne som er avgjerande for Røde Kors sitt samband i området. Vedlikehald av VHF repeater vert og vurdert som naudsynt. Dette er eit behov som gjentek seg år etter år, og er såleis ikkje eit unntakstilfelle. Likevel det knytt til heilt konkrete oppgåver som vert vurdert å vere avgjerande for Røde kors si drift. Desse turane går og innanfor Vest -Jotunheimen villreinområde og bør vere gjennomført før 1. april av omsyn til villrein. Om mogleg bør det gjennomførast ettersyn og vedlikehald i samarbeid med Hydro, når dei har transportoppdrag inn til området.

ID 28- Ikkje innvilga. Identifisering av eigna stad å rigge gateway for å sikre at mannskap kan halde kontakt, bidreg til at redningsoppdrag kan gjennomførast sikrere og meir effektivt. Dette er vurdert å vere eit særskilt behov, men her kan det oppfyllast på anna måte, då trase er samanfallande som kjentmannstur ID 18 og kan dekkast inn der.

ID 29- Ikkje innvilga. Dette har samanfallande trase som kjentmannstur ID 4 og vår vurdering er at behovet kan dekkast av ID 4.

ID 30- Innvilga på vilkår av avtale med DSB. Vedlikehald og drift av offentlege vegar og anlegg har ein direkte adgang til motorferdsel gjennom motorferdsellova § 4 e. Dersom Røde Kors Luster har ein avtale med DSB om å drifte nødnett og punktet på Tussen er det høve til å køyre dit i den hensikt. Denne turen kan og kombinerast med ID 23 og 25.

Vurdering etter naturmangfaldlova (nml) §8- 12

Nml § 8- kunnskapsgrunnlaget: Naturverdiane i området er godt dokumentert gjennom forvaltning av tilgrensande verneområde og kartleggingar av naturmangfald jf. Det er gjennomført sårbarheitskartlegging for fugl i Vest-Jotunheimen og Breheimen i 2018, med særleg fokus på rovfugl, og kunnskap om villrein er godt dokumentert og gjennomgått ved oppdatering av kunnskapsgrunnlaget for villrein i arbeidet med kvalitetsnormen i 2023 (villrein.no).

Nml. § 9- Førre-var-prinsippet: Det er sett vilkår for køyringa om avgrensa tal på skuterar som køyrer, avgrensa tal dagar/turar, samt at det skal køyrast bestemte trasear. Det er og sett vilkår for løyvet om at det skal takast omsyn til evt. villrein i området.

Nml. §10- økosystemtilnærming og samla belastning: Motorisert ferdsel frå snøskuter vil kunne forstyrre fugl og vilt. Det er difor viktig å vurdere omfang av ferdsel og auka grad av forstyrring.

Vinteren er ei sårbar tid for villrein, og energisparing er viktig for dyra. Forstyrring av dyra som utløyser flukt om vinteren har difor større følgjer enn tilsvarande flukt om sommaren. Villreinen i Vest-Jotunheimen byrjar normalt å trekke mot kalvingsområda rundt 10.april, medan sjølve kalvinga føregår litt ut i mai månad. Reinen er særleg sårbar når det nærmar seg trekketid, dvs. i starten av april og i kalvingstida. Ein bør derfor i størst mogleg grad unngå motorferdsel i desse områda etter 1. april. Reinsdyra er sårbare for forstyrringar også tidlegare på vinteren, og generelt bør ein i størst mogleg grad unngå motorferdsel i området rundt Hurrungane og Helgedalen vinterstid. Området nord for Sognefjellsvegen er eit utvekslingsområde mellom villreinstammene i Breheimen og Vest- Jotunheimen og er og sårbart for forstyrringar. I Breheimen nasjonalpark vert det tilrådd unngå motorferdsel etter 20. april. I politiet sitt vedtak av øvingsplan går det fram det at kjentmannsturar i verneområda skal gjennomførast innan desse datoane. Luster kommune ser det som naturleg å halde seg til denne praksisen også i dei delane av villreinområda som ligg utanfor vernegrensa. Difor skal ikkje turar innanfor Vest- Jotunheimen villreinområde gjennomførast etter 1. april, og innafor Breheimen- Reinheimen ikkje seinare enn 20. april.

Særleg kongeørn og jaktfalk er utsett for forstyrring i etableringsfasen tidleg på vinteren. Det finst hekkande rovfugl innanfor området, men det er ikkje merka av sårbarheitssoner der dei aktuelle skutertraseane er lagt.

Nml. § 11- kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Gjennomføring av turar i tråd med dette løyvet, vil truleg ikkje føra til miljøforringing.

Nml. § 12- miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar: Køyninga vert vurdert som miljøforsvarleg. Det er normalt mykje snø i den perioden køyninga går føre og liten fare for køyreskade på bar mark. Påverknad på naturmangfald er knytt til forstyrring av vilt og fugl. Snøskuter er det verktøyet Røde Kors nyttar i redningsoppdrag, og det vurdert at påverknaden ikkje vert mindre ved bruk av anna motorfartøy.

Vedlegg

Kommunale+retningslinjer+for+saksbehandling+av+motorferdsel+i+Luster+kommune-
forslag+til+vedtak+i+pfs+07.04.2022 (10)

Korrespondanse - Søknad om godkjenning av øvingsplan for Luster Røde Kors Hjelpekorps -
perioden 2024-2027

Vedtak - øvingsplan for Luster Røde Kors Hjelpekorps 2024-2027

Søknad om godkjenning av øvingsplan for Luster Røde Kors Hjelpekorps - periode 2024-
2027

Vedtak - øvingsplan for Luster RKH 2024-2027

Kopi av Øvingsplan_2024-2027_Luster RK-vurdert

Øvingsplan for Luster RKH 2024-2027

Kontaktperson: Ove Fortun tlf: 915 34 180 Bjørn Hesjevoll Winge tlf: 975 73 701

ID	Tidsrom	Innhold/formål	Sted	Antall scootere/ATV, inkl. nabokorps	Antall dager i perioden	Verneområde / Villreinområde	Merknad/egenvurdering	Politiets godkjenning/vurdering
1	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Bjønntegane- Viva - Styggevatnet- Sprongdalseggi Austdalsbreen Viva	8	4	Jostedalsbreen, Breheimen	Inviteremed nabokorpsog skredgruppa	Godkjent
2	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Fåberg - Holmevatnet- Arentzbu	8	2	Breheimen	Inviteremed nabokorpsog skredgruppa	Godkjent
3	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Myri - Geisdalshalsane- Kvittekoen- Holmevatnet, Myri - Vetlegeisdalen- Kvittekoen	8	4	Breheimen	Inviteremed nabokorpsog skredgruppa	Godkjent
4	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Myri - Vanddalen- Spørteggbu- Vangsen - Grånosi- Buskrednosi	8	2	Breheimen	Inviteremed nabokorpsog skredgruppa	Godkjent
5	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Jostedalen	Vigdalen- Buskrednosi Kattøyra	8	2	Breheimen	Inviteremed nabokorpsog skredgruppa	Godkjent
6	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Luster	Engjadalen- Vorfjellet	8	4	Nei	Inviteremed nabokorpsog skredgruppa	Godkjent
7	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Luster	Harastølen- Grånosi- Jagershaug- Fivlenosi- Vorfjellet	8	2	Nei	Inviteremed nabokorpsog skredgruppa	Godkjent
8	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrømråde	Turtagrø- Berdalen- Middagshaug	8	2	Nei / villrein	Inviteremed nabokorpsog skredgruppa	Godkjent. Kombineres med ID10, evt. med ID13
9	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrømråde	Turtagrø- Dyrhaugsryggen- Skagastølsbu	8	4	Jotunheimen/Villrei	Inviteremed nabokorpsog skredgruppa	Godkjent. Gjennomføres ifm ID 13
10	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrømråde	Turtagrø- Kinsedalen	8	1	Nei / villrein	Ønskersammkjøringmed SNO og NorskFolkehjelpÅrdal	Godkjent. Gjennomføres før 1.april
11	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrømråde	Turtagrø- Nørdestedalsseter- Hardbardsbeen- Arentzbu	8	2	Breheimen	Inviteremed nabokorpsog skredgruppa	Godkjent. Gjennomføres før 1.april
12	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrømråde	Turtagrø- Nørdestedalsseter- Sota Sæter - Trulsbu- Medalsbu	8	4	Breheimen	Inviteremed nabokorpsog skredgruppa	Godkjent. Gjennomføres før 1.april
13	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrømråde	Turtagrø- Ringsdalen- Lauvnostind- Berdalsbreen- Turtagrø	8	8	Jotunheimen	Inviteremed nabokorpsog skredgruppa	Godkjent. Kan slås sammen med ID9
14	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrømråde	Turtagrø- Simlenosi- Olavsbu- Leirvassbu- Turtagrø	8	4	Jotunheimen	Inviteremed nabokorpsog skredgruppa	Godkjent. Gjennomføres før 1.april
15	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrømråde	Turtagrø- Skogadalsbøen- Olavsbu- Turtagrø	8	4	Jotunheimen	Inviteremed nabokorpsog skredgruppaFør kvistaløype.	Ikke godkjent. Dekkes inn av ID 14
16	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrømråde	Turtagrø- Sognefjellshytta Nørdestedalsseter-Turtagrø	8	4	Breheimen	Inviteremed nabokorpsog skredgruppaFør kvistaløype.	Ikke godkjent.
17	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrømråde	Turtagrø- Sognefjellshytta Vetle Utladalen- Guridalen- Turtagrø	8	4	Jotunheimen	Inviteremed nabokorpsog skredgruppa	Godkjent
18	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrømråde	Turtagrø- Steindalsnosi- Fanaråkbreen- KongsdalsnosiTurtagrø	8	4	Jotunheimen	Inviteremed nabokorpsog skredgruppa	Godkjent
19	uke 4 til uke 17	Kjentmannstur-Turtagrømråde	Turtagrø- Nørdestedalen- Stølsdalenvia Kjerringhetta/StorevatnetTurtagrø	8	2	Breheimen	Inviteremed nabokorpsog skredgruppa	Godkjent. Gjennomføres før 1.april

Øvingsplan for Luster RKH 2024-2027

Kontaktperson: Ove Fortun tlf: 915 34 180 Bjørn Hesjevoll Winge tlf: 975 73 701

ID	Tidsrom	Innhold/formål	Sted	Antall scootere/ATV, inkl. nabokorps	Antall dager i perioden	Verneområde / Villreinområde	Merknad/egen vurdering	Politiets godkjenning/vurdering
20	Uke 3-10	KSOR Vinter	Vortefjell/Engjadalen	4	16	Nei	Vinterkurs for S&F Røde Kors	Godkjent. Politiet godkjenner inntil 3 dager med motorferdsel pr kurs.
21	Uke 4-10	Vinterøvelse, leteaksjon m/scooter	Turtagrø-Storavatnet	16	16	Nei	Inviteres med Politiet-Årdal/Hafslo/Sogndal/Lom inkl. operativt KO i Turtagrø	Ikke godkjent. Politiet ber om egen søknad - se vedtak. Politiet ber i den forbindelse om at Luster RK vurderer alternativt øvingsområde som ligger utenfor villreinområde.
22	Uke 1-12	Vinterøvelse, skred	Turtagrøområde	6	12	Nei	Inviteres med Politiet-Årdal/Hafslo/Sogndal/Lom	Godkjent. Politiet ber om at Luster RKH avgrensar øvingsområde og at antall dager med motorferdsel reduseres

§6 Turer. Nyttekjøring i forbindelse med sikker drift av hjelpekorpsset

Kontaktperson: Ove Fortun tlf: 915 34 180 Bjørn Hesjevoll Winge tlf: 975 73 701

ID	Tidsrom	Innhold/formål	Sted	Antall scootere/ATV, inkl. nabokorps	Antall dager i perioden	Verneområde / Villreinområde	Merknad/egenvurdering	Politiets godkjenning /vurdering
23	Palmehelga,fredagtil mandag	Påskeberedskap	Huldehaugen- Nørstedsseter Turtagrø	4	16	Breheimen	Nødvendigå holdeberedskapi Nørstedsdaler som har den lengsteruta i Breheimen,kritisk viktigved uvær.	
24	Palmehelga,fredagtil mandag	Påskeberedskap	Nørstedsseter Medalsbu- Nørstedsseter	4	16	Nei	Kartleggepasasjenved tappetunnellen Bualøyfti-Midtdalsvatnet	
25	Hele påske	Påskeberedskap,klarere scootertraséfor pasienttransport	Nørstedsseter Fivlemyrane- Nørstedsseter	4	16	Nei	Nødvendigå etablerescootertraséved lukehusved Fivlemyranedammeppga. fare for velt med scooterog pasient	
26	Mars/April/Mai	Snøskredvurderingfor egenmannskapssikkerhet.Resultat leggesinni regObs	Turtagrø- Dyrhaugsryggen Ringsdalen- Lauvnostind Bukkanosi- Turtagrø	4	16	Jotunheimen	Nødvendigfor å kartleggeskredfaren.Turene gjøresiforkantaav utfartshelgefra mars-pinse	
27	Januar/Februar/Mars/April/Mai	Ettersynog vedlikeholdav RKH4 VHF samband	Turtagrø- Steinanosivia Galgeberg	3	16	Nei	Ettersynog vedlikeholdav VHF-repeater	
28	Januar/Februar/Mars/April/Mai	Rigge Gateway - Lage dekningi Storutladaleog Rauddalen	Kongsdalsnosi	3	1	Jotunheimen	Nødvendigiforholdtilsamvirke	
29	Januar/Februar/Mars/April/Mai	GW kartlegging	Spørteggbu	3	1	Breheimen	Nødvendigiforholdtilsamvirke	
30	uke 4 til uke 17	GW kartlegging	Turtagrø- Nørstedsseter Tussen	4	1	Breheimen	ServiceNødnett- biståDSBs entreprenør med transporttil reflektorpunkt	



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Vest Politidistrikt
v/ Bjørn Helge Skurtveit

06.11.2023

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
28-23

28-23 Søknad om øvingsplan for Luster RKH 2024-2027 - høyringsuttale

Søknaden:

Luster RKH har søkt om øvingsaktivitet med bruk av snøscooter for 2024-2027.

Vurdering

Generelt:

Røde Kors gjer ein viktig jobb, villreinnemnda er positive til at det blir lagt til rette for øvingar i regi av Røde Kors. Villreinnemnda ynskjer primært at øvingane blir lagt utanom villreinområda. I dei tilfelle det er avgjerande for Røde Kors å ha øvingar innanfor villreinområda bør dei bli lagt til ei tid på året da villrein ikkje oppheld seg i det området (jf sesongvis arealbruk).

Når det gjeld køyring med mange snøskuterar er det betre å køyre mange samstundes, enn at det kjem ein og ein skuter over ein lang periode.

Det er viktig at Røde Kors tar omsyn om dei eventuelt skulle treffe på villrein under køyringa. Halde god avstand og eventuelt passere dei på le side. Det er ynskjeleg at Skjåk RKH har kontakt med SNO og/eller villreikutvalet i forkant av øvinga for å få oppdatert informasjon om kor villrein oppheld seg slik at dei kan tilpasse øvingsrute for å unngå villrein.

Det er positivt om ulike lokalforeingar kan samarbeide og gjennomføre felles øvingar i grenseområda. Det er betre med t.d. ei større øving ei helg enn mindre øvingar to påfølgjande helgar.

Villrein er sårbar for forstyrning på vinter og vår. Det er ein periode som kan vera energikrevjande for villrein og det kan vera vanskelege tilhøve for å skaffe mat. På slutten av denne perioden kjem det både trekk mot kalvingsområde og mot sommarbeiteområde. Det er viktig å unngå forstyrning i desse periodane og i område som er viktige trekkpassasjer. **Dersom mykje av øvingsaktiviteten er ferdig innan utgangen av mars, vil ein i stor grad unngå forstyrning av både trekk og kalvingsområde.**

Spesielt for grenseområda mellom Skjåk og Luster: Normalt oppheld villrein seg nord for Lundadalen i Skjåk på vinterbeite. På våren trekker bukkane sør-vestover. Det er ynskjeleg med auka arealbruk sørvestover mot og inn i Luster i dei områda villrein har brukt aktiv i tidlegare tider. Det er derfor viktig å unngå å forstyrre villrein på trekk sørvestover på våren. I grenseområda Skjåk- Luster (t.d. Nørdestedalseter, Medalsbu, Sota sæter) bør ein prøve å få til øvingane så tidleg som mogleg på vinteren, helst innan utgangen av mars. Villreikutvalet i vårt område gjer normalt villreinteljing i

januar-februar. Vinteren 2014 vart det ikkje teljing før 27. mars. Da hadde allereie 166 dyr kryssa Lundadalen og vart observert ved Hesthøe. Øving i april i desse områda bør ein ikkje tillate.

I Reinheimen-Breheimen gjeld det spesielle omsyn til villrein (med øving tidleg på vinteren) for ID 11, 12, 16 og 19.

Helsing

Johan Berge
Leiar



Tor Taraldsrud
Sekretær



DET KONGELIGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Kommunene
Fylkesmennene
Nasjonalparkstyrene
Frivillige Organisasjoners Redningsfaglige Forum
Hovedredningssentralen
Politidistriktene

Deres ref

Vår ref

Dato

13/120-16

15. mai 2020

Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder

1. Innledning

Disse retningslinjene erstatter retningslinjene i brev 31. januar 2013 fra Klima- og miljødepartementet (da Miljøverndepartementet) om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og i verneområder.

Retningslinjene er oppdatert med en omtale av grunneiers rettigheter og plikter når det gjelder redningstjenestens bruk av snøscooter under øvelser i utmark, se nytt punkt 8. En slik omtale var ikke med i retningslinjene fra 2013, og har vært etterlyst. De øvrige punktene i retningslinjene er uendret, med unntak for en oppdatert henvisning i punkt 2 til Organisasjonsplan for redningstjenesten av 6. desember 2019.

Alle punktene i retningslinjene er utarbeidet av Klima - og miljødepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet i samarbeid.

2. Redningstjenesten

Redningstjenesten er den offentlige organiserte øyeblikkelige innsatsen fra flere samvirkepartnere for å redde mennesker fra død eller skade som følge av akutte ulykkes- eller faresituasjoner, og som ikke blir ivaretatt av særskilt opprettede virksomheter eller ved særskilte tiltak, jf. organisasjonsplan for redningstjenesten fastsatt ved kgl. res. 6. desember 2019. Redningstjenesten koordineres administrativt av Justis- og beredskapsdepartementet

Postadresse
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo
postmottak@kld.dep.no

Kontoradresse
Kongens gate 20
www.kld.dep.no

Telefon*
22 24 90 50
Org.nr.
972 417 882

Avdeling

Saksbehandler
Hege Feiring
22 24 58 91

og omfatter land-, sjø- og luftredningstjeneste. Redningstjenesten utøves som et samvirke mellom offentlige, frivillige redningsorganisasjoner og private aktører under ledelse av Hovedredningssentralen og underordnede lokale redningssentraler. Hvert politidistrikt utgjør en slik lokal redningssentral under ledelse av politimesteren. Det er Hovedredningssentralen eller lokal redningssentral som kaller ut redningstjenestens frivillige organisasjoner dersom det er behov for deres bistand.

3. Oversikt over gjeldende regler for motorferdsel i utmark og i verneområder

Motorferdsel i utmark og vassdrag reguleres av motorferdselloven 10. juni 1977 nr. 82 med tilhørende forskrifter. Bruk av motorkjøretøyer, herunder ATV og snøscootere, er særskilt regulert i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag 15. mai 1988 nr. 356. Reglene gjelder uavhengig av om utmarka ligger i eller utenfor verneområder.

Redningstjenestens adgang til motorferdsel i utmark og på vassdrag fremgår av motorferdselloven § 4 første ledd bokstav a:

”Uten hinder av § 3 er motorferdsel tillatt i forbindelse med:

- a) Politi-, ambulanse- og redningstjeneste og oppsyns- og tilsynstjeneste etablert med hjemmel i lov”.

I Miljøverndepartementets rundskriv T-1/96 pkt. 6.1 legges det til grunn at bestemmelsen ikke bare gir hjemmel for kjøring i utryknings situasjoner, men også hjemler motorferdsel i forbindelse med øvelses- og utdanningsvirksomhet for enheter som politi, Røde Kors Hjelpekorps, Norsk Folkehjelp, Norske Redningshunder og liknende frivillige hjelpeorganisasjoner som deltar i den offentlige redningstjeneste. Det er en forutsetning at øvelsene er ledd i et øvelsesprogram, det vil si at det er reelle øvelser som er et ledd i redningstjenestens organiserte øvelsesvirksomhet. Øvelses- og utdanningsvirksomheten må videre innskrenkes til så begrensede områder og til så kort tidsrom som mulig for å unngå skader og ulemper for friluftsliv, naturopplevelse og naturmiljø. Ved planlegging av slike øvelser er det ønskelig, når det er tidsmessig praktisk mulig, at det tas kontakt med den aktuelle kommunen, eventuelt med fylkesmannens miljøvern avdeling, for samarbeid om tidspunktet for øvelsen og hvor og hvordan øvelsen skal foregå.

Motorferdselloven § 4 a åpner ikke for øvingskjøring for redningstjenesten ut over det som inngår i organiserte redningsøvelser fastsatt i øvelsesprogram. Bestemmelsen omfatter heller ikke bruk av snøscooter utelukkende for å gjøre seg kjent.

I verneområder gjelder i tillegg verneforskriftenes eventuelle regler for motorferdsel. Dersom verneforskriften ikke inneholder bestemmelser om motorferdsel, er adgangen til motorferdsel kun regulert gjennom de alminnelige reglene i motorferdselloven med tilhørende forskrifter samt naturmangfoldloven kap. II og V.

For de fleste verneområdene er det fastsatt i verneforskriftene at motorferdsel til lands og til vanns er forbudt. Det er imidlertid gjort unntak for kjøring til visse formål, blant annet for kjøring i forbindelse med ambulanse, politi, brannvern- og redningsvirksomhet. Det fremgår imidlertid normalt av verneforskriftene at unntaket ikke gjelder øvingskjøring. Det betyr at øvingsvirksomhet som hovedregel skal legges utenfor verneområdene.

For søknader om øvingsvirksomhet gjelder også de miljørettslige prinsippene i naturmangfoldloven §§ 8-12, jf. § 7.

4. Forberedende redningstjeneste

For at redningsaksjoner kan gjennomføres så effektivt og sikkert som mulig, skal det legges til rette for at organisasjonene kan drive øvingskjøring med snøscooter i områder hvor det kan forventes mulige redningsaksjoner. Med øvingskjøring menes nødvendig kjøring med snøscooter under organisert redningsøvelse. Grunnopplæring i bruk av snøscooter inngår ikke i dette.

Øvingskjøringen skal ivareta behovene som den enkelte organisasjon har, slik at de kan gjennomføre en effektiv redningsaksjon med høy sikkerhet for egne mannskaper. Samtidig skal øving skje på en måte som ivaretar hensynet til naturmangfold, friluftsliv og naturopplevelser. Dette er særlig viktig innenfor verneområder, der områdets verneverdier skal beskyttes. All øvingsvirksomhet som kan legges utenfor et verneområde, **skal** derfor foregå utenfor verneområdet.

Øvingskjøring utenfor verneområder som ikke er fastsatt i øvelsesplan – se nærmere om øvingsplaner i punkt 5 – krever dispensasjon fra § 6 i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag. Søknad om dispensasjon sendes kommunen, da det er kommunestyret som har myndighet til å gi slik dispensasjon. Eventuelt behov for motorkjøretøyer for å gjøre seg kjent, forutsettes at dekkes i samband med øvingskjøring, slik at dispensasjon for ren kjentmannskjøring som hovedregel ikke vil være nødvendig utenfor verneområder.

Innenfor vernede områder er utgangspunktet i de fleste verneområder at øvingskjøring er forbudt. Det er et overordnet mål i verneområder å redusere motorisert ferdsel til et minimum, derfor skal slik ferdsel begrenses til det som er strengt nødvendig. For å være i stand til å redde liv og ivareta egen sikkerhet ved redningsoperasjoner, vil imidlertid redningstjenesten til en viss grad være avhengige av mulighet for øvingskjøring og i praksis særlig kjøring for å bli kjent ("kjentmannskjøring") innenfor verneområder.

Øvingskjøring og kjentmannskjøring innenfor et verneområde kan skje dersom det gis dispensasjon fra verneforskriften etter den generelle dispensasjonsbestemmelsen i naturmangfoldloven § 48. Søknad om dispensasjon sendes forvaltningsmyndigheten for verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal vurdere slike søknader etter § 48 første

alternativ, som gjelder dispensasjon for kjøring som ikke er i strid med verneformålet, eller som kan skade verneverdiene nevneverdig.

Ved vurdering av om tiltaket er i strid med verneformålet og om det påvirker verneverdiene nevneverdig, må det tas utgangspunkt i verneformålet slik det er angitt i formålsbestemmelsen for aktuelt verneområde. Det må vurderes konkret i hvilken grad motorferdsel vinterstid er i strid med de formål som er angitt, herunder påvirkning på naturtyper, arter mv. Dersom friluftsliv er del av verneformålet skal det i vurderingen her også legges vekt på at forebyggende redningstjeneste er viktig for allmennhetens friluftslivsutøvelse.

Forvaltningsmyndigheten skal som hovedregel bare kunne gi dispensasjon til øvingskjøring og kjentmannskjøring som er ledd i en øvingsplan. Se nærmere om innholdet i øvingsplaner i punkt 5 nedenfor. Dersom øvingsplanen er forankret sentralt (på nasjonalt nivå) hos Røde Kors Hjelpekorps, Norsk Folkehjelp, Norske redningshunder eller andre lignende større redningsorganisasjoner, og planen er i samsvar med vurderinger fra lokal redningssentral, skal forvaltningsmyndigheten normalt gi dispensasjon til kjøring som omsøkt i planen, herunder gi dispensasjon for flere år av gangen, såfremt dette ikke vil stride mot vernevedtakets formål og ikke vil påvirke verneverdiene nevneverdig. Kjøring som det er søkt om gjennom slike sentralt forankrede planer skal i utgangspunktet anses som strengt nødvendig kjøring, jf. at motorferdsel i verneområder skal begrenses til det som er strengt nødvendig. Denne føringen gjør at forvaltningsmyndighetens skjønnsrom ved søknadsbehandling av slike sentralt forankrede øvingsplaner blir mindre.

Kopi av dispensasjoner skal sendes til Miljødirektoratet og Statens naturoppsyn samt fylkesmannen der dispensasjonen fattes av et nasjonalpark- eller verneområdestyre.

For kjøring som ikke er fastsatt i øvelsesplan, kreves dispensasjon fra kommunen etter § 6 i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag i tillegg til dispensasjon fra forvaltningsmyndigheten.

Kjøring i forbindelse med tilsyn og vedlikehold av kritisk infrastruktur for redningstjenesten

Med kritisk infrastruktur siktes til sambandsstasjoner og relé-stasjoner utplassert midlertidig eller permanent på sentrale utsiktspunkter, nødkjelkehus med førstehjelpsutstyr og forhåndsutplassert transportutstyr. Slik kritisk infrastruktur trenger tilsyn, etterforsyning, kontroll og bytte av batterier mv. Behovet for slikt tilsyn vil variere med temperaturforhold, nedbør mv.

Utenfor verneområder åpner ikke motorferdselloven for slik kjøring for redningstjenesten ut over det som inngår i organiserte redningsøvelser fastsatt i øvelsesplan. Tilsynsskjøring som ikke er fastsatt i øvelsesplan, krever dispensasjon fra kommunestyret etter forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 6.

Innenfor verneområdene er kjøring i forbindelse med tilsyn og vedlikehold avhengig av dispensasjon fra forvaltningsmyndigheten for verneområdet etter naturmangfoldloven § 48, se nærmere om dette over.

5. Innholdet i øvingsplanene

Øvingsplanene må være i samsvar med gjeldende regelverk i utmark og i verneområder, og skal inneholde:

- En beskrivelse av områdene hvor øvingsvirksomhet skal foregå, og i den grad det er mulig å forhåndsfastsette, trasèer for bruk av snøscooter
- En nærmere beskrivelse av innholdet i og omfanget av øvingsvirksomheten
- Forventet tidspunkt for øvingsvirksomheten
- Forventet antall deltakere og snøscootere
- Redningstjenestens vurdering av øvingsområde, tidspunkt for øving, innhold og omfang sett opp mot motorferdsellovens krav om at bruk av snøscooter skal foregå aktsomt og hensynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljøet og mennesker.

Planene skal ta utgangspunkt i at øvingsvirksomhet primært skal skje utenfor verneområdene.

Så langt det er mulig å planlegge, skal øvingsplanene også gi en beskrivelse av forebyggende redningstjeneste/sikring, jf. punkt 7 nedenfor.

Øvingsplanene skal sendes til kommunen og til lokal redningssentral v/politimesteren. Politimesteren går gjennom planene og gir sin vurdering, før øvingsplanene sendes til forvaltningsmyndigheten for eventuelle verneområder som berøres.

I de tilfeller øvingsplanen inneholder aktiviteter som krever dispensasjon etter § 6 i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag, må kommunen vurdere om dispensasjon kan gis.

Innenfor berørte verneområder skal øvingsplanene danne grunnlaget for søknader om dispensasjon til øvingskjøring etter naturmangfoldloven § 48, jf. punkt 4 i retningslinjene her.

Øvingsplaner som berører verneområder bør innarbeides i forvaltningsplanen for verneområdet, eller legges som vedlegg til forvaltningsplanen.

6. Godkjenning fra lokal redningssentral (politiet)

Redningstjenesten skal før øvelser finner sted og på fastsatt skjema (kjøreordre), senest 12 timer før kjentmannskjøring/øvelsen starter melde fra til lokal redningssentral. Her skal det være en henvisning til øvingsplanene, jf. punkt 5, samt tidspunkt, område/traseer, antall

snøscootere som skal være med samt registreringsnummer på disse. Det skal også fremgå hvem som er leder for øvelsen.

Lokal redningssentral underskriver på skjemaet som returnerer det til organisasjonen snarest og senest 12 timer etter at man har mottatt skjemaet. Dersom øvelsen skal foregå innenfor et verneområde, skal lokal redningssentral også informere forvaltningsmyndigheten for verneområdet om når øvelsen finner sted, jf. at det er forvaltningsmyndigheten som har gitt dispensasjon. Lokal redningssentral må også informere Statens naturoppsyn om øvelsen.

Kopi av "kjøreordren" skal medfølge hver enkelt snøscooter som deltar i øvelsen.

Dersom øvelsen foregår i et verneområde skal organisasjonen etter gjennomført øvelse på fastsatt skjema sende en kort rapport om omfanget av kjøringen til forvaltningsmyndigheten for verneområdet.

Snøscootere som eies av organisasjonen og som benyttes skal være tydelig merket med organisasjonens emblem (logo). Private scootere som organisasjonen disponerer til gjennomføring av oppdrag skal merkes slik at det fremgår at disse er under organisasjonens tjeneste.

7. Forebyggende redningstjeneste/sikring

Eksempler på forebyggende redningstjeneste kan være mer rutinepreget merking/varsling av rasfare, farlige isforhold og liknende. Slikt arbeid bør i likhet med forberedende redningstjeneste vurderes i øvingsplan for redningsvirksomhet, se nærmere om dette ovenfor. Planen bør skissere beredskapsbehov og tiltak i forbindelse med spesielle snø og isforhold osv.

For motorferdsel i forbindelse med slikt arbeid utenfor verneområdene må det søkes om dispensasjon fra kommunen etter § 6 i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag.

Motorferdsel i forbindelse med slikt arbeid i verneområder krever dispensasjon fra verneforskriften etter naturmangfoldloven § 48. Søknad om dispensasjon sendes til forvaltningsmyndigheten for verneområdet. Dispensasjon kan gis for flere år. Der dispensasjonen fattes av et nasjonalpark- eller verneområdestyre skal dette sende kopi av dispensasjonen til Miljødirektoratet og Statens naturoppsyn samt fylkesmannen.

Av og til kan det være nødvendig med avsperring eller skilting av et særlig rasfarlig område, eller i områder med isforhold eller isgang helt utenom det vanlige. Det er politiet som skal bedømme og avgjøre behov og omfang av slike sikringstiltak og besørge nødvendig iverksettelse. Dersom slike tiltak er aktuelt i verneområder, skal politiet melde fra til forvaltningsmyndighet og oppsyn om de beslutninger som politiet har truffet. Det vil i slike tilfeller ikke være nødvendig å søke forvaltningsmyndigheten om tillatelse. I slike helt

spesielle tilfeller utenfor verneområdene, vil det heller ikke være nødvendig å søke om dispensasjon hos kommunen. Kjøreordren fra lokal redningsentral må medfølge de snøscooterne som deltar.

8. Grunneiers rettigheter og plikter

Motorferdselloven, som regulerer adgangen til motorisert ferdsel i utmark, innskrenker ikke grunneiers råderett over egen eiendom. Det vil si at grunneier i utgangspunktet kan nekte eller begrense snøscooterkjøring selv om kjøringen ikke er forbudt etter motorferdselregelverket.

Norsk redningstjeneste har siden 1960-tallet bygget på det såkalte samvirkeprinsippet: Samvirkeprinsippet fremgår i dag av gjeldende organisasjonsplan for redningstjenesten, fastsatt ved kgl. res. 6. desember 2019. Formålet med organisasjonsplanen er å "ivareta en integrert redningstjeneste basert på nasjonal dugnad og samvirke mellom offentlige, frivillige og private aktører", jf. pkt. 1.1.

I organisasjonsplanen pkt. 1-4 heter det blant annet:

«Redningstjenesten utøves som et samvirke mellom offentlige organer, frivillige organisasjoner, private virksomheter og personer. [...]. Samvirkeprinsippet innebærer at alle aktører har et selvstendig ansvar for å sikre best mulig samvirke både i det forberedende arbeidet og under redningsaksjoner.»

Med "ansvar" siktes til et samfunnsmessig ansvar, ikke et juridisk forpliktende ansvar. Grunneier er dermed ikke rettslig forpliktet til å tillate redningstjenesten å kjøre snøscooter i utmark eller på annen måte stille sin eiendom til disposisjon i forbindelse med redningstjenestens øving. Samvirkeprinsippet er imidlertid et viktig uttrykk for den dugnadsånden som norsk redningstjeneste bygger på, og gir grunnlag for en forventning om at alle, herunder private grunneiere, bidrar og tar ansvar for redningstjenesten, ikke bare under redningsaksjoner men også under øvelser, for å sikre at redningsaksjonene skal kunne gjennomføres på en så effektiv, sikker og god måte som mulig.

Organisasjonsplan for redningstjenesten pkt. 1-3 definerer begrepet samvirkepartnere slik:

«Offentlige organer, frivillige organisasjoner og private virksomheter og personer som kan bidra med kompetanse, personell, materiell og/eller infrastruktur under redningsaksjoner.»

Adkomst til privat grunn under organiserte redningsøvelser fastsatt i øvingsplan, er et eksempel på type infrastruktur som kan anses å omfattes av samvirkeprinsippet.

Med henvisning til samvirkeprinsippet vil departementet derfor oppfordre grunneiere til å bidra til gjennomføring av redningsøvelser ved å tillate bruk av snøscooter når det er nødvendig for å gjennomføre slike øvelser.

For redningstjenestens reelle utrykninger/redningsoppdrag vil adgang til å bruke snøscooter og andre motoriserte fremkomstmidler over privat grunn følge av nødrettsreglene. Politiets adgang til å ivareta enkeltpersoners eller allmennhetens sikkerhet følger av politiloven § 7.

Med hilsen

Øivind Dannevig (e.f.)
avdelingsdirektør

Hege Feiring
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Kopi

ST 12/24 Referatsaker /
ST 13/24 Delegerede vedtak /
DS 1/24 Delegerede vedtak - dispensasjon - Breheimen NP - motorferdsel - snødekt mark - transport til hytte i Lundadalen - 2024 - 2028 - Ola Lundemo 2023/13950
DS 2/24 Delegerede vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - motorbåt - Lundadalsvatnet - Ola Lundemo 2023/13951
DS 3/24 Søknad - Breheimen NP - motorbåt - Lundadalsvatnet - Elling Rakstad 2023/15468
DS 4/24 Delegerede vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2027 - snødekt mark - Sottjønnebu - Grønstorbu - Glitterbu - Sauhytta - Skjåk Almenning 2023/9233
DS 5/24 Delegerede vedtak - dispensasjon - Breheimen NP - motorbåt - Lundadalsvatnet - Stein Magne Lundemo 2023/14849
DS 6/24 Delegerede vedtak - Høyrokampen NR - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - snødekt mark - transport av materialer og byggevarer - Bøvertjønne - Birger Eggen 2023/2107
DS 7/24 Delegerede vedtak - Mysubytta LVO og Breheimen NP - 2024 - Transport av materialer og utstyr til hytte ved Surtbyttvatnet - Morten Brekkum 2024/1323
DS 8/24 Delegerede vedtak - Breheimen NP - 2024-2027 - Uttak av ved - Morten Brekkum 2024/1345
DS 9/24 Delegerede vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2027 - snødekt mark - drift av turisthytter og kvisting av skiløyper - DNT Oslo og Omegn 2024/1162
DS 10/24 Delegerede vedtak - Breheimen Nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - Motorbåt - Lundadalsvatnet - Even Lundemo 2024/1475
DS 11/24 Delegerede vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - snødekt mark - montere solcelleanlegg - Sprongdalshytta - DNT Oslo og Omegn 2024/1349
DS 12/24 Delegerede vedtak - Breheimen Nasjonalpark - Dispensasjon - 2024 - 2027 - Motorferdsel - Motorbåt - Lundadalsvatnet - Lars Lundemo 2024/1467
DS 13/24 Breheimen nasjonalpark-dispensasjon-motorferdsel- 2024-2027-snødekt mark-Gravdalen-Fivlemyrane-Hydro Energi Sogn 2023/13613
ST 14/24 Eventuelt /